HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# MØTEINNKALLING

| | |
|---|---|
| **Utvalg:** | **Fellesnemnd for nye Volda kommune** |
| **Møtestad:** | **Voldsfjorden, Volda rådhus** |
| **Dato:** | **22.02.2018** |
| **Tid:** | **14:00** |

Medlemar som er ugilde i ei sak vert bedne om å gje melding, slik at varamedlemar kan bli kalla inn. Jf. § 8, 3. ledd i forvaltningslova.

Vi ber om at forfall vert meldt til dei respektive servicekontora i Hornindal og Volda.

Varamedlemar får saksdokumenta førebels berre til orientering. Dei får særskilt melding når dei skal møte.

HORNINDAL

VOLDA KOMMUNE

# SAKLISTE

| Saksnr. | Sak |
|---|---|
| PS 7/18 | **Godkjenning av innkalling og sakliste** |
| PS 8/18 | **Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte** |
| PS 9/18 | **Grensejustering i samband med kommunereforma – Bjørke** |
| PS 10/18 | **Interkommunale samarbeid - retningsval for nye Volda for det som gjeld tenestesamarbeid/produksjon** |
| PS 11/18 | **Orienteringssaker** |
| OS 12/18 | **Ny næring på gamle tufter - forprosjektsrapport** |
| OS 13/18 | **Framdriftsplan for Temakomité for nytt kommunenamn og heraldikk** |
| OS 14/18 | **Forslag til administrativ hovudstruktur** |
| OS 15/18 | **Utkast til reglement for Nye Volda kommune** |
| OS 16/18 | **Like vegnamn i Hornindal og Volda kommunar** |
| OS 17/18 | **Søknad om deltaking i partssamarbeid om digital kompetanse** |
| OS 18/18 | **Høyringsbrev - Endringar av politidistriktsgrenser** |

## PS 7/18 Godkjenning av innkalling og sakliste

## PS 8/18 Godkjenning av møteprotokoll frå forrige møte

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Asbjørn Moltudal | Arkivsak nr.: | 2017/1243 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 001 |

| Utvalsaksnr | Utval | Møtedato |
|---|---|---|
| 9/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 22.02.2018 |

## GRENSEJUSTERING I SAMBAND MED KOMMUNEREFORMA - BJØRKE

## Administrasjonen si tilråding:

**Med bakgrunn i utgreiinga om grensejustering vil Fellesnemnda ikkje vere overraska om Fylkesmannen i Møre og Romsdal og Kommunalministeren konkluderer med at Bjørke og Viddalen krins vert overført til nye Volda kommune.**

**Dersom det vert resultatet, vil nye Volda kommune ynskje innbyggarane velkomne til kommunen. Ein er og viss på at oppfølging og tenestekvalitet til innbyggarane i Bjørkeområdet vert ivareteke på ein trygg og god måte**

**Vedleggsliste:**

1. Skriv frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal vedkomande Grensejustering I Ørsta kommune – høyring d.s. 06.02.2018 m/vedlegg
2. Skriv til Bjørke Grendalag v/leiar Svein Magne Homberset Skjåstad d.s. 08.01.2018 frå Leiar i Fellesnemnda for nye Volda kommune.
3. Skriv frå Einar Saure om pensjonistar på Bjørke d.s. 19.01.2018

**Samandrag av saka:**

Fellesnemnda skal avgje fråsegn i saka om evt. grensejustering av Bjørke og Viddalen krins i Ørsta.

**Saksopplysningar/fakta:**

Etter prosess pågåande frå våren 2014 og fram til juni 2016 vedtok Volda og Ørsta kommunar i juni 2016 å ikkje slå seg saman frå 01.01.2020.

8. juni 2017 vedtok Stortinget samanslåing av Hornindal og Volda kommunar. Det blei samtidig vedteke at den nye kommunen skal høyre til Møre og Romsdal.

Departementet gav oktober 2017 fylkesmannen i oppdrag så raskt som mogleg å greie ut konsekvensar av ei grensejustering mellom kommunane Ørsta og Volda, for området Bjørke og Viddal.

Oppdraget blei gitt etter initiativ frå innbyggarar på Bjørke i Ørsta kalla seg «unge vaksne» , som fremja søknaden til fylkesmannen i oktober 2017.

Eventuelle grensejusteringar skal gjennomførast i samsvar med reglane i Inndelingslova. I dette høvet er det Kommunal- og moderniseringsdepartementet som tek den endelege avgjerda.

Etter oppstartmøte med Fylkesmannen 1.november 2017 vart det lagt ein slik framdriftsplan:

1. Infobrev og sjekkliste sendt ut i veke 47 2017
2. Faktagrunnlag sendt ut til kommunane og søkjarar i veke 47 2017
3. Frist for kommunane/supplere faktagrunnlag 18.12.2017
4. Frist for namnelister (+ alder og telefonnummer) 18.12.2017
5. Info.brev om gjennomføring av innbyggjarhøyring medio desember
6. Gjennomføring av innbyggjarhøyring veke 3 og 4 2018
7. Fullstendig faktagrunnlag og resultat frå innbyggjarhøyringa vert sendt til uttale i veke 5, 2018
8. Frist for uttale 1. mars 2018
9. Sluttmøte 21.mars 2018
10. Saksutgreiing og tilråding vert sendt over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet veke 12.

Fellesnemnda skal no som fylgje av framdriftsplanen avgje uttale til Fylkesmannen innan 1, mars.

I samband med denne grensejusteringa er det viktig at ein som grunnlag har eit framtidsperspektiv langt utover i dag, og at det allereie er gjort vedtak om at Hornindal og Volda kommune skal slå seg saman til Nye Volda frå 2020.

**FAKTAGRUNNLAG**

Fylkesmanen sin rapport om ein eventuell grensejustering mellom Ørsta og Nye Volda kommune inneheld ein faktadel og resultata av innbyggarundersøkinga. Under faktadelen er det teke inn informasjon om moglege grensejusteringar i Møre og Romsdal, tenestetilbodet og anna info. frå Møre og Romsdal fylkeskommune, innbyggartal, demografi, sysselsetjing og arbeidspendling, avstandar, bruk og behov for kommunale tenester

**Folketal og areal**
Det er i 2017 115 innbyggarar i Bjørke og Viddalen krins, noko som utgjer om lag 1 prosent av innbyggartalet i Ørsta kommune. Krinsen (det aktuelle grensejusteringsarealet) utgjer 142,7 km2 eller knappe 18 prosent av totalarealet i Ørsta kommune. Nye Volda kommune utgjer 739 km2. Tabellane på side 6-8 i Faktagrunnlaget.

**Arbeidsplassar og pendling.**
Vedlegg 7 i Fylkesmannen sitt faktagrunnlag er grunn til å lese litt nøye.
Av dei 62 som har arbeidsplass i ei av arbeidsstadskommunane og som har bustadadresse Bjørke og Viddalen, så kan det sjå ut som at 30 har sin arbeidsplass i Ørsta. Det stemmer vel for så vidt også men då er også Bjørke og Viddalen rekna som Ørsta. Når då 21 (17+4) av dei som har bustadadresse 1520 Ørsta arbeider i bygdene Bjørke og Viddalen gjev statistikken ikkje noko eintydig bilete av kor mange frå Bjørke og Viddalen som pendlar til andre krinsar i Ørsta eller motsett frå andre krinsar i Ørsta til Bjørke og Viddalen.

Statistkken gjev då eit slikt reknestykke på pendlinga;

| | |
|---|---|
| **Arbeider i bygdene Bjørke og Viddalen:** | **17 + 4 = 21** |
| **Arbeider i Volda kommune:** | **13 +** |
| Bjørke 13, frå Viddal – ein stad mellom 0 og 6 | |
| **Arbeider i andre kommunar:** | **13 +** |
| Bjørke: 13, frå Viddalen ein stad mellom 0 og 6 | |
| **Arbeider i Ørsta utanom bygdene Bjørke og Viddalen:** | **9 +** |
| Bjørke 23 – 17 = 6, Viddalen 7 – 4 = 3 | |
| (Gjev ikkje svar på kor mange som pendlar frå andre bygder i Ørsta til Bjørke og Viddalen) | |

**Kommunikasjonsforhold**
Dagens kommunikasjon har endra seg radikalt med den nye E39, Kvivsvegen og det er denne endra kommunikasjonen som gjorde kommunesamanslåinga Hornindal og Volda aktuell og som no også aktualiserer grensejustering for Bjørkesamfunnet. Ei evt. grensejustering vil isolert sett truleg ikkje ha særleg stor direkte innverknad på kollektivtrafikken til Bjørkeområdet. Likevel vil kommune-samanslåinga av Volda og Hornindal indirekte også kunne medføre konsekvensar for kollektivtrafikken til Bjørke då kravet til auka kollektivtilbod mellom Grodås og Volda vil kome.

**Offentlege tenester:**
Tabellen i vedlegg 6 frå Fylkesmannen syner at avstanden i minutt til dei fleste offentlege tenester frå Bjørke er under halvparten til Austefjorden og Grodås enn til Ørsta. Dette gjeld for dei fleste kommunale tenestene som barnehage, barne- og ungdomsskule, skulehelseteneste, omsorgssenter og legesenter. I tillegg vil framleis Hornindal og Volda kommune uavhengig av kommunegrenser vere næraste hovudinnsatsstyrke i høve til brannberedskap i Bjørkeområdet på grunn av avstand.

Det har vore ei målsetting i arbeidet med kommunesamanslåing frå sentralt hald, at ein så langt råd er ynskjer å redusere interkommunale selskap eller avtalar om tenesteutveksling mellom kommunar. Eit reiskap i så måte er å sjå på om gamle kommunegrenser i ei tid med annan kommunikasjon er til hinder for naturlege einingar for tenesteproduksjon.

Nye Volda er i startgropa på å etablere fibersamband mellom Volda og Grodås. Dette kan gi grunnlag for at ein kan lage avtappingspunkt der private utbyggjarar ev med offentleg tilskot kan byggje fiber til heimen i tilgrensande bygder.

**Økonomi;**
Med omsyn til tenesteytinga til innbyggjarane i Bjørke og Viddal krins vil dette verte fanga opp gjennom inntektssystemet, og slik sett er det i samsvar med prinsippet om økonomisk fordeling mellom kommunane. Det kan vere positive synergiar dersom tenestene vert samla innanfor ein kommune si tenesteportefølgje. For Ørsta er det faktorar utanfor inntektssystemet som har konsekvensar ettersom det er inntekter knytt til kraftanlegget til Tussa på Bjørke.

**Kultur og fritidsaktivitetar.**
Sjølv etter få år med den nye Kvivsvegen ser ein stor endring i interaksjonen mellom innbyggarane i Austefjorden, Bjørkeområdet og Hornindal/Grodås. Fleire frå Austefjord og Bjørke er aktive anten i bruk eller som friviljug i skianlegget i Hornindal og fleire tek del i idrettsaktivitet på idrettsanlegget med både fotballanlegg og idrettshall eller andre kulturaktivitetar i Grodås. Motsett ser ein også at fleire frå Grodås tek del i kulturaktivitetar som skjer i Bjørkeområdet spesielt sommartid. Ein ser også at stadig fleire i Austefjord og Bjørkeområdet utfører daglegvarehandelen sin på Grodås. Ein ser at Grodås i stadig større grad vert eit nærsenter for heile Austefjord/Bjørke og Grodåsområdet. Samferdsel utviklar samfunnet og endrar sosiale mønster mellom folk. Det tek ofte tid å tilpasse seg dette fullt ut for alle, men truleg vil samhandlinga og sosial aktivitet mellom innbyggarane i desse bygdene berre auke i åra framover.

**Lokaldemokrati:**
At innbyggarane har moglegheit til å velge dei lokale politiske leiarar som er ansvarlege for dei lokale og offentlege tenestene er ein del av kjernen i vårt demokratiske system.
Det er med på å bidra til at kommunen si leiing må ta omsyn til kva innbyggarane meiner om korleis kommunen fungerer som demokratisk organ, om dei tenestene som kommunen tilbyr og korleis pengar vert brukt.

Dersom ein ikkje er innbyggar i den kommunen desse tenestene vert levert, har ein såleis ikkje den moglegheita til påverknad som ein elles vil ha om ein er innbyggar i kommunen.

Med så mange av dei offentlege tenestene for innbyggarane i bjørkeområdet lokalisert til nye Volda vil det sjølvsagt vere fordel for innbyggarane der å ha størst mogleg påverknadskraft i forhold til dei tenestene som vert ytt.

**Næring:**
Viddal og Bjørke har stort potensial innanfor landbruk, reiseliv og naturbaserte næringar. Uansett kva kommune området vil liggje i, så vil dette vere ein del av Hjørundfjorden med innfallsport både mot sjøen og landbasert mot nye Volda, Stranda og Nordfjord. Grodås i Nye Volda er tenkt som kompetansebase for tilretteleggingsapparat for denne type næringar og samlokalisert med landbrukskontor i samarbeid med Ørsta og ev fleire kommunar. Det skal i løpet av kort tid leggjast fram prosjektrapport for dette næringsutviklingsprosjektet som er kalla Nye næringar på gamle tufter.

**Innbyggarundersøkinga:**
To av tre under 30 år på Bjørke vil til Volda medan meir enn to av 3 over 45 år vil bli i Ørsta.
Av dei under 45 år er det eit rimeleg klart fleirtal for overflytting til Volda medan det for aldersgruppa over 45 år er fleirtalet for å bli i Ørsta ennå større.

Innbyggarundersøkinga gav 93 svar, ein svarprosent på 92%. Av dei som har avgitt svar ynskte 56% å forbli i Ørsta kommune. 41% ynskte overflytting til ny Volda kommune, medan 3% svarte veit ikkje.
Med eit tal på avgitte svar som er på under 100 utgjer kvar person som har avgitt svar over 1%. Få stemmer i den eine eller den andre retninga utgjer såleis etter måten stor endring i prosent.

**Avsluttande kommentarar**
Dette er ei vanskeleg sak. Nye Volda og Ørsta vil uansett utfall vere integrerte samfunn der ein er avhengig av godt samarbeid for å utvikle regionen og sikre innbyggjarane i desse kommunane best mogleg tenester og framtid. Det er særleg viktig at dei som styrer og leier desse to kommunane finn fram til overordna visjonar og strategiar som samlar kommunane og styrkar posisjonen i høve til eit enda sterkare Ålesund, der ein både skal samarbeide og vere i sunn konkurranse med storkommunen Ålesund og naboregionar både i nord og sør. Grensejustering er ei konfliktsak med ulike meiningar der det er vanskeleg å skilje mellom kjensler og fakta. Nye Volda er bedt om å gi uttale i saka gjennom fellesnemnda. Det er naturleg å gi uttale ettersom nye Volda vil få ansvar for tenestyting og utvikling av Viddal/Bjørkeområdet dersom det skulle verte grenseendring. Nye Volda bør ikkje intervenere aktivt for ei slik endring, men

bør vere svært positiv om ei slik endring skulle verte realitet. Det er sjølvsagt ein grunn til sakshandsaminga og avgjerd i slike saker vert handtert av staten og ikkje overlatt til innbyggjarane og det lokale nivået. Staten skal vurdere alle omsyn, der målsettinga med kommunereforma nok vil vere ein del av avgjerdsgrunnlaget., jfr:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggjarane
- Heilskapleg og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og økonomisk robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Med bakgrunn i dei samla kriteriene grensejusteringa skal vurderast ut frå, så bør nye Volda vere budd på å at krinsen Viddal og Bjørke kan verte overført til nye Volda. Det er viktig at nye Volda i ein ev slik situasjon tek godt imot desse innbyggjarane og sikrar fullverdige gode tenester og ei positiv framtid.

**Utskrift av endeleg vedtak:**

**Fylkesmannen i Møre og romsdal**
**Volda kommune**
**Hornindal kommune**
**Ørsta kommmune**
**«Unge vaksne»-gruppa Bjørke**
**Grendalaget på Bjørke**

FYLKESMANNEN
I MØRE OG ROMSDAL

Saksbehandlar, innvalstelefon
seniorrådgivar Vigdis Rotlid Vestad, 71 25 84 47

Vår dato
06.02.2018
Dykkar dato

Vår ref.
2017/6249/FMMRVIVE/310
Dykkar ref.

adresseliste

## Grensejustering i Ørsta kommune - høyring

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har motteke eit innbyggarinitiativ med søknad om grensejustering. Søknaden gjeld utgreiing av grensejustering for grunnkrinsane Bjørke og Viddal i Ørsta kommune, med ønske om overflytting til nye Volda kommune.

Søknaden blei sendt over til Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) for vidare saksbehandling. KMD har etter dette gitt Fylkesmannen eit oppdrag om å utgreie konsekvensane av ei grensejustering for bygdene Bjørke og Viddal.

Fylkesmannen har gjennomført oppstartsmøte med søkarane og representantar for Ørsta og fellesnemnda for nye Volda kommune den 01.11. 2017. I dette møtet gjekk fylkesmannen gjennom saksgongen i utgreiingsarbeidet og milepælsplan med fristar.

Fylkesmannen har samla inn fakta om bygdene Bjørke og Viddal i Ørsta kommune frå mellom anna Møre og Romsdal fylkeskommune og SSB. Fylkesmannen har bedt Ørsta kommune om å supplere faktagrunnlaget etter ei sjekkliste. Fellesnemnda i nye Volda kommune blei også spurt om supplering av faktagrunnlag. Ørsta kommune har sendt over sine opplysningar til faktagrunnlaget.

På vegne av Fylkesmannen har Opinion AS i tidsrommet 15.01-30.01.2018 gjennomført ei innbyggarhøyring i form av telefonundersøking for innbyggarane i bygdene Bjørke og Viddal. Vi har i dag motteke resultatet frå innbyggarhøyringa.

**Fylkesmannen ber om følgjande vurdering frå Ørsta kommunestyre**

1. Kva konsekvensar vil det gi for Ørsta kommune at bygdene Bjørke og Viddal blir ført over til nye Volda kommune ?
2. Korleis vurderer kommunestyret resultatet frå innbyggarhøyringa ?

**Fylkesmannen ber i tillegg om uttale frå følgjande høyringspartar**

1. **Fellesnemnda i nye Volda kommune** gjer greie for sitt syn på ei eventuell grensejustering av bygdene Bjørke og Viddal over til nye Volda kommune.
2. **Møre og Romsdal fylkeskommune** uttalar seg til ei eventuell grensejustering av bygdene Bjørke og Viddal sett ut i frå eit regionalt perspektiv.

3. **Kartverket** vurderer om grensene som går fram av innbyggarinitiativet har god nok kvalitet som grunnlag for ny kommunegrense.

Frist for uttale er sett til **torsdag 1. mars 2018** og sendast til fmmrpostmottak@fylkesmannen.no.

Sluttmøte for søkarane, representantar frå Ørsta kommune, representant frå fellesnemnda i nye Volda kommune og representant for Bjørke grendelag er sett til:

**Stad: Molde, Fylkeshuset**
**Dato: 22.03. 2018**
**Tid: kl. 10.30 til 12.30**

Fylkesmannen gjer si vurdering og tilråding på bakgrunn av all informasjon som er motteke i saka. I følgje milepælsplana skal fylkesmannen sende tilrådinga til KMD **23. mars 2018.** Fylkesmannen vil same dag halde pressekonferanse om si tilråding.

**MERK: Relevante vedlegg til saka er samanfatta i eit vedlegg. Sjå vedleggsoversikt nedanfor.**

Med helsing

| | |
|---|---|
| Rigmor Brøste<br>ass. fylkesmann | Vigdis Rotlid Vestad |

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Vedlegg:

Kopi:

| | | | |
|---|---|---|---|
| Torbjørn Saure Hoel | Skjåstaddalen 484 | 6190 | BJØRKE |
| Svein Homberset | Skjåstad | 6190 | BJØRKE |

**Adresseliste:**

- Ørsta kommune
- Fellesnemnda i nye Volda kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Kartverket

**Oversikt over vedlegg til saka:**

1. Brev om vidare arbeid med grenseendringar frå KMD til Fylkesmannen, 09.05. 2017
2. Innbyggarinitiativ med søknad for bygdene Viddal og Bjørke, 22.09. 2017
3. Oversending av grensejusteringssøknad frå Fylkesmannen til KMD, 19.10. 2017
4. Oppdragsbrev frå KMD til Fylkesmannen, 25.10. 2017
5. Utsending av faktagrunnlag med sjekkliste, brev frå Fylkesmannen, 21.11. 2017
6. Oppdatert faktagrunnlag; reiseavstandar, 17.11. 2017
7. Oppdatert faktagrunnlag frå SSB; pendlarstatistikk, 06.02. 2018
8. Innsendt faktagrunnlag frå Ørsta kommune, 18.12. 2017
9. Innspel frå fellesnemnda i nye Volda
10. Infoskriv om innbyggarhøyring, 21.12. 2017
11. Rapport innbyggarhøyring, 06.02. 2018

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

Bjørke Grendalag v/leiar Svein Magne Homberset Skjåstad (epost)

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2017/1243 | 446/2018 | 001 | SVK/ SONHAV | 08.01.2018 |

**BJØRKE OG NYE VOLDA**

Skisse til vedtak i fellesnemnda i samband med Bjørke-prosessen.

Om Bjørke-området blir ein del av nye Volda:

1. Nye Volda vil overta forpliktingar som Ørsta kommune har i dag i området inklusive planlagd vegutbygging, mobilnett investering, beredskapsbåt m.m. og ansvar for alle kommunale tenestetilbod og ansvarsområde.
2. Volda kommune har i 2018 iverksatt strategi for klimatilpassa asfaltering m.m. av kommunale vegar, dette vil bli utvida til heile nye Volda. Tilsvarande er andre klimaretta tiltak under planlegging og iverksetting.
3. Nye Volda har fått statlege midlar til fiberutbygging som i samarbeid med lokale bedrifter, innbyggarar og organisasjonar, kan gi fibertilgang/høghastigheitnett til alle føretak og bustadar i kommunen. Digitalisering er ein av tre hovudstrategiar for nye Volda.
4. Nye Volda har næringsutvikling som hovudstrategi og vil satse på oppbygging og utviding av rettleiing og anna støtte til etablerarar og føretak, med spesielt fokus på bygdenæringar inklusive reiseliv. Grodås vil vere base for denne verksemda. Nye Volda vil aktivt delta i planlegging og gjennomføring av utviklingstiltak i Hjørundfjordområdet.
5. Nye Volda vil oppretthalde og vidareutvikle Grodås som senter for kommunale tenester for indre del av nye Volda. Dette gjeld kulturtilbod, barnehage, skule, helsesenter, lege, sjukeheim, omsorgsenter, base for heimebaserte tenester m.m. Legeheimlar og helsetilbod (fysioterapi, frisklivssentral) skal fortsatt vere på Helsehuset i Hornindal.
6. Grodås skal stimulerast gjennom å vere lokalt knutepunkt ved bruk av servicetorg, og plassering av publikumsretta og andre tenester som det er naturleg ligg desentraliserte. Ein skal ha representasjon knytt til landbruk, NAV og sosiale tenester.
7. Nye Volda vil oppretthalde fullverdig brannstasjon på Grodås og i tillegg tekniske tenester og infrastruktur ut frå behova for indre del av nye Volda. Lokalt brannvern vil bli oppretthalde.

8. Nye Volda vil samarbeide aktivt med Møre og Romsdal fylkeskommune for å forbetre offentlege kommunikasjonar også for indre del av kommunen.
9. Volda kommune arbeider med arealdelen av kommuneplanen og prosessen vil frå 1.1.2020 omfatte heile kommunen. Det skal arbeidast for løysingar som gjer den nye kommunen til ein reell felles bu og arbeidsregion.

Dette er ei felles tilslutning frå fellesnemnda for nye Volda

Med helsing

Stig Olav Lødemel
leiar fellesnemnda nye Volda

Kopi til:
Ørsta kommune
Kontaktperson for initiativtakarane for søknad om utgreiing av grensejustering, v/Torbjørn Saure Hoel
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

For journalføring

**Fra:** Einar Saure [mailto:einar.saure@gmail.com]
**Sendt:** 19. januar 2018 22:33
**Til:** Rune Sjurgard <Rune.Sjurgard@volda.kommune.no>
**Kopi:** fmmrvive@fylkesmannen.no
**Emne:** Skriv om pensjonistar på Bjørke

Eg ser i Møre at ein anonym har sendt brev til rådmannen i Volda at alle pensjonistane på Bjørke (24 stk.) har sett for seg at dei skal til Sæbø om dei må på gamleheim. Dersom dette blir lagt ved sakspapira vil eg gjere merksam på at dei fleste pensjonistane som har flytta frå Bjørke i det siste har flytta til Ørsta eller Volda, og mange vil velgje det også i framtida.
No kan vi som vil bo nærmare familien med tanke på besøk velgje Grodås som ligg berre 15 minutt heimanifrå. Til Sæbø er ein time og femten minutt.
Dette er ikkje eit debattinnlegg om Volda eller Ørsta, eg debaterer ikkje med anonyme, men det er ein protest mot usanne og missvisande opplysningar.

Einar Saure
6190 Bjørke.

Kopi til fylket.

HORNINDAL KOMMUNE

VOLDA KOMMUNE

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Rune Sjurgard | Arkivsak nr.: | 2018/316 |
|---|---|---|---|
| | | Arkivkode: | 026 |

| **Utvalsaksnr** | **Utval** | **Møtedato** |
|---|---|---|
| 10/18 | Fellesnemnd for nye Volda kommune | 22.02.2018 |

## INTERKOMMUNALE SAMARBEID - RETNINGSVAL FOR NYE VOLDA FOR DET SOM GJELD TENESTESAMARBEID/PRODUKSJON

**Administrasjonen si tilråding:**

**Fellesnemnda vedtek at retningsvalet for interkommunalt samarbeid om tenesteproduksjon skal vere søre Sunnmøre og Sunnmøre. Prosjektadministrasjonen vert beden om å førebu oppseiingar og reforhandlingar av avtaler for endeleg vedtak i fellesnemnda.**

**Fellesnemnda kjem attende til nærare avklaring av interkommunale interessesamarbeid og utviklings-/næringssamarbeid.**

## SAMANDRAG AV SAKA:

Det er behov for å få eit retningsval for interkommunale samarbeid for kommunal tenesteproduksjon. Eit tidleg retningsval er nødvendig for å ha tid til å gjere nødvendige førebuingar omkring oppseiingar og reforhandlingar av avtalar mv. IKT og digitalisering er område med mykje førebuingar og tilrettelegging, og det må tidleg avklarast retningsval for å

kunne kome i mål med dette arbeidet til den nye kommunen vert etablert. Det har m.a vore purra på å få eit slikt retningsval for å få framdrift i IKT-tilrettelegginga.

Ut frå ei samla vurdering rår prosjektleiaren til at nye Volda har interkommunale samarbeid om tenesteproduksjon med kommunane på Søre Sunnmøre. Politisk interessesamarbeid og utviklingssamarbeid vert å kome nærare attende til, og her kan det også vere rom for å vurdere ulike retningar.

**SAKSOPPLYSNINGAR/FAKTA:**

**Interkommunal tilknytning i dag**
Volda og Hornindal ligg i ulike fylke og har ulik regiontilhøigheit for interkommunale samarbeid. Volda ligg i Møre og Romsdal og har i alle hovudsak alle interkommunale samarbeid knytt til Søre Sunnmøre og nokre samarbeid saman med dei øvrige Sunnmørs-kommunane. Volda kommune er medlem av Sunnmøre regionråd.
Hornindal har i all hovudsak interkommunale samarbeid saman med Nordfjord-kommunane, og er medlem i Nordfjordrådet.
Det som no er dagens Volda og Hornindal skal opphøyre 31.12.19 og skal erstattast av nye Volda frå 01.01.20. Fellesnemnda må ta stilling til kva samarbeid den nye kommunen skal delta i. Dette inneber både ei vurdering av kva område ein treng å samarbeide om, samt kva retning ein skal samarbeide.

**Bakgrunnen for samarbeid**
Interkommunalt samarbeid er utbreidd. Behovet for å samarbeide om oppgåver har samanheng med at ein innanfor enkelte tenesteområde kvar for seg vert for liten. Ved å samarbeide oppnår ein styrka fagmiljø og ofte også betre ressursutnytting. Dette var også eitt av argumenta i kommunereforma om behovet for større kommunar.

**Organisering**
- Interkommunale samarbeid vert organisert etter ulike lover:
- Kommunelova § 27 Interkommunale samarbeid med eige styre
- Kommunelova § 28 Vertskommunesamarbeid med eller utan politisk nemnd
- Lov om interkommunale selskap
- Lauselege samarbeidsavtalar

Samarbeid med eigne avtaler eller vedtekter forankra i lovverket er såkalla eigne juridiske personar og har ei meir sjølvstendig rolle etter delegering få kommunestyra. I vertskommunesamarbeid så er det vertskommunen som forvaltar oppgåva på vegne av samarbeidskommunane.

Kritikken mot interkommunalt samarbeid er at desse organisasjonane ikkje vert styrt av direkte valde politikarar. Ulike styre kan vere samansett av administrative leiarar eller av politikarar som ikkje har andre sentrale verv i kommunen.

**Ulike type samarbeid**
Ein kan dele dei interkommunale samarbeida inn i tre hovudområde:

Tenesteproduksjon
Dette er samarbeid om kommunal tenesteproduksjon, som td pedagogisk/psykologisk teneste, barnevern, datadrift mv. Samarbeid som gjeld primærtenester er publikumsretta og må organiserast slik at dei er tilgjengelege for innbyggjarane. Støttetenester som t.d datadrift, ev rekneskap, løn mv kan i prinsippet organiserast noko meir uavhengig. Samtidig er desse

tenestene støtte til primærtenesta og drifta, og det må derfor vurderast kva som er praktisk tenleg når det gjeld organisering av støttetenestene.

Interessepolitisk
Dette er felles interessepolitikk innanfor eit geografisk område. Slikt samarbeid kan ha faste former ved organisering av td regionråd, men det kan også vere meir adhoc-prega ut frå sak. I slike saker kan det også variere kva kommunar som er med. Ofte oppstår slike adhoc-samarbeid når det oppstår ein trussel utanfrå, som gjeld td lokalsjukehuset, tingretten, samferdselsprioriteringar mv. Det kan også gjelde saker der ein vil mobilisere for lokalisering av statlege arbeidsplassar mv.

Utviklingsarbeid/næringsarbeid
Dette gjeld i hovudsak samarbeid rundt næringsutvikling og samfunnsutvikling med virkemiddelapparat og handlingsplanar som er kopla opp mot lokale og regionale strategiar. I enkelte samanhengar, når samarbeidet ikkje er for stort og ein har godt avstemte felles strategiar, kan regionråd fungere som slike utviklingsorgan.

Oversikt over nokre sentrale interkommunale samarbeid som Hornindal og Volda er med i:

| **Tenesteproduksjon** | **Hornindal** | **Volda** |
|---|---|---|
| Renovasjon | Nomil (IKS)Hornindal har 3.8% eigarskap | Volda/Ørsta reinhaldsverk (IKS) Eigarskap 50/50) |
| Datadrift | Nordfjordnett | Søre Sunnmøre IKT (§27) |
| Barnevern | Hareid/Ulstein/Ørsta/Volda/ Hornindal (vertskommune) | Hareid/Ulstein/Ørsta/Volda/ Hornindal (vertskommune) |
| Nattlegevakt | Hornindal har felles legevakt med Eid/Stryn/Vågsøy/Selje (16.00 – 08.00 og helg) | Hareid/Ulstein/Sande/Herøy/ Ørsta/Volda (vertskommune) |
| Kontrollutvalssekretariat | SEKOM (felles for Nordfjord og Sunnfjord vertskommunesamarbeid) | Vest kontrollutvalssekretariat (§ 27) |
| Revisjon | Kommunerevisjonen i Nordfjord (§27) | Revisjonen for Søre Sunnmøre (IKS) |
| PPT | Stryn og Hornindal (IKS) | Hareid/Ulstein/Ørsta/Volda (vertskommune) |
| Nav | Hornindal | Ørsta/Volda (vertskommune) |
| Landbrukskontor | Hornindal | Ørsta/Volda (vertskommune) |
| Arkivsamarbeid | Hornindal | IKA Møre og Romsdal (IKS) |
| Arbeidsgjevarkontroll | Hornindal | Sunnmøre (vertskommune) |
| Beredsskap mot akutt forurening | Nordfjord IUA (Interkommunalt utval) | IUA Sunnmøre (§ 27) |
| Kommuneoverlege | Hornindal | Ørsta/Volda (vertskommune) |
| Dagsenter for | Kjøp av tenester frå Stryn | Ørsta/Volda |

| | | |
|---|---|---|
| utviklingshemma | | (vertskommune) |
| Overgrepsmottak | Sogn og Fjordane (§27) | Sunnmøre (vertskommune) |

| **Interessesamarbeid** | **Hornindal** | **Volda** |
|---|---|---|
| Regionråd | Nordfjordrådet | Sunnmøre regionråd IKS |
| Friluftsråd | Nordfjord (under etablering) | Sunnmøre Friluftsråd (frå 2018) |
| Politiråd | Hornindal og Stryn | Volda/Ørsta (Søre Sunnmøre) |
| Faglege tenestenettverk (helse/omsorg, oppvekst mv) | Nordfjord | Sjustjernesamarbeidet Søre Sunnmøre |

| **Utvikling/næring** | **Hornindal** | **Volda** |
|---|---|---|
| Reiselivsdestinasjonsselskap | Visit Nordfjord | Ikkje medlemsskap |
| Flyplassgruppa | | Utval frå kommunar og næringslivet på Søre Sunnmøre |

Tabellane er ikkje uttømande, men viser dei fleste interkommunale samarbeida. På bakgrunn av at Hornindal er ein mindre kommune har ein etablert samarbeid på område der Volda i dag har eigne tenester. Dette gjeld m.a:

- Kreftkoordinator. Hornindal har interkommunalt samarbeid med kommunane Vågsøy,Selje,Eid og Stryn.
- Øyeblikkeleg hjelp døgntilbod. Hornindal har interkommunalt samarbeid med kommunane Vågsøy,Selje,Eid og Stryn.

Dette er tenester der den nye kommunen ikkje vil ha behov for å ha interkommunalt samarbeid.

Kostnadsdelinga kan variere ut frå kva samarbeid det gjeld. Kostnadsfordelingsmodellane er ikkje like i samarbeidet i Nordfjord og Søre Sunnmøre. Enkelte samarbeid er fordelt etter antal innbyggjarar eller etter andel brukarar som tenestesamarbeidet gjeld. Ein peikepinn på kommunane sin utgiftsdel er å sjå på kor stor andel innbyggjartalet utgjer i høve til det samla innbyggjartalet i kommunesamarbeidet.
Hornindal sitt innbyggjartal utgjer **4,1%** av totalt innbyggjartal i Nordfjordsamarbeidet.
Volda sitt innbyggjartal utgjer **18,9 %** av totalt innbyggjartal for kommunane på Søre Sunnmøre.

Renovasjonsselskapa er dei samarbeida der kommunane har gjort størst investeringar i infrastruktur. Volda eig 50 % i Volda og Ørsta reinhaldsverk.

### Kriterier

Ved samanslåing av kommunar som har felles interkommunalt samarbeid frå før, så treng ein ikkje ta stilling til retning for interkommunalt samarbeid i den nye kommunen. Hornindal og Volda har først etablert interkommunalt samarbeid etter at det vart gjort vedtak om samanslåing. I all hovudsak har desse kommunane samarbeid i ulik retning. Hornindal har samarbeid saman med Nordfjordkommunane, og Volda har i all hovudsak samarbeid med kommunane på Søre Sunnmøre. Når ein skal vurdere samarbeidsløysingar for nye Volda er det naturleg å ta utgangspunkt i nokre sentrale kriterier:

Region-/fylkestilhøyrigheit
Kva fylke vert den nye kommunen heimehøyrande i? Kva fylkeskommune har ansvar for dei fylkeskommunale tenestene overfor innbyggjarane i nye Volda, regional utvikling mv?
Kva fylkesmannsembete høyrer ein til, jfr tilsyn, kontroll, fagleg rådgjeving mv?
Kvar vil den nye kommunen sortere i høve til statlege regiontenester, som t.d helseforetak, Statens Vegvesen, Nav, Buf-etat, Arbeidstilsyn, Mattilsyn, politi, domstol mv?
Kvar ligg den regionale tilknytninga med omsyn til felles bu-/service-/arbeidsmarknad (td statistikk på handel, pendling mv)?

Økonomi
Det kan variere korleis den enkelte avtale og vedtekter regulerer utmelding av samarbeid. Samarbeidskommunar har ikkje interesse i at enkeltkommunar melder seg ut ettersom det medfører at dei attverande kommunane vert sitjande med større kostnader til fordeling. I stor grad vil utmelding frå eit samarbeid og innmelding til eit anna samarbeid innebere at ein må gå frå det gamle samarbeidet og avskrive tidlegare investeringar som tap, samt gå inn med kapital for å kjøpe seg inn i det nye samarbeidet. Det er særleg innanfor renovasjon og datasamarbeid dette representerer større kostnader. For vanlege tenestesamarbeid er det som regel ikkje gjort større investeringar.
Når det gjeld kostnadene med å delta i driftssamarbeid, så bør nye Volda som samarbeidskommune stille krav om effektiv drift uavhengig av kva samarbeid ein er med i.

Kompetanse/fagmiljø
Bakgrunnen for interkommunalt samarbeid er ofte behovet for å etablere større fagleg miljø for å handtere spesialiserte tenester. Ein viss storleik gir større fagleg miljø. Samtidig vil det vere ei grense for kor stort eit samarbeid kan vere for at det skal kunne fungere effektivt.

Konsekvensar for samarbeidskommunar
For samarbeid som dekkjer alle kommunane i regionen, vil som regel ikkje samarbeidet bryte saman dersom ein kommune trekkjer seg ut. Der samararbeidet dekkjer berre to kommunar, vil den eine kommunen som vert ståande att måtte drifte dette sjølv når den andre trekkjer seg ut.

## VURDERING OG KONKLUSJON

### Vurdering av retningsval
Intensjonsavtalen har som målsetting at den nye kommunen ivaretek flest mogleg av oppgåvene sjølv. Den nye kommunen vil ikkje verte nokon stor kommune, og det vil uansett vere behov for ein del interkommunalt samarbeid. Interkommunalt samarbeid er ressurskrevjande. Når ein skal vurdere framtidig organisering, så må ein også sjå det i lys at det kan gjerast så effektivt som mogleg. Møte og samarbeidsarenaer bør samordnast for å nytte ressursane mest mogleg effektivt. Dette har også samanheng med at ein tek eit retningsval der ein samlar samarbeid om tenesteproduksjon i eit mest mogleg samla miljø og ikkje spreier seg på ulike samarbeidskonstellasjonar. Dette handlar om nye Volda skal delta i interkommunale samarbeid med kommunane i Nordfjord og Førderegionen eller med kommunane på søre Sunnmøre og Sunnmørsregionen. Større samarbeid som naudsentral, krisesenter, overgrepsmottak, interkommunale arkiv, IUA mv omfattar større regionar.

IKT-samarbeid omfattar i dag ikkje berre drift av serverarar, infrastruktur og hardware. Dette omfattar no også felles strategiar for å digitalisere og utvikle tenestene, der samarbeidande kommunar har same applikasjonar og plattformer for å samarbeide om utvikling, innføring og opplæring for å gjennomføre digitalisering. Dette er ein modell som er vanleg over heile landet for mindre og mellomstore kommunar som ikkje kan gjere dette heilt i eigen regi. Utviklinga på

dette området skjer svært raskt, og fagprogramma og dei ulike applikasjonane har stadig kortare levetid. Samanhengen mellom IKT drift og tenesteutviklinga i kommunane gjer at det er nødvendig at interkommunalt driftssamarbeid må vere med dei same kommunane der ein samarbeider om tenestesamarbeid. Prosjektleiaren har i utgreiinga også søkt råd hos den nytilsette digitaliseringsrådgjevaren når det gjeld interkommuanalt samarbeid om IKT og digitalisering.

Nye Volda vert i Møre og Romsdal fylke med tilsvarande tilknytning til regional statsforvaltning og helseforetak, samt fylkesmannen i Møre og Romsdal som tilsynsmynde og statleg faginstans mot primærtenestene. Vidare er Møre og Romsdal fylkeskommune regionale utviklingsaktør og skal yte fylkeskommunale tenester til innbyggjarane i nye Volda. Dette er svært tungtvegande for at nye Volda må rette sitt tenestesamarbeid til kommunar som ligg innanfor same tenesteregion. Det vil også vere utenkeleg at nye Volda, med 10 minutt mellom kommunesentra Volda og Ørsta, skal trekkje opp ei grense i Furene og leggje samarbeidet om tenestene for innbyggjarane til Nordfjord og Førderegionen.

Økonomisk vil det også verte dyrare dersom nye Volda skulle orientere seg vekk frå dei samarbeida som Volda kommune har etablert. I praksis vil avslutning av samarbeid i hovudsak innebere at ein ikkje får med seg midlar ut av samarbeidet, og ein må kjøpe seg inn i nytt samarbeid ut frå storleik. Tapet ved å gå ut av samarbeid som Hornindal har i Nordfjord vil såleis vere mindre enn om ein går ut av samarbeid som Volda har med søre Sunnmøre.

Når det gjeld kompetanse og fagmiljø, så er samarbeida i Nordfjord og Søre Sunnmøre om lag like store. Ein bør derfor vurdere desse samarbeidsinstitusjonane som nokså likeverdig kompetansemessig. Det er ei usikkerheit i Nordfjord om det faglege miljøet kan verte redusert om nye Kinn kommune orienterer seg sørover mot Sunnfjord. Det er ikkje utenkjeleg ettersom Florø kan verte tyngdepunktet i den nye kommunen.

Konsekvensar for samarbeidskommunar vil særleg gjelde reinhaldsverket VØR med tunge investeringar og anleggsverdiar der Volda og Ørsta eig 50 % kvar. Dersom nye Volda trekte seg ut av selskapet, ville selskapet måtte opphøyre og Ørsta kommune måtte handtere dette åleine. Det vil ikkje vere realistisk.

Ut frå ei samla vurdering rår prosjektleiaren til at fellesnemnda vedtek at retningsvalet for samarbeid om kommunal tenesteproduksjon er søre Sunnmøre og Sunnmøre. Når det gjeld politisk interessesamarbeid og utviklings-/næringssamarbeid, så kjem ein attende til dette. Her kan det vere rom for også å gå i ulike retningar.

**Regional utvikling i framtida**

Nye Volda må ta stilling til dei konkrete interkommunale samarbeida med sikte på kva samarbeid ein skal vere ein del av frå 2020. Dette er det kortsiktige og likevel nødvendige perspektivet. I det langsiktige perspektivet, bør ein byggje politiske alliansar for å utvide samarbeida i ein større region når dette kan vere tenleg. Det er samferdselsløysingane som styrer korleis samfunn skal oganiserast. Folk sine kontaktnett, arbeidspendling og daglege vaner rettar seg etter kvar dei lettast kan ta seg fram i den regionale geografien. Nordfjord og Søre Sunnmøre vil etter kvart i større grad verte ein felles bu- og arbeidsmarknadsregion. Ein slik utvida region kan oppretthalde og byggje ut regionale funksjonar som i stor grad vil vere sjølvforsynt. I eit slikt perspektiv kan ein i framtida også tenkje ei utviding av interkommunale samarbeid, og kanskje også utfordre nye behov for endring i den regionale inndelinga der ein ser dette i ljos av regionen som eit samla funksjonelt samfunnsområde i etter kommuneereforma sin intensjon.

**Prosessen med interkommunale samarbeid**
Prosjektleiaren presenterte tematikken og aktuelle problemstillingar for fellesnemnda 1. februar. I denne saka vert fellesnemnda utfordra på å ta eit retningsval for samarbeid som gjeld kommunal tenesteproduksjon. Når dette er gjort må ein starte det praktiske arbeidet med oppseiing av avtaler knytt til samarbeid som skal avviklast, samt vurdere reforhandling av avtalar i dei samarbeida som nye Volda skal vere ein del av.

**Utskrift av endeleg vedtak:**
Prosjektleiar
Rådmannen i Hornindal
Arbeidstakarorganisasjonane i Volda og Hornindal

**PS 11/18 Orienteringssaker**

# Ny næring på gamle tufter

## Forprosjektrapport




Metafor

# 1 INNHALD


**FORORD** .... **4**

**SAMANDRAG, FØRESLÅTT VIDAREFØRING OG NOKRE GRUNNGJEVINGAR** .... **5**

BAKGRUNN .... 5
MÅLSETTINGAR I FORPROSJEKTET .... 5
GJENNOMFØRING AV FORPROSJEKTET .... 5
FORESLÅTT VIDAREFØRING .... 5
*Innhald* .... *6*
*Namn* .... *6*
*Organisering, lokalisering og arbeidsmåtar* .... *6*
*Tidsperspektiv* .... *7*
*Økonomi* .... *7*
NOKRE GRUNNGJEVINGAR .... 8

**INNLEIING** .... **9**

BAKGRUNN .... 9
*Supplerande statistikk* .... *11*
MÅL FOR FORPROSJEKTET .... 12
RAMMA FOR FORPROSJEKTET .... 12

**GJENNOMFØRING AV OG RESULTAT FRÅ PROSJEKTET** .... **12**

KARTLEGGING AV AKTØRAR .... 12
*Næringsdrivande og organisasjonar* .... *12*
*Relevante verkemiddelaktørar* .... *13*
*Gode eksempel og førebilete* .... *14*
RESULTAT FRÅ INTERVJU .... 15
*Utfordringar* .... *15*
*Moglegheiter og idear* .... *16*
IDÉSAMLING PÅ SMIA .... 16
OM FORANKRING .... 17

**OPPSUMMERING OG NOKRE REFLEKSJONAR** .... **18**

MOGLEGHEITENE ILLUSTRERT .... 18
MANGESYSLERIET OG SMÅ BEDRIFTER ER VIKTIGE FOR REGIONEN .... 18
NOKRE FØRESETNADER I DET VIDARE ARBEIDET .... 19
STOR SEMJE .... 20

**VEDLEGG 1: STIKKORDOVERSIKT INTERVJU** .... **21**

**VEDLEGG 2: RAPPORT FRÅ IDÉMØTE PÅ SMIA 9. JANUAR, 2018** .... **24**

UTKAST

# 2 FORORD

Dette forprosjektet er eit bi-resultat av kommunereformprosessane. Volda og Hornindal skal slå seg saman og korta vert lagt på nytt i det som vert Nye Volda kommune. I tillegg har kommunereformprosessen ført til at kommunar har hatt samtalar med grannane om «eitt og hitt», sams moglegheiter og utfordringar.

Ei slik moglegheit er utvikling av naturbaserte næringar i breitt. Det vil seie næringsverksemd i skjeringsfeltet mellom landbruk, natur, kultur og turisme - eit felt regionen har gode føresetnader for å utvikle. Det er nettopp desse næringane som faller mellom fleire stolar dette forprosjektet handlar om.

Vi vil takke Sunnmøre Kulturnæringshage for oppdraget. Martin Foldal har alltid vore på pletten når det har vore behov.

Vi vil takke kommunane Volda, Ørsta, Hornindal og Stranda for samarbeidet.

Vi vil takke DEG som på andre måtar har bidrege inn i prosjektet med informasjon, møte, intervju og anna.

Vi vil også ønskje lykke til med det vidare arbeidet med ei spennande næring!

Else Ragni Yttredal — Kirsti Pernille Indreeide

Prosjektleiar — Prosjektmedarbeidar

Metafor

www.metaforen.no

# 3 SAMANDRAG, FØRESLÅTT VIDAREFØRING OG NOKRE GRUNNGJEVINGAR

## 3.1 BAKGRUNN

Kommunereformprosessane har vist at kommunane Hornindal, Stryn, Volda, Ørsta, og Stranda har sams interesser, utfordringar og moglegheiter knytt til næringsretta bruk av areal. Innanfor landbruket er talet gardsbruk på veg nedover og attgroing og avfolking truar. I området er samstundes kjende reiselivsdestinasjonar som Geiranger, Hellesylt, Stryn, Loen og Hjørundfjord.

Erfaringar har vist at det er store moglegheiter knytt til næringsutvikling i skjeringsfeltet mellom landbruk, kultur og reiseliv og mange nye bedrifter er i ferd med å etablere seg. Det eksisterande verkemiddelapparatet er ikkje innretta mot desse bedriftene som treng kompetanse frå fleire ulike felt. Naturbaserte næringar faller også ofte mellom dei sektororganiserte tilskotsordningane, eller faller gjennom fordi dei vert vurderte til ikkje å ha stort nok vekstpotensial. På mange måtar vert desse bedriftene liggande i eit «ingenmannsland» med lite støtte frå omverda samstundes som dei utgjer viktig næring og tilleggsnæring for å oppretthalde busetting i bygdene. Det er naudsynt å få «noko til å skje» på dette feltet. Eit felt som er viktig for framtidig vekst og busetnad i regionen.

## 3.2 MÅLSETTINGAR I FORPROSJEKTET

Sentrale mål for forprosjektet har dermed vore:

1. «I tett samarbeid med aktørar å utvikle kunnskap om tilhøva i området (kva som er etablert – erfaringar m.m.) og systematisk analysere sterke og svake sider og moglegheiter og truslar.
2. Kartlegge og mobilisere aktuelle utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging.
3. Saman med utviklingsaktørar i området, utvikle strategiar for utvikling og innovasjon og utvikle detaljert prosjektplan for hovudprosjektet fram til 1. januar, 2020.
4. Setje i gang konkrete tiltak på område der dette er føremålstenleg.» (Sitat frå forprosjektskisse.)

## 3.3 GJENNOMFØRING AV FORPROSJEKTET

Forprosjektet hadde i utgangspunktet ei forholdsvis brei innretning, nemleg å sjå på moglegheiter og utfordringar innafor dette feltet meir generelt. Forprosjektet kan seiast å ha hatt fire hovudbestanddelar:

- Kartlegging
- Idèsamling
- Diskusjonar og forankring
- Oppsummeringar og anbefalingar for vidareføring

Alle delane er nærare skildra i hovuddelen av rapporten og i vedlegg.

## 3.4 FORESLÅTT VIDAREFØRING

Forprosjektet foreslår ei vidareføring av arbeidet for å fremje naturbaserte næringar gjennom å etablere ei utviklingseining med fokus på «naturbaserte næringar» i breitt. **Omfatta av omgrepet «naturbaserte næringar» er bedrifter innafor landbruk, natur, kultur og reiseliv og bedrifter i skjeringsfeltet mellom desse.**

Utviklingseininga skal fungere som ei «førstelineteneste» ut mot næringsdrivande.

#### 3.4.1 Innhald

- Målsetting: Sikre eksisterande og utvikle nye arbeidsplassar innafor naturbaserte næringar i breitt i kommunane Stranda, Ørsta, Volda, Stryn og Hornindal.
- Fokus både på «næringshagefunksjonar» som innovasjon og gründerverksemd og på mangesysleriet som ein viktig byggestein for busetting i regionen.
- Satsingsområde for utviklingseininga:
    a. Nettverk, kompetanse og motivasjon
    b. Støttefunksjonar for næringsdrivande til dømes innafor sal, økonomi, administrasjon, strategiutvikling, søknadar og fagkompetanse
- I startfasen fokus på: 1. Å få (systematisert) oversikt og kontakt med bedrifter og enkeltpersonar i næringa, men også verkemiddelapparatet. 2. «Å få noko til å skje.» Vi foreslår å starte med ei samling på Grodås der næringsdrivande innafor dette feltet vert inviterte til å presentere seg og det dei held på med og konkret starte utviklinga av nettverk, kunnskapsutveksling, produkt eller produktpakkar alt etter kva som er aktuelt.

#### 3.4.2 Namn

- Smia utvikling. Namnet vert nytta som ein arbeidstittel i denne rapporten.

#### 3.4.3 Organisering, lokalisering og arbeidsmåtar

- Ei utviklingseining, med «næringshagefunksjonar» på kommunehuset «Smia» i Hornindal. Det vil seie tilbod om kontorplass og samlokalisering av bedrifter der dette er aktuelt.
- Utviklingseininga skal vere ei underavdeling av Sunnmøre kulturnæringshage, med eige budsjett, økonomiansvar og lokalisering.




*Figur 1: Organisering av Smia utvikling som ei underavdeling av Sunnmøre kulturnæringshage.*

- Eininga skal vere ei «førstelineteneste» og nytte ei «nedanfrå-og-opp» tilnærming med vekt på oppsøkande arbeid og mobilitet. Derfor legg vi også opp til at «Smia» har eigen bil.
- I oppstartfasen ein tilsett som frå 2020 vert utvida til to tilsette
- I tillegg tilsette på prosjekt finansiert ved søknadar om prosjektmidlar

- For å sikre god samordning og utveksling av kompetanse vert det lagt opp til:
    a. Ein kontordag i veka for Sunnmøre Kulturnæringshage avdeling Volda i Hornindal
    b. Ein kontordag i veka for Sunnmøre Kulturnæringshage avdeling Hornindal i Volda
    c. Ein kontordag i veka for landbrukskontoret i Ørsta ved avdelinga i Hornindal
    d. HoppID funksjon knytt til eininga
- Utviklingseininga skal dekkje kommunane Ørsta, Volda, Hornindal, Stryn og Stranda.

#### 3.4.4 Tidsperspektiv

- Oppstartfase: 1. august, 2018 til 31. desember 2019
- Driftsfase: 1. januar 2020 –

#### 3.4.5 Økonomi

For å illustrere kostnader og finansiering har vi under laga eit røft budsjett. Dersom satsinga vert organisert innunder Sunnmøre kulturnæringshage vert det berre totalsummen kommunane må halde seg til i ein langsiktig samarbeidsavtale.

Vi vil streke under at langsiktig finansiering for minimum ei stilling er avgjerande for å få dette til. Ein får ikkje ønskt effekt dersom tilsette på Smia må bruke mykje av si tid på å skaffe prosjektmidlar for å finansiere si eiga stilling. Går alle kommunane saman om finansiering bør det også vere mogleg å finansiere to faste stillingar.

Vi legg til grunn:

- Ei fast stilling frå 1. august, 2018 – 31. desember 2019
- 2 faste stillingar frå 1. januar 2020 ut 2022 føresett at kommunane Stryn, Stranda og Ørsta vert med i eit spleiselag og at ein får gjennomslag også for anna finansiering frå 2020.
- Kostnad per tilsett noko i overkant av 800.000 kroner
- Leasing av profilert bil for å sikre mobilitet og profilering om lag 3.000 kroner per månad
- Husleige dekt av kommunen
- Det skulle vere mogleg etter kvart å få finansiering av satsingar i form av prosjektmidlar og prosjekttilsette. Desse er ikkje legt inn i budsjett og finansieringsplan.

| Budsjett | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Oppstartfase** | | **Driftsfase** | | |
| **Kostnader** | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Faste tilsettingar | 338 333 | 812 000 | 1 656 480 | 1 689 610 | 1 723 402 |
| Profilert bil (leasing) | 100 000 | 60 000 | 60 000 | 60 000 | 60 000 |
| Utstyr og drift | 50 000 | 60 000 | 60 000 | 60 000 | 60 000 |
| Husleige | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| | | | | | |
| **Totalt kostnader** | **488 333** | **932 000** | **1 776 480** | **1 809 610** | **1 843 402** |

*Figur 2: Eit overslag over utgifter, Smia Utvikling oppstart- og driftsfase.*

| Finansiering | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|
| | **Oppstartfase** | | **Driftsfase** | | |
| | **2018** | **2019** | **2020** | **2021** | **2022** |
| Samanslåingsmidlar Nye Volda | 488 333 | 932 000 | 926 480 | 859 610 | 893 402 |
| Stranda, Ørsta, Stryn | 0 | 0 | 450 000 | 500 000 | 500 000 |
| Anna finansiering | 0 | 0 | 400 000 | 450 000 | 450 000 |
| | | | | | |
| **Totalt finansiering** | **488 333** | **932 000** | **1 776 480** | **1 809 610** | **1 843 402** |

*Figur 3: Finansieing av Smia Utvikling oppstart- og driftsfase.*

## 3.5 NOKRE GRUNNGJEVINGAR

Under har vi forsøkt å setje opp hovudtrekka knytt til kvifor vi legg opp til ei slik type løysing.

### 3.5.1 Kvifor ei «førstelineteneste» med spesiell vekt på naturbaserte bedrifter?

Fordi:

- Naturbaserte næringar er viktige for sysselsetting og busetjing i kommunane i regionen både no og på sikt
- Naturbaserte bedrifter i breitt er, samanlikna med andre område, sterke i regionen, ein styrkje det er mogleg å utvikle vidare dersom ein tek desse bedriftene og deira behov på alvor
- Forprosjektet har avdekka at behovet er størst for ei utviklingseining som arbeider direkte mot og saman med bedriftene
- Naturbaserte næringar i skjeringsfeltet mellom landbruk, kultur, natur og reiseliv treng bidrag frå verkemiddelapparatet for å løfte seg vidare
- Forprosjektet har avdekka at naturbaserte næringar treng kompetanse og nettverk for å utvikle seg
- Kommunane og næringa i kommunane kan gjennom ei slik satsing ta ein posisjon i nasjonal samanheng

### 3.5.2 Kvifor ei eining med nedslagsfelt i fleire kommunar?

Fordi:

- Bedriftene, næringane og kundane ser ikkje kommunegrenser
- Kommunane har utfyllande kompetansar og miljø som kan bidra i arbeidet for å utvikle naturbaserte næringar
- Saman kan kommunane byggje opp ei meir slagkraftig eining

### 3.5.3 Kvifor organisert som ei avdeling av Sunnmøre kulturnæringshage?

Fordi:

- Sunnmøre Kulturnæringshage har eit miljø for næringsutvikling. Ved å kople «Smia utvikling» til SKNH får ein også tilgang til eit etablert nettverk både av næringar og verkemiddelapparat og tilgang til HoppID – systemet
- Tilgang til eit bedriftsnettverk innafor medie, ikt og design. Nye koplingar mellom naturbaserte næringar i breitt og medie-, ikt- og designimiljøet i Sunnmøre Kulturnæringshage kan bidra nye gode forretningsidear og vidareutvikling.
- Samanlikna med å vere ei heilt sjølvstendig eining sparar ein startkostnader, driftsmidlar og administrasjon ved å vere del av ei allereie etablert eining.

#### 3.5.4 Kvifor på Grodås?.

Fordi:

- Det ligg geografisk nært eit svært levande miljø innafor nettopp naturbasert næring i breitt lokalisert til dømes i Hornindal, Bjørke, Hellesylt og Austefjorden. Alle kjende både for tradisjonelt landbruk og naturbaserte bedrifter.
- Det er og vil kome til å vere ledig kontorkapasitet på kommunehuset Smia i Hornindal som kan nyttast til å tilby kontorplass og eit fagmiljø for bedrifter innafor næringa.
- I etablering av Nye Volda kommune vert kommunesenteret i Volda. I intensjonavtalen mellom Hornindal og Volda låg det likevel inne ein intensjon om å leggje funksjonar til Grodås. Dette har skapt ei moglegheit for etablering av noko nytt.
- Miljø og nettverk er av dei elementa dei næringsdrivande ser på som aller viktigast.

#### 3.5.5 Kvifor bruke pengar til ein profilert bil?

Fordi:

- Smia utvikling skal vere mobil. Den skal kunne sørve alle delar av alle kommunane. Ei mobil eining er viktig for å nå ut til alle og for å synest i terrenget og løfter profilen både for Smia og for næringa

#### 3.5.6 Kvifor ei avdeling og ikkje eit prosjekt?

Fordi:

- For å få resultat er det viktig å tenkje langsiktig. Det tenkjer vi blir best markert ved oppretting av ei avdeling med separat lokalisering. Eit prosjekt med kort tidshorisont vil vere lett å leggje ned.
- For å tilsette gode folk er det viktig at ein kan tilby permanente stillingar og ikkje prosjektstillingar.
- For fronting av arbeidet og næringa er det viktig med ei eiga eining med integritet. Vert utviklingseininga berre eit prosjekt i Sunnmøre Kulturnæringshage er faren større for at denne satsinga vil kunne «drukne» i alt det andre

#### 3.5.7 Kvifor er det foreslått å legge Smia innunder Sunnmøre Kulturnæringshage og ikkje i kommuneorganisasjonen?

Fordi:

- Sunnmøre Kulturnæringshage har som føremål å drive med bedriftsutvikling.
- Innunder Nye Volda kommune vert utviklingseininga del av ein organisasjon som hovudsakleg er rigga for å utvikle og drive kommunal tenesteyting. Det er lett i ein kommuneorganisasjon å bli fanga av driftsoppgåver i staden for utviklingsoppgåver.
- Ulempene med ei organisering i Sunnmøre Kulturnæringshage er at det er enklare å kutte i budsjettet til einingar som ligg utanfor kommuneorganisasjonen etter kvart som tida går. Det er derfor avgjerande i størst mogleg grad å sikre langsiktig finansiering.

# 4 INNLEIING

## 4.1 BAKGRUNN

Kommunereformprosessane har vist at kommunane Hornindal, Stryn, Volda, Ørsta og Stranda har store sams interesser, utfordringar og moglegheiter knytt til næringsretta bruk av areal. I området er

kjende reiselivsdestinasjonar som Geiranger, Hellesylt, Stryn, Loen og Hjørundfjord. Kvivsvegen og Eiksundsambandet har opna området på ein ny måte med moglegheiter, men og utfordringar. Framtidig utbygging av E69 og FV-60 vil auke sentraliteten til området.

Innanfor landbruket er talet gardsbruk på veg nedover, men mange unge gardbrukarar i området har investert stort i nye driftsbygningar for storfehald. Dei attståande bruka er til dels organisert med lange transportvegar for gras og spreiing av gjødsel og drifta blir konsentrert til dei mest lettdrivne areala og med gjengroing av meir marginale. Effektivisering av drifta reduserer også talet arbeidsplassar.

Samstundes har området lange og gode tradisjonar for saue- og geitehald som i dei store både innmarks- og spesielt utmarksareala kan supplere storfehald og spesielt fremme kulturvern og hindre attgroing. Det er mange småbruk i området med brukbare driftsbygningar som berre blir brukt som buplassar eller ferieplassar.

Området har også rike tradisjonar for foredling av landbruksprodukt som øl, spekemat, anna gardsmat, selskapsverksemd, overnatting på utleigehytter m.m. Handverksprega produksjon har sterke røter knytt til båtbygging, møbel og næringsmiddel og god tilgang til kompetansemiljø mellom anna ved Høgskulen i Volda.

Erfaringar har vist at det er store moglegheiter knytt til næringsutvikling i dette skjeringsfeltet mellom landbruk, kultur og reiseliv og mange nye bedrifter er i ferd med å etablere seg. Desse bedriftene er ofte små, men utgjer viktig næring og tilleggsnæring for å oppretthalde busetting i bygdene. Det eksisterande verkemiddelapparatet er ikkje innretta mot desse bedriftene som treng kompetanse frå fleire ulike felt og som ofte faller mellom dei sektororganiserte tilskotsordningane. På mange måtar vert desse bedriftene liggande i eit «ingenmannsland» med lite støtte frå omverda. Det er naudsynt å få «noko til å skje» på dette feltet som er viktig for framtidig vekst og busetnad i området.

### 4.1.1 Supplerande statistikk

Det er ikkje vanskeleg å finne statistikk som gir tal til endringane vi ser. Tabell 1 viser at tal husdyr i prosjektkommunane har gått ned med mellom 25 og 30 prosent innafor alle dei største husdyrslaga.

*Tabell 1: Endring av antal husdyr på gardsbruk i prosjektkommunane i perioden 2000 – 2016. Kjelde SSB.[1]*

| | Totalt Stranda, Ørsta, Volda, Hornindal | | Endring 2000 - 2016 | |
|---|---|---|---|---|
| | **2000** | **2016** | **Tal endring** | **Prosent endring** |
| **Storfe i alt** | 12403 | 8941 | -3462 | -28 % |
| **Kyr i alt** | 4377 | 3300 | -1077 | -25 % |
| **Mjølkekyr** | 4285 | 3193 | -1092 | -25 % |
| **Ammekyr** | 92 | 107 | 15 | 16 % |
| **Andre storfe** | 8026 | 5641 | -2385 | -30 % |
| **Sauer over 1 år** | 11112 | 7925 | -3187 | -29 % |
| **Mjølkegeiter** | 4618 | 3003 | -1615 | -35 % |
| | | | | |

Vi ser også at medan tal verksemder i kommunane Hornindal, Ørsta, Stranda og Volda totalt har gått opp har tal jordbruksverksemder og verksemder innafor fiske, fangst og akvakultur gått ned i perioden 2009 – 2018 (Tabell 3). Tal bedrifter innafor reiseliv har på den andre sida gått opp.

*Tabell 2: Endring av tal verksemder totalt i prosjektkommunane og innafor landbruk og servering/overnatting frå 2009 til 2018. Kjelde SSB.[2]*

| | Totalt 2009 | Totalt 2018 | Endring 2009-2018 | Endring 2009-2018 Prosent |
|---|---|---|---|---|
| **Totalt alle kategoriar** | 2474 | 2841 | 367 | 15 % |
| **Jordbruk** | 595 | 521 | -74 | -12 % |
| **Skogbruk** | 12 | 23 | 11 | 92 % |
| **Fiske, fangst akvakultur** | 31 | 25 | -6 | -19 % |
| **Overnatting** | 43 | 51 | 8 | 19 % |
| **Servering** | 35 | 39 | 4 | 11 % |

[1] https://www.ssb.no/statbank/table/05984?rxid=abc502ce-9b8a-4fab-9529-6b0fe7a264e5

[2] Kjelde SSB: https://www.ssb.no/statbank/table/11583/tableViewLayout1/?rxid=f708f060-1101-43ce-8d5f-f7febcafdae3

## 4.2 MÅL FOR FORPROSJEKTET

Tanken bak forprosjeket er at det ligg potensial i å kombinere ulike typar kompetanse, å kople kunnskap om skog- og landbruksaktivitetar og tradisjonelt handverk med reiseliv og kunnskap innan til dømes ny teknologi, marknadsføring og finansiering.

Sentrale mål for forprosjektet har dermed vore:

1. I tett samarbeid med aktørar å utvikle kunnskap om tilhøva i området (kva som er etablert – erfaringar m.m.) og systematisk analysere sterke og svake sider og moglegheiter og truslar.
2. Kartlegge og mobilisere aktuelle utviklingsaktørar i området, etablere samarbeid og sams kunnskapsutvikling og initiere sams planlegging.
3. Saman med utviklingsaktørar i området, utvikle strategiar for utvikling og innovasjon og utvikle detaljert prosjektplan for hovudprosjektet fram til 1. januar, 2020.
4. Setje i gang konkrete tiltak på område der dette er føremålstenleg.

## 4.3 RAMMA FOR FORPROSJEKTET

Prosjektet er finansiert av kommunane Volda, Hornindal, Ørsta og Stranda i fellesskap. Volda kommune er største bidragsytar. Stryn var også invitert til å vere med, men valde å vente med å involvere seg til andre nærliggande spørsmål var avklart. Det er førebels ikkje avklart om Stryn er aktuell for å involvere seg i eit hovudprosjekt. Budsjett for forprosjektet har vore 200.000 kroner eks. mva.

Sunnmøre kulturnæringshage har vore engasjert av Volda kommune til prosjektet. Selskapet Metafor har stått for prosjektleiing og praktisk gjennomføring. Ordførarane i dei respektive kommunane har fungert som styringsgruppe.

Forprosjektet er gjennomført i perioden april 2017 til april 2018.

# 5 GJENNOMFØRING AV OG RESULTAT FRÅ PROSJEKTET

Forprosjektet har hatt fem hovudbestanddelar

- Kartlegging av aktørar
- Intervju
- Idèsamling
- Diskusjonar og forankring
- Oppsummeringar og anbefalingar for vidareføring

I det følgjande vil vi presentere kva som er gjennomført og nokre av resultata frå arbeidet.

## 5.1 KARTLEGGING AV AKTØRAR

### 5.1.1 Næringsdrivande og organisasjonar

Det er gjort ein forholdsvis grov kartlegging av dei næringsdrivande, organisasjonar, bygdelag og kontaktpersonar til desse i dei ulike kommunane og bygdene. Oversikta er ikkje fullstendig. Oversikta har vore nytta til å ta direkte kontakt, få informasjon og invitasjon til idésamling. Oversikta er systematisert og lagra og vil vere eit godt utgangspunkt for ein meir fullstendig oversikt i det vidare arbeidet.

### 5.1.2 Relevante verkemiddelaktørar

I kommunane kan ein seie at det er få og små ressursar som direkte arbeider inn mot naturbaserte bedrifter i breitt. Det eksisterande verkemiddelapparatet i kommunane er lista opp i figuren under.




*Figur 4 viser relevante verkemiddelaktørar for naturbaserte næringar i kommunane Volda, Hornindal, Ørsta og Stranda.*

I tillegg finst det i kommunane og bygdene næringslag, grendelag, bondelag, bonde- og småbrukarlag, bygdekvinnelag, skogeigarlag og husflidslag som er aktuelle samarbeidspartnarar i dette arbeidet.

Regionale verkemiddelaktørar kan heller ikkje seiast å arbeide spesifikt inn mot dette feltet, men det er mange ressursar å byggje på og knyte seg til også for næringsdrivande innafor naturbaserte næringar. Figuren under viser nokre av dei.




*Figur 5 viser aktuelle hjelparar for naturbaserte næringar i eller knytt til regionen.*

I tillegg er det fleire meir marknadsorienterte tiltak og etableringar som kan fungere som marknadskanalar eller hjelp for naturbaserte næringar. Nokre er veletablerte, til dømes Tine si støtte inn mot gardsbruk og mjølkeproduksjon. Nokre nyare døme har kome fram gjennom prosjektet:

- **Bazeat** er ein digital plattform for lokalmatprodusentar som vert pilotert i mars med 12 leverandørar på søre Sunnmøre. Plattformen inviterer også inn fleire (bazeat.no).
- **Coop Vest** planlegg no «butikk i butikk» for lokalmat (smaksglede.no). Coop er også behjelpelig med papirarbeid for etablering av lokalmatproduksjon.
- **Destinate AS** har etablert ein felles digital plattform som er klar til bruk for aktørar som tilbyr kvalitetssikra tenester innan naturbasert reiseliv (sjå destinatenorway.no).
- **Designvegen** ( designvegen.no) forsøker å knyte saman opplevingar i regionen for designinteresserte besøkande.

Det er heilt sikkert fleire døme.

### 5.1.3 Gode eksempel og førebilete

Det har også gjennom prosjektet kome fram nokre prosjekt og etableringar som kan fungere som førebilete i det vidare arbeidet med å utvikle naturbaserte næringar. Rørosmat og Den Gyldne omveg er to døme som ofte har vore nemnt.

Røros er slik ein stad det bør vere mogleg å hente både inspirasjon, kompetanse og konkrete verktøy. Henta frå nettisida til Rørosmat:

«….Rørosmat SA er et andelslag med mange aktive matprodusenter som andelseiere. Selskapet Rørosmat SA og merket «Røros – mat fra Røros-traktene» skal være Norges tydeligste merkevare innen lokalmat, og bidra til verdiskaping for våre medlemmer. Med et kontaktpunkt, en ordre og en levering betjener vi det norske dagligvare- og storhusholdningsmarkedet og formidler det mangfoldet av varer som våre medlemmer produserer….Rørosmat SA eier varemerket «RØROS mat fra Røros-traktene». All aktivitet i selskapet skjer under dette merket. Rørosmat SA ønsker å bidra til at matvarene, -tradisjonene og -produsentene fra Røros-traktene blir enda mer kjent og verdsatt. Rørosmat SA skal være råvareprodusentenes og videreforedlingsbedriftenes redskap for salg, distribusjon og markedsutvikling av regional mat og andre tilhørende tjenester

….I Røros-traktene har vi skapt et moderne mateventyr. Det har vi fått til fordi vi er mange som står sammen. Fordi vi brenner for å skape verdier ut av de ressursene vi har. Fordi vi blir inspirert av hverandre. Og fordi vi kan by på god mat med smak av fjell, vidde, skog og sjø.

Vi som jobber i Rørosmat SA er produsentenes forlengede arm, og er stolte over og glade for å kunne samarbeide med så mange dyktige produsenter som brenner for det de gjør. Vi jobber på produsentenes vegne med markedsføring, salg og distribusjon av varene deres. Dette er vårt bidrag til at produsentene skal kunne lykkes, slik at Røros-traktene står fram som en kulinarisk region hvor man er stolte av at unike råvarer produseres, videreforedles, omsettes og nytes.» (https://rorosmat.no/om-oss/)

Den Gyldne Omvei er ein annan type organisering som har klart å skape ei eining som meirverdi for området.

«Vegstrekningen Den Gyldne Omvei går gjennom vakkert kulturlandskap i Inderøy kommune i Nord-Trøndelag, med mat, kunst- og kulturopplevelser underveis.

Langs Den Gyldne Omveien kan du besøke kunsthåndverkere i sine verksted, produsenter av gårdsmat, historiske minnesmerker, galleri og kunstmuseum, skulpturpark, – og du kan spise og sove godt i fredelige omgivelser. Hvilepulsen er gjerne litt lavere på Inderøy enn andre steder, og det vil også du oppdage når du kommer hit som på besøk.

Flere steder finner du spennende gårdsbutikker som selger både lokal mat og flotte gaveartikler. Nærheten til sjøen gir muligheter til bading, fiske, båt- og friluftsliv. Uansett hvor du drar og hvem du besøker vil du møte et gjestfritt og dyktig vertskap, som hjelper deg med å få det aller beste ut av oppholdet på Inderøy.

**Det tar 12 minutter å kjøre E6 mellom Røra og Vist. Den Gyldne Omvei tar 8 minutter mer…. eller en dag, ei uke, en hel sommer, et helt liv…» (Ref. https://dgo.no/den-gyldne-omvei)**

## 5.2 RESULTAT FRÅ INTERVJU

Intervjua hadde ei forholdsvis brei innretning og vart gjennomført først og fremst med tanke på å **identifisere moglegheiter og utfordringar knytt til utvikling av naturbaserte næringar.** Det vart gjennomført delvis strukturerte intervju med 12 personar. Informasjonen i intervjua vart deretter systematiserte og analysert.

### 5.2.1 Utfordringar

Kva utfordringar meiner då «folk» at naturbaserte næringar i breitt står overfor i regionen? Vi har delt informasjonen inn i kategoriar.

Dei **strukturelle utfordringane i landbruket** er velkjende. Mange gardsbruk legg ned eller dei som arbeider på gardane har heil- eller deltidsarbeid utanfor bruket. Det er i det heile få familiar som lever av landbruk. Eksempel på radikal nedbygging av landbruket kan ein sjå til dømes i Austefjorden. Av utfordringar nemnt i denne samanheng i kartlegginga var mange og ulike: Mangesysleriet, vanskar med samdrift, ungdom som ikkje vil ta over, for dårleg lønsemd og lite fritid, grøfting og grøftesystem, bygningar som ikkje vert vedlikehaldne, silotenking i forvaltning og verkemiddelapparat – eit kunstig skilje mellom landbruk og dei andre næringane, ein må kjøre store avstandar for å hauste gras og ikkje minst attgroing. Det siste er eit gjennomgangstema for mange.

Andre peikar på at **bygdene er under nedbygging**, fortel om skular som er truga, få perssonar, låge marginar i næringane.

På **bedriftsnivå innafor turisme, landbruks- og bygdenæring** vert det nemnt mellom anna at det er manglande hjelp og støtte frå offentlege aktørar, at folk vert trøytte, det er mangel på miljø og kapital. Eit anna tema som mange tek opp er **utfordringar knytt til kompetanse og nettverk**. Mange typar kompetanse og nettverk vert nemnde: kompetanse på leiing, læring på tvers av bedrifter, produksjonskompetanse, kunnskap om offentlege lovar og reglar, kunnskap om kulturminnevern, utviklingskompetanse og mangel på kompetanse om korleis ein skal skape vekst – for å nemne nokre.

**Innafor reiseliv** vert det nemnt at ein ikkje får noko ut av gjennomgangstrafikken frå cruise til dømes i Hellesylt og Hornindal og at ein i området er gode på naturopplevingar, men ikkje gode på å setje ting i system. Attgroing, rydding av stiar og kulturlandskap vert også nemnt i denne samanheng.

### 5.2.2 Moglegheiter og idear

Samstundes peiker informantane på mange moglegheiter knytt til naturbaserte næringar. **Stadar og bygder** som Urke og Bjørke vert nemnt. Hornindal er store på landbruk og har mange yngre som satsar. Dei har tradisjonar innan trearbeid, musikk og smedarbeid. Fleire tusen menneske vitjar Saksa kvart år. På Ljøen forsøker dei å skape noko.

**Dei mange arrangementa** i området vert nemnt som ein ressurs: Grodåscup, Hornindal rundt, Porter og Stout festival på stranda, Naturfestivalen – Saudehornet rett opp, Strandadagane for å nemne nokre.

Mange har **idear om ulike støttefunksjonar** som hjelp til tilrettelegging og økonomi, ressurssenter for kultur, hjelp til fysisk tilrettelegging, kunnskap om regelverk. Meir **konkret dukka det også opp idear** som lokalmatbutikk, kjekjøt, næring ut frå naturguidestudiet og anna.

For meir om utfordringar og moglegheiter nemnt i intervjua **sjå vedlegg 1.**

## 5.3 IDÉSAMLING PÅ SMIA

Ei idésamling vart gjennomført i Hornindal 9. januar 2018. Målsetjinga var å samle ulike aktørar både frå næring og verkemiddelapparat for å diskutere nærare kva ei utviklingseining på Smia på Grodås skulle innehalde. Tankane om organisering, moglegheiter og utfordringar som kom fram frå kartlegginga vart kort lagt fram, medan mesteparten av tida vart brukt til å diskutere tre tema:

1. Kva bør ein næringshage med fokus på naturbaserte næringar gjere for bedrifter og einskildpersonar for å bidra til vidareutvikling og nyskaping?

2. Kva type fellestiltak og prosjekt bør næringshagen prioritere for å løfte fram naturbaserte næringar i breitt?

3. Kva organisasjonar eller nettverk kan vere nyttige for å utvikle nye næringar i bygdene?

Alle innspel er tekne med vidare i arbeidet i ein eigen rapport (**sjå vedlegg 2**). Oppsummert kan ein seie at dei som deltok på møtet i Hornindal var forbausande einige om at avdelinga i Hornindal skal jobbe spesielt med:

- Kompetanseheving, nettverk og motivasjon.
- Støttefunksjonar for næringsdrivande innafor naturbaserte næringar

Vi ser føre oss at innspela knytt til kompetanseheving, nettverk og motivasjon lett lar seg kombinere, til dømes gjennom kurs som fungerer både kompetansehevande og som ein treffstad for næringa.

I tillegg var det i forsamlinga stor semje om at ei vidareføring må bidra til:

- Å skaffe oversikt over feltet «naturbaserte næringar», bedrifter i området, idear og så vidare (dette kan byggje vidare på det kartleggingsarbeidet som allereie er gjennomført i forprosjektet)
- Å avklare vidare om og på kva måte eventuelt ei eining i Hornindal skal bidra til å byggje ei felles merkevare

## 5.4 OM FORANKRING

I forprosjektet er det forsøkt å få til ei forankring hos sentrale aktørar i fleire rundar. Det er gjennomført:

- Intervju og samtalar med interessentar
- Informasjon til og diskusjonar med politisk leiing i kommunane i fleire omgangar
- Informasjon til og diskusjonar med fellesnemnd og formannskap
- Idésamling der verkemiddelaktørar, politikarar, næringsdrivande og andre frå dei ulike kommunane var representerte.

Eit prosjekt vert likevel prega av sitt utgangspunkt. «Ny næring på gamle tufter» er initiert av ordførarane i Volda og Hornindal som igjen har fått med seg ordførarane i Ørsta og Stranda. Det har utspring både i behovet for å  bidra til utvikling av naturbaserte næringar i breitt og behovet for at det skal «skje noko» i Hornindal etter ei samanslåing av dei to kommunane. Dette utgangspunktet har prega arbeidet med forprosjektet og vil også prege arbeidet i ei vidareføring på fleire måtar.

For det første, forprosjektet femner over fire kommunar med ulik motivasjon, kvar sine innfallsvinklar, prioriteringar, styrker og svakheiter på dette området. Kommunane har også mange bygder med sine særpreg. Det er dermed slik at forankringa i kvar enkelt kommune og bygd ikkje har nådd så langt som vi kunne ønskje. Samstundes kan denne breidda vere noko av styrken i det vidare arbeidet. Vi oppfattar det slik at spesielt bedriftene innafor naturbaserte næringar gjerne vil tenkje regionalt og endå større og dermed støttar oppunder tanken om eit samarbeid mellom dei fire – fem kommunane.

For det andre, i forprosjektet har vi ikkje klart å nå ut til dei næringsdrivande så godt som vi skulle ønskje. Samstundes opplever vi støtta som sterk frå dei som har vore involverte. Vi oppfattar det slik at næringa har eit ønskje om at dette skal verte til noko. Idésamlinga på Smia viste dette svært godt, med livlige diskusjonar og stort engasjement i ei breitt samansett forsamling. Vi oppfattar det også som ei styrkje i det vidare arbeidet at det var stor semje i forsamlinga på smia om kva ei slik eining bør arbeide med. Noko vi har teke med oss vidare i arbeidet.

For det tredje, initiativet «frå toppen» og med sterkast engasjement frå to kommunar gjer også at forankringa i kommuneorganisasjonen kunne vore betre. Administrasjonen er «tekne på senga» av eit initiativ som er initiert frå øvste politiske leiing delvis utanfor eigen kommune. På den andre sida gjer prosjektet sitt utgangspunkt i samanslåinga mellom Hornindal og Volda at det vert til idet kort vert lagt på nytt. Nettopp det gir moglegheiter for arbeidet med å få til noko nytt også innafor dette feltet. «Noko» som kan bidra til å gjere vidareutvikling lettare for naturbaserte næringar, for bedrifter som arbeider i motvind på mange måtar.

# 6 OPPSUMMERING OG NOKRE REFLEKSJONAR

## 6.1 MOGLEGHEITENE – MED BREI PENSEL

Med brei pensel er det mogleg å illustrere styrkene til området innafor feltet naturbasert næring som i figuren under. Heile området er forholdsvis sterke på landbruk, både «storproduksjon» og produksjon av lokalmat. Det er nokre svært sterke reiselivsdestinasjonar i området. Geiranger er ein av dei viktigaste destinasjonane Norge har for internasjonal turisme. Hjørundfjordområdet og då spesielt Sæbø og Urke er i ferd med å løfte seg både nasjonalt og internasjonalt. I Ørsta har ein eit sterkt landbruksfagleg miljø til dømes gjennom interkommunalt landbrukskontor og Tine. Volda er sterke på Media, IKT og design både gjennom Kulturnæringshagen og studium på høgskulen. Naturguidestudiet på høgskulen er også aktuelt og det er også fleire andre studieemne som vil kunne koplast inn mot naturbasert næring i breitt. Hornindal er sentralt både fordi dei er sterke på landbruk og har tradisjonar innafor natur- og kulturbaserte næringar og fordi dei ligg geografisk sentralt i forhold til kommunane – også dersom Stryn etter kvart blir del av samarbeidet.




*Figur 6 viser styrkjer i regionen innafor naturbaserte næringar i breitt.*

## 6.2 MANGESYSLERIET OG SMÅ BEDRIFTER ER VIKTIGE FOR REGIONEN

Norske gardar har gjennom historia vore små og det har vore naudsynt å kombinere jordbruk med anna verksemd for å overleve. Det kunne vere drift av skog, fiske, handverk eller anna. Denne

praksisen vart kalla «mangesysleriet» og har lange tradisjonar i Norge generelt og i vårt område spesielt.[3]

Mangesysleriet er framleis ein viktig byggjestein for bygdene i vårt område noko også statistikk indikerer. Tabell 4 viser at over 80 prosent av bedriftene i prosjektkommunane har 0-4 tilsette. Dette er likevel ikkje unikt for området. Tala korresponderer med landsgjennomsnittet.[4] Innafor jordbruk og skogbruk er talet småbedrifter høgare. Kommunane Volda, Hornindal, Ørsta og Stranda har heile 569 landbruksverksemder registrert. Berre 11 av desse har meir enn fire tilsette.

Overnattings- og serveringsbedrifter har tendens til å ha klart fleire tilsette. Vi ser likevel føre oss at mange av desse er deltidstilsette.

*Tabell 3 viser tal og storleik på verksemder i prosjektkommunane Stranda, Hornindal, Ørsta og Volda innafor alle næringskategoriar, innafor jordbruk og skogbruk og innafor overnatting og servering. 2018. Dei tilsette kan også vere deltidstilsette. Kjelde SSB.* [5]

| | Tal verksemder i prosjektkommunane, alle næringskategoriar | | Tal Verksemder innafor jordbruk skogbruk | | Tal verksemder innafor overnatting og servering | |
|---|---|---|---|---|---|---|
| | **Totalt** | **Prosent** | **Totalt** | **Prosent** | **Totalt** | **Prosent** |
| **Alle størrelsar** | 2841 | | 569 | | 90 | |
| **Ingen tilsette** | 1837 | 65 % | 505 | 89 % | 43 | 48 % |
| **1-4 tilsette** | 479 | 17 % | 53 | 9 % | 21 | 23 % |
| **5-9 tilsette** | 227 | 8 % | 7 | 1 % | 11 | 12 % |
| **10-19 tilsette** | 140 | 5 % | 2 | 0 % | 9 | 10 % |
| **20-49 tilsette** | 108 | 4 % | 2 | 0 % | 5 | 6 % |
| **50-99 tilsette** | 35 | 1 % | 0 | 0 % | 1 | 1 % |
| **100 - 249 tilsette** | 14 | 0 % | 0 | 0 % | 0 | 0 % |
| **250 tilsette og over** | 1 | 0 % | 0 | 0 % | 0 | 0 % |

Å byggje oppunder og hjelpe fram mangesysleriet og dei små bedriftene vert dermed viktig for den nye eininga.

## 6.3 NOKRE FØRESETNADER I DET VIDARE ARBEIDET

Første fase av prosjektet avdekka det som såg ut til å vere nokre føresetnader for det vidare arbeidet. Desse sprang ut av den aktuelle situasjonen. Til dømes hadde kommunane fleire andre tilgrensande satsingar som det var og vil vere naudsynt å ta omsyn til. Eitt viktig døme er den nyleg vedtekne masterplanen for reiseliv i Ørsta, eit omfattande planarbeid. I Geiranger vert det også arbeidd med ein masterplan i regi av Geiranger Utvikling (tidlegare destinasjonsselskapet). Det er ikkje vanskeleg å finne fleire døme.

Eit anna døme på korleis konteksten har lagt føringar er at prosjektet har utspring i kommunesamanslåinga mellom Volda og Hornindal og eit ønskje i desse kommunane om at samanslåinga skal bidra til utvikling i heile «Nye Volda» kommune. Dette gjer at Hornindal peikar seg

[3] Kjelde: Norgeshistorie.no https://www.norgeshistorie.no/grunnlov-og-ny-union/artikler/1320-hva-levde-folk-av-fiskerbonden-og-andre-neringskombinasjoner.html
[4] Kjelde SSB: https://www.ssb.no/virksomheter-foretak-og-regnskap/statistikker/bedrifter/aar
[5] Kjelde SSB: https://www.ssb.no/statbank/table/07091/?rxid=df7c52bc-cdab-432a-a512-1ccbca3c6abe

ut som eit senter for satsinga. Ved samanslåinga vert også kommunehuset i Hornindal, «Smia», delvis ledig og kan vil kunne utgjere ein ressurs i det vidare arbeidet.

Intervju og kartlegging har vidare avdekka at nokre av hovudutfordringane for området er utviklinga i landbruket, busetjing i bygdene og attgroing. Ei liste over føresetnader for det vidare arbeidet vart dermed utarbeidd:

- Utviklingseininga skal bidra til å **opprethalde og vidareutvikle**
    - Landbruk
    - Bygdene
    - Kulturlandskap
- Den skal bidra til **arbeidsplassar og busetjing**
- Den skal **supplere eksisterande strukturar** ikkje erstatte dei.
- Den skal bidra til aktivitet i Nye Volda kommune med **utgangspunkt i Hornindal**
- **Rådhuset i Hornindal** er ein ressurs som kan nyttast
- Arbeidet må samordnast med arbeidet i **Nye Volda**
- Utviklingsarbeidet må **byggje vidare på eksisterande arbeid** – til dømes masterplanen for reiseliv i Ørsta.

Lista kan truleg også vere nyttig i det vidare arbeidet med å etablere «Smia utvikling».

## 6.4 STOR SEMJE

Allereie tidleg utkrystalliserte det seg eit behov for ein type «førstelineteneste» som skulle arbeide direkte ut mot bedriftene «bottom-up». Felles arbeid under idésamlinga styrka dette inntrykket. Der vart det også klart at det var stor semje mellom dei frammøtte om kva ei slik eining skulle prioritere, nemleg:

- Kompetanseheving, nettverk og motivasjon.
- Støttefunksjonar for næringsdrivande innafor naturbaserte næringar

Dermed vart også dette eit viktig premiss for vidare arbeid og planar. Notatar frå møtet utdjupar noko kva desse behova består i, men det vert naudsynt å prioritere mellom mange gode idear og planar.

# 7 VEDLEGG 1: STIKKORDOVERSIKT INTERVJU

## Oppsummering intervju/samtalar

25. september, 2017

### Utfordringar/truslar

**Strukturelle utfordringar i landbruket**

- Mangesysleriet i landbruket
- Vanskar med samdrift
- Ungdom vil ikkje ta over bruk
- For dårleg lønsemd i landbruket
- Lite fritid i landbruket
- Eldre som driv mjølkeproduksjon, nokre prøver sau, okser, ungdyr
- Få familiar der heile familien lever av landbruk
- 1992 var det 44 stopp-punkt for mjølkebilen i Austefjorden, no 4-6 stopp – punkt
- Grøfting, grøftesystem
- Bygningar vert ikkje vedlikehaldne
- Eigarskap
- Silo – skilje mellom landbruk og dei andre næringane
- Må kjøre store avstandar for å hauste (til dømes gras)
- Attgroing

**Kompetanse og nettverk**

- Manglar kapasitet på leiing
- Kurs og opplæring, nettverksamlingar
- Læring på tvers av bedriftene
- Produksjonskompetanse, lean
- Kompetanse på fagarbeidarnivå
- Offentlege regelverk. Myndigheitene set ein stoppar for mykje.
- Kunnskap om lovar og reglar.
- Treng meir kunnskap om kulturminnevern
- Kompetanse hos dei tilsette
- Manglar utviklingskompetanse
- Manglar kompetanse på korleis skape vekst

**Bygdene**

- Skular er truga
- Miljø der vi kan utvikle oss
- Er få personar
- Ikkje så høge marginar i næringane
- Tør ikkje å tenkje stort nok
- Finst idear: Ølbrygging, produksjon av vatn, men andre har tatt posisjonane
- Mykje er dugnadsbasert i staden for å skape næring – må kunne vere ærleg på at ein vil tene pengar

**Bedriftsnivå landbruks- og bygdenæring og turisme**

- Manglande hjelp og støtte frå offentlege aktørar
- Folk vert trøytte
- Manglar miljø å støtte seg til
- Manglar kunnskap om finansiering
- Manglar risikokapital – innovasjonslån
- Offentlege hindringar for å få til noko nytt
- Søknadsskriving
- Nettverksbygging
- Vanskeleg med økonomi i kulturnæring
- Arbeider mykje åleine

**Reiseliv**

- Hornindal – berre gjennomgangstrafikk cruise
- Hellesylt – berre gjennomgangstrafikk cruise
- Volda har ikkje nokon plan for reiselivet
- Rydding av stiar
- Rydding av kulturlandskap
- Gode på naturopplevingar, men ikkje gode på å setje ting i system
- Attgroing

**Støttefunksjonar**

- Treng fungerande næringsorganisasjonar
- Hjelp til nye fysiske investeringar
- Landbrukskontoret fungerer ikkje
- Volda kommune er ein bremsekloss ikkje ein pådrivar
- Mangel på informasjon om støtteordningar
- Får ikkje hjelp på landbrukskontoret til desse næringane

- Har ikkje kapasitet på landbrukskontoret til utviklingsoppgåver. Driv med forvaltning, drift.
- Næringslivet ser ikkje kommunegrenser

**Anna/diverse**
- Utanlandske aktørar går inn i guide-verksemd i området

## Moglegheiter/idear

**Næring/produkt**
- Handverkstradisjonar
- Opplevingar
- Eigne produkt med basis i råstoff
- Overnatting
- Guiding i naturen
- Behandling av hjort og slakt
- Ost, spekemat, sider, øl
- Utleige av hus og rom
- Kombinasjonen turisme/landbruk
- Fellesbeite – felles seterdrift
- Trearbeidstradisjon
- Moglegheiter i gamle bygningar
- Stor interesse for småbruk
- Kan nytte kultur som element i ein heilskap
- Er ein levande fjord – må sjå verdien av dette
- Kjekjøt
- Naturguide-linja
- Auke produksjonen i tradisjonelt landbruk
- Hornindal har Europas djupaste innsjø
- Utnytte 117 cruiseskip til Hellesylt (Hornindal)
- Mangesysleriet
- Digitalisering av turistinformasjon
- Lokalmatbutikk
- Utvikling av merkevare
- Pokemon – teknologi i reiselivet?
- Rydding av kulturlandskap – ryddegjengar?
- Guiding – kopling til Naturguidestudiet
- Informasjon om turar

**Marknad/marknadsføring**
- Verdsarvstempelet i heile verdikjeda
- Marknadsføring – kopling til Volda

**Støttefunksjonar**
- Hjelp til fysisk tilrettelegging, økonomi
- Kunnskap om lokalmat på Stranda
- Slakteri på Hellesylt som er fleksible
- Meir pengar til tiltak
- Ressurssenter – kultur – rådgjeving på kulturområdet
- Bidra med koplingar – bonde, slakteri forbrukar
- Hjelp til fysisk tilrettelegging
- Hjelp til økonomi
- Entreprenørskap i Naturguide-studiet – nytte dette i andre samanhengar
- Huke tak i ungdomar og hjelpe dei å etablere seg – strategiske grupper, kurs i innovasjon og etablering i avgangsklasser
- Hjelp til dei som buset seg/ønskjer å busetje seg
- Bidra med kunnskap om regelverk
- Treng ein person som kan vere bindeledd – som kan koordinere
- Må ha god kontakt med dei som held på – kvar enkelt
- Viktig å ha med heile regionen
- Entreprenørskap innafor landbruk, same som i andre næringar – marknadsmoglegheiter, likviditet, investering.
- Dersom nokon har ein god ide – treng eit apparat rundt for å lykkast
- Nettverk
- Kopling av næringar. T.d. kulturnæringshagen landbruk/reiseliv

**Miljø**
- Fellesskap har ein verdi
- Masterplanarbeidet har utvikla kjennskap til kvarandre og miljø
- Skape møteplassar

**Struktur/organisering**
- Nettverk av kommunale HoppID – kontor – 30.000 kroner utan byråkrati
- Kan tenke felles innenfor reiseliv og nyskaping, uaktuelt på næring
- Kulturnæringshage

- Eksempel Røros, Rørosmat. Kombinasjon stadeigenheit og design
- Innerøya – den gylne omveg
- Jobbe på tvers
- Ålesund Kunnskapspark (ÅKP)
- NTNU – Entrepreneurship
- Koplingar mot Naturguide studiet – Volda
- Entreprenørskap som del av kulturutdanning
- Interkommunalt samarbeid
- Næringshage?
- Må tenkje større, men fare i store konstellasjonar at vert lilleputt
- Kople til masterplan for reiseliv – Ørsta
- Landbrukskontoret – kontordager i Hornindal
- Fordel å ha nokon som er lausrive frå forvaltningsoppgåver

**Stadar**
- Ljøen forsøker
- Urke - reiseliv
- Bjørke – kombinasjon landbruk, reiseliv mange nyskapingar mykje skjer
- Hjørundfjordområdet - reiseliv
- Hornindal – eit trafikk-knytepunkt

- Hornindal store på landbruk, yngre som satsar
- Hornindal trearbeidstradisjon
- Hornindal tradisjonsmusikk
- Hornindal smedarbeid
- Saksa – 8000 personar besøkte i 2016
- Stryn gode på automasjon, marknadsføring og design – Moods of Norway, Farmhouse, Frieslied - dressar

**Arrangement/aktivitetar**
- Grodåscup
- Hornindal rundt
- Porter and Stout festival Stranda
- Naturfestivalen – Saudehornet rett opp
- Strandadagane

**Diverse**
- Søkjartal på matfag på Stranda har gått opp
- Det er fleire som går på tur i fjella
- Nærleik til fjord og fjell
- Informasjon frå kommunen
- Informasjon om støtteordningar
- Arena for erfaringsutveksling og kompetansedeling
- Nydyrkingstilskot

# 8 VEDLEGG 2: RAPPORT FRÅ IDÉMØTE PÅ SMIA 9. JANUAR, 2018



# Rapport

## frå Idèmøte på Smia 9. jan 2018

Samandrag og oppsummering av gruppearbeid og individuelle svar på spørsmål om ei regional utviklingseining lokalisert på Smia i Hornindal.

Ei smie for nye næringar på gamle tufter?

«Ny næring på gamle tufter»

# Deltakarar på møtet

| Etternamn | Fornamn | Organisasjon/bedrift | Kommune |
|---|---|---|---|
| Sortehaug | Fride | Volda Kommune | Volda |
| Moltudal | Asbjørn | Volda kommune | Volda |
| Foldal | Martin | Sunnmøre Kulturnæringshage | Volda |
| Krumsvik | Erlend | Sunnmøre Kulturnæringshage | Volda |
| Nesdal | Jan Endre | Hornindal Kommune | Hornindal |
| Viddal | Liv Bente | Ørsta Kommune | Ørsta |
| Skåra | Børild | Landbrukskontoret Ørsta Volda | Volda-Ørsta |
| Bjørdal | Inge | Stranda kommune | Stranda |
| Falck | Stefan N. | Volda Næringsforum | Volda |
| Lødemel | Bjørn | Hornindal Næringslag | Hornindal |
| Lindvik | Marita | Visit Nordfjord AS | Stryn |
| Sundal | Odd Harald | Fellesnemnda Nye Volda | Volda |
| Hjellbakk | Anders | Hornindal Bondelag | Hornindal |
| Viddal | Nina | Vingard Bjørke. Fjordbobler. | Ørsta |
| Rørstad | Maria N. | Hoel & Rørstad AS | Ørsta |
| Saure Hoel | Torbjørn | Hoel & Rørstad AS | Ørsta |
| Viddal | Espen-Hodne | Gardsbruk | Ørsta |
| Bonsaksen | Bente | Fjellgarden Øvre Ljøen, Hellesylt | Stranda |
| Ljøen | Elsa | Ljøen Camping | Stranda |
| Ljøen | Erling | Ljøen Camping | Stranda |
| Lødemel Stokkeland | Torunn | Kultur | Hornindal |
| Behrentz | Johan | Sunnmøringen | Stranda |
| Myklebust | Roy Aron | Fjordingen | Stryn |
| Yttredal | Else Ragni | Metafor | Arrangør |
| Indreeide | Kirsti Pernille | Metafor | Arrangør |

Det vert også laga ei liste med e-post og telefon på alle deltakarane og andre som vil vere med på arbeidet med prosjektet vidare. Denne lista vert sendt som eige vedlegg.

# Programmet for dagen

**Velkomen til SMIA!**
**v/Fride Sortehaug, Varaordførar i Volda**

**Info om prosjektet «Ny næring på gamle tufter»**
**v/ Prosjektleiar Else Ragni Yttredal (ligg ved)**

**Kva meiner du?**
Individuelle svar på desse spørsmåla:

1, Kva bør ein næringshage med fokus på naturbaserte næringar gjere for bedrifter og einskildpersonar for å bidra til vidareutvikling og nyskaping?

2, Kva type fellestiltak og prosjekt bør næringshagen prioritere for å løfte fram naturbaserte næringar i breitt?

3, Kva organisasjonar eller nettverk kan vere nyttige for å utvikle nye næringar i bygdene?

**Gruppediskusjonar ut i frå dei sama spørsmåla og presentasjon i plenum.**

**Innspela frå dette møtet vil legge grunnlaget for det til det vidare arbeidet med «Ny næring på gamle tufter».**

# Kva meiner du? Idésamling

## Oversikt over svar på spørsmål 1 og 2

Stikkord. Sortert. Både individuelle svar og gruppearbeid er inkludert.

1, Kva bør ein næringshage med fokus på naturbaserte næringar gjere for bedrifter og einskildpersonar for å bidra til vidareutvikling og nyskaping?

2, Kva type fellestiltak og prosjekt bør næringshagen prioritere for å løfte fram naturbaserte næringar i breitt?

**Same tema gjekk igjen både i individuelle svar og i gruppearbeid. Det var også slåande at svara på dei to første spørsmåla var omtrent dei same og kan grupperast om lag slik:**

**1, Skaffe oversikt over**

- Bedrifter – heimebesøk
- Personar
- Kompetanse
- Ressursar – kvar kan vi få svar?
- Idear
- Marknad
- Feltet «naturbasert næring»

**2, Kompetanseheving for næringsdrivande:**

- Studieturar
- Kurs. T.d. om økonomi/rekneskap, prosjekt, digital kompetanse, marknad, korleis drifte eit selskap, skogbruk, næring/reiseliv, småkraft, natur, historia vår, lokal mat
- Mentorordning
- Gode døme
- Samarbeidsgrupper – sparring

«Ny næring på gamle tufter»

**3, Støttefunksjon for næringsdrivande**

- Strategiutvikling
- Søknadar. Til dømes byggesøknadar
- Arbeid opp mot offentlege verksemder
- Kunnskap om støtteordningar, bedrift, beiteordningar, kulturlandskapspleie
- Kunnskap om marknad/ marknadsføring marknadsundersøking
- Papirarbeid
- Fagpersonar (sjå også under kompetansebehov over)
  - Geologi – omregulering
  - Idéavklaring
  - Kompetanse på prosess
  - Digital kompetanse
  - Hopp-ID
  - Forretningsutvikling

**4, Motivere og inspirere**

**5, Nettverk og samordning**

- Virke som katalysator mellom bedrifter
- Vere lim mellom naturbaserte næringar og reiselivet
- Kurs – nettverk

«Ny næring på gamle tufter»

Noko meir vekt vart lagt på to ting når det er snakk om fellestiltak:

**6, Merkevarebygging**

**7, Felles strategiar og planar**

I tillegg kom innspel på konkrete prosjekttema:

**8, Hjorteslakteri – gjere noko i forhold til hjort som ressurs**

**9, Den Trondhjemske Postveg som ei vandre-/sykle-/kajakk-rute inn i prosjektet «Nasjonale turstiar»**

## Samandrag av svar på spørsmål 3

*3, Kva organisasjonar eller nettverk kan vere nyttige for å utvikle nye næringar i bygdene?*

**Dei organisasjonar og nettverk som i størst grad var lista opp i svara var: Bondelag, Hoppid.no, Hanen, Bonde- og småbrukarlag, Innovasjon Norge, destinasjonsselskap, reiselivslag, næringslag og næringskontor.**

Dette syner at mange av dei som var med på møtet ser på dei tradisjonelle næringsorganisasjonane knytt til landbruk, reiseliv, lokal mat og anna lokalt næringsliv som viktige nettverk i utviklingsarbeidet.

# Oppsummering

Det ut til at dei som var på møtet i Hornindal var svært samde om at ei framtidig utviklingsavdeling i Hornindal skal jobbe med:

- **Kompetanseheving, nettverksbygging og motivering.**
- **Støttefunksjonar for næringsdrivande innanfor naturbaserte næringar.**

I tillegg ser vi føre oss at eit hovudprosjekt må bidra til:

- **Å skaffe oversikt over desse arbeidsfelta, bedrifter i området, idear og så vidare.**
- **Å avklare vidare om og på kva måte eventuelt ei eining i Hornindal skal bidra til å byggje ei felles merkevare.**

Vi kjem til å ta med oss desse innspela saman med det vi har gjort tidlegare for å sjå kva ei slik utviklingsavdeling i Hornindal skal vere.

# «Ei sky av ord»

Denne ordskya illustrerer dei stikkorda som vart brukt mest når ein samlar alle individuelle svara frå alle tre spørsmåla.




«Ny næring på gamle tufter»

# Kontaktinfo

## «Ny næring på gamle tufter»

**Prosjektmedarbeidar**
**Kirsti Pernille Indreeide**
E-post: kpi@online.no
Mobil: 94 16 28 63
Kontoradresse: Dalssida 3, 6214 Norddal

**Sunnmøre Kulturnæringshage**
**Martin Folldal, Dagleg leiar**
E-post: mf@sknh.no
Web: www.sknh.no
Mobil: 92 22 41 65
Kontoradresse: Storgata 8, 6100 Volda

**Metafor**
**Else Ragni Yttredal, Prosjektleiar**
E-post: ery@metaforen.no
Web: www.metaforen.no
Mobil: 41 61 34 03
Kontoradresse: Dalssida 3, 6214 Norddal

SUNNMØRE KULTURNÆRINGSHAGE

«Ny næring på gamle tufter»

Metafor

**Møtereferat 16**

## Komitéen for nytt kommunenamn og heraldikk

Møtestad: Smia, Grodås
Tid: måndag 12.02. kl 19.00 – 121.00

Til stades:
Siv Madeleine Kristensen
Rolf Taraldset
Odd A. Folkestad
Jon Tvinnereim

Forfall: Kari Hasle

1. Innkalling til møtet og referat frå førre møtet, 11.01.18, vart godkjende

2. **Vidare arbeid med nytt kommunevåpen og ny ordførarkjede for Nye Volda**.

   a. Leiaren viste til vedtak og saksdokument i sak 4/18 i Fellesnemnda 1.02.18.
   b. Leiaren orienterte om telefonsamtale han hadde med Stig Olav Lødemel 9.02.
   c. Odd A. Folkestad gjorde nærare greie for handsaminga av sak 4/18 i Fellesnemnda

3. Etter ei drøfting av kva Heraldikknemnda no bør gjere i det vidare arbeidet med nytt kommunevåpen for Nye Volda, vart det semje om å be Arvid Sveen om å lage forslag til justering av forslag nr. 28 (vinnar av den utlyste konkurransen.) Jamfør Heraldikknemnda sin konklusjon og tilråding i overleveringsbrev til Fellesnemnda 16.11.17. (Merk: Arvid Sveen vurderte på oppmoding frå Heraldikknemnda tre aktuelle alternativ til nytt kommunevåpen for Nye Volda i november 2017. Vedlegg)
4. Leiaren fekk i oppdrag straks å kontakte Arvid Sveen og be han ta på seg å lage forslag til justering som nemnt i pkt.3.

5. **Nemnda drøfta framdriftsplan for vidare arbeid med kommunevåpen og ordførarkjede**. Det var semje om følgjande plan, med atterhald om uforutsette forseinkande omstende:
6. 
   a. Før møtet i Fellesnemnda 19. april 2018 leverer Heraldikknemnda endeleg forslag til nytt kommunevåpen for Nye Volda.
   b. Før møtet i Fellesnemnda 21. juni 2018 leverer Heraldikknemnda forslag til val av motiv for medaljongane i den nye ordførarkjeda for Nye Volda.
   c. Før møtet i Fellesnemnda 6. september 2018 leverer Heraldikknemnda ferdig forslag til ordførarkjede for Nye Volda.
   d. Heraldikknemnda tek sikte på å overlevere ferdiglaga ordførarkjede til Volda kommune tidleg på hausten 2019 etter nærare avtale med Fellesnemnda.

Referent

Jon Tvinnereim

Vedlegg:

# Vurdering frå Arvid Sveen av tre forslag til kommunevåpen for nye Volda.

På oppmoding frå leiaren i Heraldikkomitêen, Jon Tvinnereim, gav Arvid Sveen i Tromsø 14.11.2017 denne vurderinga av tre tilsende, aktuelle forslag til kommunevåpen for nye Volda. Det er i komitêen si registrering av dei innkomne forslaga: forslag nr 28, nr 23 og 18c.

Arvid Sveen har sidan 1976 teikna meir enn 50 kommune- og fylkesvåpen.

Arvid Sveens vurderingar og konklusjonar som kom til Jon Tvinnereim som e-post sist natt (14.–15.11.):

**«Pennesplitt med et ljåblad på hver side**

Etter tradisjonelle heraldiske regler for norske kommunevåpen har det ikke vært tillatt med to forskjellige motiv i ett våpen. Men under forutsetning av at regelverket her er endret slik at to motiv kan brukes, så synes jeg at dette er det beste utkastet. Det tar godt vare på tradisjonen fra de to tidligere kommunale våpen. En mulig problemstilling kan være den store forskjellen i målestokk, med små ljåblad eller en kjempestor pennesplitt, og dermed forståelsen av hva de to tegnede gjenstandene faktisk er. Tegneren bør kanskje jobbe litt mer med ljåbladenes form i forhold til skjoldformatet, men så langt synes jeg kanskje det mest stiliserte ljåparet er det beste (med spisst ljåblad). Jeg har ingen ljå å sammenligne med her og nå, men ljåbladene må heller ikke sette pennesplitten i en slags parantes. Samtidig er både pennesplitt og ljåblad gode heraldiske motiv.

**Pennesplitt og tre ljåblad bak**

Dette forslaget vil jeg fraråde da figurene ikke lenger er en flat-tegning, men snarere et slags perspektiv der pennesplitt er foran og ljåbladene bak. På avstand får denne sammensatte figuren et annet uttrykk og som nesten kan likne en slags krabbende bille.

**Ambolt**

Dere kjenner selvfølgelig til at Trøgstad i Østfold har sølv ambolt på blå bunn, og at Hol i Buskerud har tre sølv ambolter på blå bunn. At to kommuner allerede bruker motivet synes

kanskje som en god nok grunn til ikke å velge ambolten. Om ambolten likevel skulle velges, ville jeg valgt mer forskjellig farge og metall enn for de andre som er i bruk, for eksempel svart ambolt på gul bunn, eller omvendt gull ambolt på svart bunn, for ambolten er fint tegna!

Jeg ville heller ikke være ulykkelig om den nye kommunen valgte ett av de to våpnene som har vært brukt til nå, men jeg forstår godt ønsket om et samlende motiv i målet om at to nå skal bli til en.

Mer har jeg ikke å si så kort tid i natten, men jeg ønsker lykke til i det videre arbeidet med våpenet.»

Notat 13.02.2018

## Tilbod om justering av forslag til kommunevåpen for Nye Volda

Heraldikknemnda som arbeider med forslag til kommunevåpen for Nye Volda, vedtok i møtet 12.02.18 å be **Arvid Sveen** om å utarbeide justering av detaljar i vinnarutkastet i konkurransen om nytt kommunevåpen for Nye Volda. Det er ei oppfølging av tilrådinga frå Fellesnemnda i sak 4/18 om å «hente inn vegleiing frå heraldiske fagpersonar i utforminga av ny profil» i arbeidet med nytt kommunevåpen.

Arvid Sveen er vald av Heraldikknemnda fordi han er anerkjend som ein svært dugande heraldikar. Han har sidan 1976 teikna meir enn 50 kommune- og fylkesvåpen, og er ein av dei mest nytta fagpersonane på dette området.

I og med at dette er eit mindre oppdrag (justering av detaljar i eit utkast som er tilrådd av Heraldikknemnda), ser vi det som unødvendig å be om tilbod frå fleire enn ein fagperson.

For

*Temakomite for nytt kommunevåpen og heraldikk*

v/ Jon Tvinnereim

leiar

Fra: Jon Tvinnereim[jontvin@yahoo.no]
Sendt: 13.02.2018 16:09:39
Til: Sonja Håvik
Tittel: Møtereferat og Notat

---

Hei,
Vedlegg:

1. Møtereferat.
2. Notat som vedlegg til spørsmål om tilbod frå Arvid Sveen, Tromsø. Korleis kommunen vil sende forespørselen, veit eg ikkje. Eg har i dag snakka med Arvid Sveen, og han er open for oppdraget. Eg viser elles til samtale eg hadde tidlegare i dag med Rune Sjurgard om saka. Han bad meg sende notatet til deg.

Helsing

Jon

Sendt fra E-post for Windows 10

**OS 14/18 Forslag til administrativ hovudstruktur**

REGLEMENT FOR VOLDA KOMMUNE   ja 060218  Utkast




Prinsipp:

1. Nye Volda skal ha tre tenesteutval for:
    a. Helse- og omsorg (THO)
    b. Oppvekst og kultur (TOK)
    c. Forvaltning og utvikling (TFU)
2. Utvala skal ha 9 medlemer og minst 5 skal vere kommunestyremedlemer.
3. Nye Volda skal ha to sett reglement som styrer det politiske arbeidet:
    a. Reglement for forretningsorden m.m. for styre, utval, nemnder og råd.
    b. Reglement for delegasjon.

# Innhold

REGLEMENT FOR VOLDA KOMMUNESTYRE ...... 3
REGLAR OM FORRETNINGSORDENEN M.M. I KOMMUNESTYRET ...... 6
REGLEMENT FOR VOLDA FORMANNSKAP ...... 12
SAMS REGLAR FOR UTVAL ...... 14
REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR (TOK) ...... 15
REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR HELSE- OG OMSORG (THO) ...... 17
REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR FORVALTNING OG UTVIKLING (TFU) ...... 19
MYNDE TIL ORDFØRAR ...... 21
RETNINGSLINJER SOM GJELD TILHØVET MELLOM FOLKEVALDE ORGAN OG ADMINISTRASJONEN ...... 22
REGLEMENT FOR KLAGENEMNDA ...... 23
REGLEMENT FOR VOLDA VALSTYRE ...... 26
REGLEMENT FOR VALNEMNDA ...... 28
REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVALET ...... 29
REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET ...... 30
VEDTEKTER FOR UNGDOMSRÅDET ...... 34
REGLEMENT FOR ELDRERÅDET ...... 36
REGLEMENT FOR RÅD FOR LIKESTILLING AV MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE ...... 38
REGNINGSLINER FOR GRENDAUTVAL I VOLDA KOMMUNE ...... 41
LOKALE RETNINGSLINER FOR BARNEREPRESENTANTEN I VOLDA KOMMUNE ...... 42
ETISKE RETNINGSLINER ...... 44

# REGLEMENT FOR VOLDA KOMMUNESTYRE

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Volda kommunestyre skal ha 33 medlemer med varamedlemer valde etter reglane i kommunelova og vallova.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Kommunestyret er det øvste kommunale organet og gjer vedtak på vegner av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller delegeringsvedtak.
Følgjande avgjerder kan etter kommunelova ikkje delegerast til andre:

- Endre medlemstalet i kommunestyret (§7)
- Opprette/legge ned (omorganisere) og velje medlemer til faste utval, samt fastsetje områda for desse utvala si verksemd (§ 10)
- Vedta reglement for møtegodtgjersle m.m. (§§41, 42 og 43).
- Tilsetje rådmann (§ 22).
- Vedta økonomiplan og årsbudsjett (§§ 44 og 45).
- Tiltak, som vil medføre auka utgifter/inntekter utover vedteke budsjett, og som vil ha verknad for budsjetta i åra framover.
- Fastsetje prisar og salsvilkår for tomter i kommunale byggefelt.
- Å nytte kontantmidelen til finansiering.

Følgjande avgjerder etter kommunelova vert ikkje delegerte til andre:

- Å vedta kommuneplan (§ 5) og andre overordna planar.
- Å handsame søknadar om fritak frå kommunale verv (§ 15).
- Å gjere vedtak om låneopptak (§ 50).
- Å vedta kommunal garanti for andre sine låneopptak (§ 51).

Kommunestyret avgjer sjølv:

- Sakene som etter særlovene ikkje kan delegerast til andre.
- Kommunestyret fastset alle kommunale avgifts- og betalingssatsar sjølv.
- Kommunestyret fastset beløp pr. biloppstillingsplass ved frikjøp.
- Kommunestyret fastset alle kommunale vedtekter sjølv.
- Kommunestyret har hovudansvaret for likestillingsaspektet og for å påsjå at dette vert følgt opp.
- Kommunestyret beheld avgjerdsmynde som kan delegerast, når delegeringsvedtak ikkje er gjort.
- Kommunestyret er klageinstans ved klage på saker tenesteutval og/eller formannskapet har handsama.
- Kommunestyret har rådgjevande rett i alle saker det ikkje har fullmakt til å avgjere innafor sitt ansvars- og arbeidsområde, og har plikt til å uttale seg, når overordna organ bed om det.
- Kommunestyret oppnemner *prosjektnemnder* etter behov. Kommunestyret gjev prosjektnemndene klåre mandat og tidsfristar for arbeidet. Prosjektnemndene

rapporterer til kommunestyret. Prosjektnemndene skal ha godtgjersle for sitt arbeid etter vanlege satsar.

## 3. MØTA I KOMMUNESTYRET

- Kommunestyret gjer vedtak i møte.

- Møta i kommunestyret er opne, jfr. kommunelova § 31.

- Kommunestyret skal ha møte når ordføraren finn det nødvendig eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det blir utarbeidd møteplan for kvart år. Ordføraren kallar kommunestyret saman til møte. I innkallinga skal det stå opplysning om kva tid og kvar helst møtet skal vere, oppgåve over dei sakene som skal handsamast og melding om kvar saksdokumenta er tilgjengelege. Dette gjeld likevel ikkje dokument som kan takast unna for offentleggjering etter Off. lova eller andre lover og som ordføraren finn er av ein slik art at dei ikkje bør bli kjende for andre enn medlemene i kommunestyret.

- Innkalling til møte skal til vanleg vere skriftleg og vere tilgjengeleg minst 6 dagar før vedkomande møte skal haldast. Saksdokumenta skal sendast medlemer og varamedlemer. Saksdokumenta skal vere digitalt tilgjengeleg.

- Kommunestyret er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. På det konstituerande møtet må 2/3 av medlemene vere til stades for at kommunestyret er vedtaksført.
  Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til ordføraren avgjerande, bortsett frå ved val.

- Kommunestyret kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak som er sett på saklista.
  Det kan også gjere vedtak i saker som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene set seg i mot det.

- Rådmannen har møteplikt og talerett. Forslagsrett har berre dei som er valde medlemer.

- Det skal førast møtebok. Møtebok vert lagt ut på heimesida og på lesebrett.

## 4. SAKSHANDSAMING

Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde, sjå kommunelova § 23 nr. 2.

Kommunestyret arbeider etter prinsippet om fullført sakshandsaming - dvs. at alle saker skal vere førebudde for endeleg vedtak.
Formannskapet, tenesteutval (med unntak av økonomisaker) og Valnemnda gir tilråding direkte til kommunestyret innan sine saksområde, i saker der kommunestyret gjer endeleg vedtak.

Unnatak frå dette er sakene om årsbudsjett, budsjettendring, økonomiplan og skattevedtak, der formannskapet alltid innstiller til kommunestyret.

## 5. KLAGE

### 1) Legalitetsklage:

Etter § 59 i kommunelova kan tre eller fleire medlemer av kommunestyret saman bringe ei avgjerd i eit folkevalt organ inn for departementet for å kontrollere at avgjerda er lovleg. Departementet sitt mynde til å avgjere slike saker er delegert til Fylkesmannen.
Fristen for å krevje legalitetskontroll er ved forskrift av 13.1.93 sett til 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort.

### 2) Forvaltningsklage (partsklage):

Etter forvaltningslova sin § 28, 2. ledd, kan enkeltvedtak gjort av kommunestyret klagast på til Fylkesmannen, sjå rundskriv H-25/92 av 1. juni 1993.
Dersom særlov framleis har eigne reglar om klage, gjeld desse framom reglane i forvaltningslova.
Høve til å klage har den som er part i saka eller annan med rettsleg klageinteresse.

## REGLAR OM FORRETNINGSORDENEN M.M. I KOMMUNESTYRET

Reglane gjeld også andre politiske utval så framt dei ikkje er spesielle for kommunestyret.

### 1. FORFALL. VARAMEDLEMER

Når ein medlem eller ein innkalla varamedlem har lovleg forfall til eit møte, skal han gje melding om det til servicekontoret snarast råd og nemne forfallsgrunnen.
Det skal straks kallast inn varamedlem etter reglane i kommunelova § 16 nr. 1. Det same skal gjerast når ein veit at einkvan må gå frå møtet fordi vedkomande er ugild i ei sak som skal opp.
Dersom nokon har lovleg forfall og må gå frå møtet før det er slutt, skal vedkomande straks seie frå til møteleiaren. Er varamedlem til stades, eller kan innkallast, skal varamedlemen kome i staden for den som må gå frå.
Dersom ein varamedlem har teke sete i møtet og den som han møter for eller ein varamedlem som står lenger framme i nummerrekkja kjem seinare, så skal den førstnemnde varamedlemen gå frå, med mindre saka er teken opp til avrøysting.

### 2. MØTESTYRAR. OPNE ELLER STENGDE DØRER. TEIEPLIKT

Ordføraren eller varaordføraren leiar møtet. Har dei begge forfall, vert det valt møteleiar etter reglane i kommunelova § 9.
Møtet skal haldast for opne dører. Men kommunestyret kan gjere vedtak om at ei einskild sak skal vere ført for stengde dører, jf kommunelova § 31. Spørsmålet om dette vert drøfta for stengde dører, dersom møteleiaren krev det eller kommunestyret gjer vedtak om det.
Når det er vedteke at ei sak skal vere ført for stengde dører, har dei som sit i kommunestyret og dei kommunale tenestemennene som er til stades, plikt til å teie om drøftingane og om dei vedtak som vert gjorde, så langt ikkje noko anna vert vedteke. Denne plikta varer til dess noko anna vert fastsett eller til dess grunnane for vedtaket om stengde dører har falle bort. Er det andre til stades når ei slik sak er føre, skal møteleiaren krevje teielovnad av dei.

### 3. MØTET TEK TIL

På den tid som er fastsett, registrerer møteleiaren medlemene og dei varamedlemene som er innkalla. Er det lovlege minstetalet til stades, seier han at møtet er satt.
Frå no og til møtet sluttar, kan ingen av dei som høyrer til kommunestyret gå ut av salen, utan å melde frå til møteleiaren først.
Dei som kjem etter oppropet, skal melde seg til møteleiaren før dei tek sete.

### 4. REKKJEFØLGJA I SAKSHANDSAMINGA. SAK SOM ER TEKEN OPP TIL HANDSAMING OG SAK SOM IKKJE ER NEMNT I INNKALLINGA

Kommunestyret skal ha føre dei sakene som er nemnde i innkallinga, og i den rekkjefølgja dei har der. Førespurnader/interpellasjonar skal likevel kome etter dei andre sakene.
Kommunestyret kan vedta ei anna rekkjefølgje.
Er ei sak teken opp til handsaming skal møtet ikkje sluttast før saka er avgjort ved avrøysting eller kommunestyret har vedteke å utsetje drøftingane om saka.
Ei sak som ikkje er nemnt i innkallinga til kommunestyremøtet, kan ikkje takast opp til realitetsavgjerd dersom møteleiaren eller 1/3 av møtelyden set seg imot at saka vert avgjort. Når saka av den grunn ikkje vert avgjort, skal ho sendast til den kommunale instansen som ho høyrer under, eller ho skal førast opp på saklista for eit seinare møte. Også slike saker er rådmannen ansvarleg for at er forsvarleg utgreidd.

## 5. UGILDSKAP

Den som er ugild i ei sak etter kommunelova § 40 nr. 3 eller som vert friteken etter kommunelova § 40 nr. 4, skal ikkje vere med på å drøfte eller avgjere saka. Vedkomande skal heller ikkje vere med på å drøfte eller avgjere spørsmålet om ugildskap.
Når det kjem inn evt. klager på vedtak som er gjort i tenesteutval, så er dei som har vore med på å gjere første vedtak ugilde.

## 6. DEN UTGREIINGA MØTELEIAREN (ORDFØRAR) SKAL GJE OM SAKA. REKKEFØLGA MELLOM TALARANE

Møteleiaren skal lese opp overskrifta på saka. Han/ho skal nemne kva framlegg/tilråding som ligg føre og gje opplysning om meiningsskilnad hos dei som har gitt tilrådinga og seier frå om dei dokument som har kome til etter tilrådinga var gjeven. Møteleiaren greier ut om saka så langt han/ho synest det trengst.
Møteleiaren spør så om nokon vil ha ordet i saka. Talarane får ordet i den rekkefølgja dei bed om det. Bed to eller fleire om ordet på same tid, fastset møteleiar rekkefølgja mellom dei.

## 7. OM INNLEGG I ORDSKIFTET

Talarane skal rette orda sine til møteleiaren, ikkje til møtelyden. Talaren skal halde seg nøye til saka eller til den delen av saka som ordskiftet gjeld. Møteleiaren skal sjå til at dette vert gjort.
Det må ikkje seiast noko som er ei krenking mot møtelyden, mot nokon som er med i kommunestyret, eller mot andre. Heller ikkje må nokon laga ståk eller uro som uttrykk for misnøye eller støtte.
Bryt nokon ordensføresegnene i reglementet, skal møteleiaren åtvare vedkomande to gonger om det trengst. Rettar vedkomande seg ikkje etter reglementet då heller, kan møteleiaren ta ordet frå vedkomande og la møtelyden røyste over spørsmålet om vedkomande skal stengjast ute frå resten av møtet.

### 7.1. NORMAL TALETID

Taletida vert normalt sett til 3 min. Ordførar kan i særlege høve foreslå utvida taletid.

7.2. REPLIKK
Representantar som ynskjer å gje replikk, varslar dette ved å vise plakaten med bokstaven R til møteleiar medan ein talar har innlegg. Replikken skal vere svært kort (maks 1 minutt) og den skal vere eit tilsvar gjerne formulert som spørsmål på talaren sitt innlegg. Talaren vil ha høve til å gje eit kort svar på replikken (maks 1 minutt).

7.3. STREK
Ordførar kan kome med framlegg om å setje strek når ei sak verkar til å vere tilstrekkeleg belyst. Eit framlegg om strek skal vedtakast av representantane og klubbast. Resten av talarlista vert avgjort straks etter at strek er vedteke f.eks " dei som ynskjer ordet før strek vert sett, teiknar seg medan neste talar har ordet", dei som då ynskjer ordet teiknar seg og vert skrivne på talarlista. Talarlista vert referert og strek vert sett.

## 8. OPPGÅVA TIL MØTELEIAREN I ORDSKIFTET

Møteleiaren må ikkje avbryte nokon som har ordet, utan når han/ho må halde oppe dei føresegnene som er gitt i reglementet og når han/ho vil rette mistydingar hjå talaren.

## 9. FRAMLEGG

Berre dei som er medlemer i kommunestyret kan kome med framlegg til vedtak, dersom ikkje lov gir andre også rett til å kome med framlegg.
Framlegget skal sendast digitalt til møteleiar/sekretær. Eit framlegg kan gjevast munnleg når det går ut på kven som skal veljast eller tilsetjast eller på at den saka som er føre, skal utsetjast eller sendast til formannskapet eller eit anna kommunalt organ, eller går ut på at eit framlegg skal vrakast.

9.1 OVERSENDINGSFRAMLEGG
Framlegg kommunestyret vedtek å oversende utan realitetshandsaming skal ha fylgjande handsaming:
Oversendingsframlegget skal leggast fram for det relevante styre/utval som tek stilling til om dei ynskjer:

1. å fatte vedtak i saka.
2. at rådmannen skal greie ut saka og fremje den for ny handsaming seinare.

## 10. NÅR EI SAK VERT TEKEN OPP TIL RØYSTING

Når ordskiftet er slutt, seier møteleiaren frå at saka er teken opp til røysting. Frå då og til røystinga er gjort, må det ikkje vere meir ordskifte om saka eller setjast fram nye framlegg. Rett til å røyste har berre dei som er med i kommunestyret og som er i salen på den tid saka vert oppteken til røysting. Dei kan ikkje gå ut av salen før røystinga er slutt og har plikt til å røyste. I val og tilsetjing kan det nyttast blank røystesetel, sjå kommunelova § 40 nr. 2.
Er saka oppdelt eller skal det røystast over meir enn eitt framlegg, gjer møteleiaren framlegg om rekkefølgja i røystingane. Vert det ordskifte om dette, skal møteleiaren passe på at talarane held seg berre til røystingsspørsmålet.

## 11. PRØVERØYSTING

Før dei røyster endeleg i ei sak, kan møtelyden halde prøverøystingar som ikkje er bindande.

Er den tilrådinga eller det framlegget dei skal røyste over, delt opp i postar eller paragrafar, bør dei vanlegvis først røyste førebels over kvar post eller paragraf, og så - med eller utan prøverøysting her og - røyste over heile tilrådinga eller heile framlegget.

## 12. RØYSTINGSMÅTEN

Røysting skal gjerast på ein av desse måtane:

- Stillteiande godkjenning, når ingen seier seg mot eit framlegg som møteleiaren set fram med spørsmål om nokon har noko å seie mot det.

- At møteleiaren bed dei som er mot eit framlegg, reise seg eller å rekkje opp handa. Når møteleiaren vil eller ein annan i møtelyden krev det, skal det haldast motprøve, såleis at dei som er for framlegget reiser seg eller rekkjer opp handa.

- Namneopprop, med ja eller nei til svar, når møteleiaren ropar opp namna på dei som møter. Det skal ved loddtrekking avgjerast kva namn oppropet skal ta til med, og så fortset ein i alfabetisk orden. Ein av dei som møteleiaren nemner opp, kontrollerer røystinga med å merke av på lista.
  Namneopprop kan nyttast når møteleiaren vil det, eller når ein i møtelyden krev det og får medhald hjå minst 1/5 av møtelyden.
  Likeins skal det vere namneopprop når møteleiaren eller 1/5 av møtelyden meiner at utfallet av ei røysting etter bokstav b (med motprøve) ikkje går klart nok fram.
  Over spørsmålet om det skal vere namneopprop vert det røysta utan ordskifte på den måten som er nemnt under punktet over.

- Med setlar utan underskrift (skriftleg røysting). Møteleiaren nemner opp to av medlemene til å telje røystene. Røystesetlar kan berre nyttast når det gjeld val eller tilsetjing av tenestemann. Dei skal nyttast i slike høve, dersom nokon av dei som skal røyste krev det.

Står røystene likt i ei avrøysting, skil røysta til møteleiaren, sjå kommunelova § 35 nr. 1. Ved val gjeld likevel reglane i kommunelova § 38 nr. 1.

## 13. OFFENTLEG SPØRJETID

- I samband med ordinært kommunestyremøte, er det ope for inntil 30 minutt offentleg spørjetid i møtesalen. Dette med unntak av møte med budsjett/økonomiplanhandsaming.
- Dersom ingen fremjar spørsmål, eller at heile spørjetida ikkje vert nytta, skal kommunestyremøtet settast.
- Alle som er busett i Volda kommune kan stille spørsmål. Spørsmål skal stillast til ordførar som kan rette spørsmålet vidare til medlem i kommunestyret. Kommunestyremedlemer og varamedlemer kan ikkje delta som spørsmålstillarar.

- Spørsmåla skal vere korte og verte framført på inntil 3 minutt. Spørsmåla må handle om kommunale forhold, og vere av allmenn interesse. Spørsmåla må vere framlagt ordførar seinast dagen før kommunestyremøtet. Spørsmål som ikkje kan gjevast eit forsvarleg svar kan ordføraren utsette til neste møte.

- Ordførar kan avvise spørsmål som:
  - inneheld angrep på innbyggarar.
  - inneheld fortruleg innhald
  - bør stillast til den kommunale administrasjonen.
  - er stilt i same eller liknande form i løpet av dei siste 6 månadar.

- Spørsmål som kan knytast til saker på dagsorden for gjeldande møte skal avvisast.
- Offentleg spørjetime vert ikkje nytta dei 3 siste månadane før kommuneval.
- Det skal årleg haldast ein ungdomens spørjetime i kommunestyret.

## 14. GRUNNGJEVE SPØRSMÅL

Kommunestyremedlemer kan levere inn grunngjeve spørsmål til ordførar. Spørsmåla skal gjelde konkrete forhold og skal fremjast skriftleg av ein representant seinast 3 dagar før kommunestyremøtet (kl.12.00).
Spørsmål og svar vert lagt på representantane sitt bord i møtet.
Spørsmålstillar får ordet til framføring av spørsmålet. Ordførar svarar. Spørsmål skal kunne framførast på 3 minutt. Svarar har inntil 10 minutt til rådvelde.
Spørsmålstillar har høve til eit kort tilleggsspørsmål og ordførar har høve til å gje eit kort tilleggssvar.
Det er ikkje høve til å kome med framlegg.
Det er ikkje høve for andre enn spørjar og svarar til å delta i ordskifte.

## 15. INTERPELLASJONAR

- Interpellasjon er ein førespurnad som gjeld prinsipielle spørsmål.
- Interpellasjonen skal vere levert 8 dagar før kommunestyremøtet.
- Interpellasjonen vert sendt kommunestyremedlemene saman med sakspapira til møtet. Interpellanten eller svararen kan fremje framlegg som kan takast opp til votering.
- Framlegg kan ikkje takast opp til realitetshandsaming, dersom møteleiaren eller 1/3 av møtelyden er imot å ta avgjerd.
- Kommunestyre kan velje å gjere endeleg vedtak eller oversende saka til formannskapet som då tek stilling til vidare sakshandsaming.
- Interpellasjonen har ei maks handsamingstid på 30 minutt.
- Interpellant og svarar får ordet 2 gonger kvar, medan øvrige kommunestyremedlemer kan få ordet ein gong kvar.

## 16. PROTOKOLLTILFØRSEL

Protokolltilførsel er eit mindretal sitt høve til å markere dissens med fleirtalet.

Protokolltilførsel bør varslast før ein går til votering. Ordførar/møteleiar avgjer om protokolltilførselen skal godtakast.
Dersom ein representant ynskjer protokolltilførsel etter votering i saka, avgjer ordførar/møteleiar om protokolltilførselen skal tillatast. Dersom ordførar/møteleiar ikkje vil godta protokolltilførselen og denne avgjerda vert protestert mot, skal representantane i møtet avgjer om protokolltilførselen skal godtakast eller ikkje.

## 17. ORDEN I SALEN OG BYGNINGA

Møteleiaren skal syte for at det er god orden i møtesalen og elles i bygninga. Han/ho skal syte for at talarane ikkje vert avbrotne eller uroa frå nokon kant. I fall dei som høyrer på (publikum) skiplar debatten anten med å syne misnøye eller støtte eller på annan måte, kan møteleiaren vise ut anten alle eller nokre tilhøyrarar. Det same gjeld når dei elles syner framferd som er i strid med god orden.

## 18. MØTEBOK. NÅR MØTET SLUTTAR

Kommunestyret fører bok over møta sine.

I møteboka skal førast inn for kvart møte: møtestad, møtetid, innkallinga (innkallingsdag og -måte), namna til dei medlemene som ikkje møter og namna til dei varamedlemene som møter i staden.
Kjem nokon til eller går nokon frå medan møtet varer, skal det førast inn, såleis at boka saman med lista over dei som er valde, syner kven som har vore med i kvar sak.

Elles skal det førast inn det som trengst for å syne gangen i saka og at vedtaka er gjorde etter rett framgangsmåte. Sakene skal bokførast i rekkefølgje for kalendaråret, og såleis at ein kan sjå kva saka gjeld. I kvar sak skal dei framlegga som vart sett fram bokførast, så nær som dei realitetsframlegga som det etter pkt. 4, siste leden og pkt. 14 ovanfor ikkje vert røysta over. Møteleiaren avgjer om nokon skal få utsegner/protokolltilførslar innførde i møteboka. Kjem det motmæle mot hans/hennar avgjerd, skal kommunestyret avgjere spørsmålet.

Møteboka vert godkjent i det påfylgjande møtet.

## REGLEMENT FOR VOLDA FORMANNSKAP

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Volda formannskap skal ha 9 medlemer med varamedlemer valde etter reglane i kommunelova § 8.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Formannskapet har følgjande ansvarsområde:

- Finansutval – fremjar innstilling til kommunestyret i saker som gjeld årsmelding, rekneskap, budsjett, økonomiplan, skattevedtak og budsjettendringar (Kommunelova).
- Oppfølging av saker i tråd med vedteken organisasjonsplan
- Valstyre (Vallova)
- Klagenemnd
- Beredskap (Beredskapslova)
- Hastesaker (Kommunelova § 13)
- Vedta lokale avtalar med arbeidstakarorganisasjonar
- Plansaker etter plan- og bygningslova (som ikkje er delegert)
- Næringssaker
- Andre oppgåver som ikkje er lagt til andre styre/utval.

Finansutval –Formannskapet har dei arbeidsoppgåvene som følgjer av kommunelova § 8 og gir tilråding til kommunestyret i desse sakene, som gjeld forslag til økonomiplan, årsbudsjett, budsjettendring og skattevedtak.

- Formannskapet skal ta opp ad hoc-saker og saker som ikkje fell naturleg inn under andre styre sitt arbeidsområde.

- Formannskapet får mynde til å gjere vedtak i saker som hastar (sjå kommunelova § 13.1). (Vedtak i hastesaker skal leggjast fram for kommunestyret som meldingssak(er) i førstkomande møte.

Formannskapet får fullmakt til å ettergje heilt eller delvis krav på avgifter til kommunen anten avgiftene er pålagt etter kommunelova eller har heimel i særlov. Det same gjeld krav som kommunen har på fysiske/juridiske personer.

Formannskapet har elles rådgjevande rett i alle saker det ikkje har fullmakt til å avgjere innafor sitt ansvars- og arbeidsområde, og har plikt til å uttale seg, når overordna organ bed om det.

Formannskapet skal i sitt arbeid vurdere

- o likestilling mellom kvinner og menn
- o likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten
- o likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

## 3. MØTA I FORMANNSKAPET

Formannskapet gjer vedtak i møte. Elles gjeld reglane i kommunelova § 30 om fjernmøte m.m.

- Møta i formannskapet er opne, dersom ikkje anna følgjer av lovfeste teieplikt, eller andre omsyn, som er omtalt i kommunelova § 31.
- Formannskapet skal ha møte når ordføraren finn det nødvendig eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det blir utarbeidd møteplan for kvart år.
- Innkalling til møte skal til vanleg vere skriftleg (digital) og vere sendt minst 5 dagar før møtet skal haldast.
- Saksdokumenta skal sendast ut digitalt til medlemer og varamedlemer, samt andre med møterett.
- Saksdokumenta skal vere tilgjengeleg digitalt.
- Formannskapet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.
- Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til ordføraren avgjerande, bortsett frå ved val.
- Formannskapet kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak som er sett på saklista.
- Formannskapet kan gjere vedtak i saker som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene set seg i mot det.
- Rådmannen har møteplikt og talerett.
- Barnerepresentanten møter med særlig ansvar for å ivareta barn sine interesser når formannskapet handsamar saker etter plan- og bygningslova, plandelen. Sjå elles eigne retningsliner i vedlegg til dette reglementet.
- Forslagsrett har berre dei som er valde medlemer.

## 4. SAKSHANDSAMING

- Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde, (sjå kommunelova § 23 nr. 2).
- Alle skal vere førebudde for endeleg vedtak.
- Formannskapet innstiller direkte til kommunestyret innan sitt arbeidsområde, i saker der kommunestyret gjer endeleg vedtak.
- I tillegg innstiller formannskapet til kommunestyret når det gjeld årsbudsjett, budsjettendringar, økonomiplan og skattevedtak.

## SAMS REGLAR FOR UTVAL

Desse reglane gjeld for alle utval og nemnder om ikkje anna er bestemt

### MØTA I UTVALET

- Leiaren skal godkjenne saklistene til alle møte, før saksdokumenta vert utsendte.
- Utvalet gjer vedtak i møte. Elles gjeld reglane i kommunelova § 30 om fjernmøte m.m.
- Møta i utvalet er opne, dersom ikkje anna følgjer av lovfesta teieplikt, eller andre omsyn, som er omtalt i kommunelova § 31.
- Utvalet skal ha møte, når leiaren finn det nødvendig, eller når minst 1/3 av medlemene krev det. Det skal utarbeidast møteplan, der ein søkjer å unngå at møte vert lagt til same tidspunkt som møte i andre kommunale styreorgan.
- Innkalling til møte skal til vanleg skje digitalt, og vere sendt minst 5 dagar før møtet skal haldast.
- Saksdokumenta skal sendast digitalt til alle medlemer og varamedlemer, samt andre med møterett og til varaordføraren.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.
- Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til leiaren avgjerande.
- Utvalet kan gjere vedtak i saker, som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande medlemer set seg mot det.
- Ordførar og rådmann, eller den rådmannen gjev fullmakt, har møte- og talerett.
- Forslagsrett har berre møtande medlemer.
- Det skal førast møtebok og som skal leggast ut på heimeside og på nettbrett.
- Rådmannen syter for at utvalet har sekretærhjelp.

### SAKSHANDSAMING

- Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde (sjå kommunelova § 23 nr. 2).
- Alle saker, som vert handsama i utvalet, skal vere førebudde for endeleg vedtak. Utvalet fremjer tilråding direkte til kommunestyret, når kommunestyret skal gjere endeleg vedtak, med unnatak for enkeltsaker med økonomiske konsekvensar utover utvalet sine fullmakter, samt årsbudsjett- og økonomiplanvedtak, der formannskapet iflg. kommunelova § 45 skal innstille til kommunestyret.

# REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR OPPVEKST OG KULTUR (TOK)

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Utvalet har 9 medlemer med varamedlemer valde av kommunestyret.
Minst 5 medlemer skal vere kommunestyremedlemer.
Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemer i kommunestyret.
Vala gjeld for den kommunale valperioden.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Utvalet har følgjande ansvarsområde:
Handsaming av alle saker som gjeld oppvekst – barn, unge, familie og kultur. Oppvekstsjefen møter fast, andre sektorsjefar møter utvalet etter behov.

Utvalet har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til: Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.

Utvalet skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.
Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt og som driv oppsøkande verksemd*
- *Innovasjon og utvikling av kommunen sine tenester og ha eit heilskapleg og langsiktig perspektiv i tillegg til å ivareta sektorområdet.*
- *Eit godt omdøme*

Utvalet skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:
- Fremjing av forslag til driftstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden innan ansvarsområdet
- Sjå til økonomirapportering i samsvar med budsjett og økonomireglement
- Politisk ansvar for alle tiltak i driftsbudsjettet som gjeld barn, unge, familie og kultur.
- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane.

- Høve til å omdisponere årsbudsjettet innafor styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafor den ramma kommunestyret har fastsett - f.t. inntil 250. 000 kr.
- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld driftstiltak og kommunen si forretningsverksemd, når avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer tenesteutvalet innstilling til formannskapet.
- Utvalet skal i sitt arbeid vurdere

  likestilling mellom kvinner og menn
  likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten
  likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

# REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR HELSE- OG OMSORG (THO)

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Utvalet har 9 medlemer med varamedlemer valde av kommunestyret.
Minst 5 medlemer skal vere kommunestyremedlemer.
Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemer i kommunestyret.
Vala gjeld for den kommunale valperioden.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Utvalet har følgjande ansvarsområde:
Handsaming av alle saker som gjeld pleie og omsorg, primærhelse, rus og psykisk helse m.m.
Helse-/omsorgssjefen møter fast, andre sektorsjefar etter behov.
Utvalet har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til:
Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.

Utvalet skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.
Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Innovasjon og utvikling av kommunen sine tenester og ha eit heilskapleg og langsiktig perspektiv i tillegg til å ivareta sektorområdet.*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt og som driv oppsøkande verksemd*
- *Eit godt omdøme*

Utvalet skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:
- Fremjing av forslag til driftstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden innan ansvarsområdet
- Sjå til økonomirapportering i samsvar med budsjett og økonomireglement
- Politisk ansvar for alle tiltak i driftsbudsjettet som gjeld pleie og omsorg, primærhelse, rus og psykisk helse m.m..

- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane.
- Høve til å omdisponere årsbudsjettet innafor styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafor den ramma kommunestyret har fastsett- f.t. inntil 250. 000 kr.
- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld driftstiltak og kommunen si forretningsverksemd, når avgjerdsmynde ikkje er lagt til andre. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer tenesteutvalet innstilling til formannskapet.
- Utvalet skal i sitt arbeid vurdere

    likestilling mellom kvinner og menn
    likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten
    likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

# REGLEMENT FOR TENESTEUTVAL FOR FORVALTNING OG UTVIKLING (TFU)

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Utvalet har 9 medlemer med varamedlemer valde av kommunestyret.
Minst 5 medlemer skal vere kommunestyremedlemer.
Kommunestyret vel leiar og nestleiar, som begge skal vere medlemer i kommunestyret.
Vala gjeld for den kommunale valperioden.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Utvalet har følgjande arbeidsområde:
Handsaming av alle saker, der kommunen kan påleggje einskildpersonar, foretak eller grupper plikter eller gje einskildpersonar, foretak eller grupper rettar med heimel i lov innanfor planlegging, byggjesak og teknisk område i kommunen, samt viltforvaltning/innlandsfiske, friluftsliv, miljø og landbruk.
Utvalet har avgjerdsmynde i slike saker, så langt avgjerdsmyndet ikkje er lagt til; Kommunestyret eller formannskapet, er delegert til rådmannen, eller i særlov er lagt til anna mynde i kommunen.
Utvalet skal uttale seg til formannskapet om økonomiplan- og budsjettforslag for sine ansvarsområde, før formannskapet fremjer innstilling til kommunestyret.

Utvalet skal i lag med administrasjonen stimulere:

- *Arena og rom for utviklingsarbeid. Organisering som opnar for kreativitet og utvikling av kommunen; samfunnet er i utvikling og dette bør også kommunen speile (f.eks. Bulyst); rom for å ta opp nye idear*
- *Vere gode tilretteleggjarar, effektive og sikre god kvalitet*
- *Gode samarbeidsprosessar mellom politikarane og administrasjonen som sikrar gode beslutningsgrunnlag og at vedtak blir følgd opp*
- *Innovasjon og utvikling av kommunen sine tenester og ha eit heilskapleg og langsiktig perspektiv i tillegg til å ivareta sektorområdet.*
- *Politikarar med oversikt og faginnsikt og som driv oppsøkande verksemd*
- *Eit godt omdøme*

Utvalet skal arbeide med dei sakene som ligg innanfor arbeidsområdet, og som omfattar:

- Fremjing av forslag til investeringstiltak i årsbudsjett- og økonomiplanperioden
- Politisk ansvar for alle tiltak i investeringsbudsjettet
- Fremjing av driftsbudsjettforslag for kommunen sine bygg og anlegg som ligg under utvalet sitt område
- Politisk ansvar for vedlikehald og tilsyn med kommunen sine eigedomar (bygg og anlegg) innanfor utvalet sitt område

- Rett til å kome med innspel i budsjett- og økonomiplanprosessane
- Høve til å omdisponere årsbudsjettet innafor styret sitt ansvarsområde, dersom det kan gjerast innafor den ramma kommunestyret har fastsett, f.t.– inntil 250 000 kr.

- Å gjere vedtak i alle kommunalpolitiske saker, som gjeld private personar og/eller private rettssubjekt sine rettar og plikter, som t.d. forvaltning av jordlova. Har vedtaket direkte konsekvensar for omfanget av kommunen sin tenesteproduksjon og/eller økonomiske konsekvensar, som ikkje er planlagte i årsbudsjett og/eller økonomiplan, fremjer utvalet innstilling til formannskapet.

- Fylgjande mynde etter plandelen i plan og bygningslov vert delegert til utvalet:
  - §12-14 - andre avsnitt. Mindre vesentleg reguleringsendring.
  - §13-1 - Mellombels bygge og deleforbod.
  - §19-4- dispensasjonsmynde

- Utvalet skal i sitt arbeid vurdere

  likestilling mellom kvinner og menn
  likestilling mellom etniske minoritetar og majoriteten
  likestilling mellom funksjonsfriske og personar med nedsette funksjonar

## MYNDE TIL ORDFØRAR

Ordføraren er kommunen sin politiske frontfigur og skal representere kommunen utad. Han skal fungere som bindeledd mellom folkevalde organ og rådmannen / administrasjonen.

Ordføraren har ei godtgjersle som vert fastsett av kommunestyret.

I samsvar med Kommunelova §9 nr. 3 skal ordføraren vere:
- møteleiar for formannskap og kommunestyre.
- kommunen sin rettslege representant.

I samsvar med §9 gir kommunestyret ordføraren fullmakt til å:
- Skrive under på kommunen sine vegne i saker der mynde ikkje er tillagt andre.
- Gå til søksmål på kommunen sine vegne.
- Krevje off. påtale på kommunen sine vegne.
- Til å representere kommunen i generalforsamling, årsmøte o.l. i selskap eller partslag o.l. der kommunen har eigarinteresser vert valt ordføraren med varaordføraren som vararepresentant. Dersom ikkje nokon av desse kan møte, får ordføraren fullmakt til å oppnemne ein annan vararepresentant. Dette gjeld ikkje der det er oppnemnt kommunal representant ved særskilt val.
- Fullmakt i høve gåver: I representasjonsmessig samanheng får ordførar fullmakt til å gje/overlevere gåver til ein kostnad på maks. kr. 5.000

Ordføraren har møte- og talerett i alle politiske utval.

Vidare skal ordføraren syte for å sette overordna samfunnspolitiske spørsmål, som vedkjem kommunen, på dagsorden i det politiske systemet.

Ordføraren er ansvarleg for at saker som skal til politisk behandling vert tekne opp, fordelte og behandla i kompetent organ.

Han skal også sjå til at sakene vert behandla etter saksbehandlingsreglane i lover, forskrifter og kommunale reglement, og dessutan medverke til at debatt og ordbruk ligg innafor aksepterte normer.

# RETNINGSLINJER SOM GJELD TILHØVET MELLOM FOLKEVALDE ORGAN OG ADMINISTRASJONEN

## 1. Av formell karakter

1.1 Kritikk
Kommunestyret er arbeidsgjevar for rådmannen og skal opptre profesjonelt og ha fokus på omdøme. Kritikk frå politikarar framsett offentleg, skal vere sakleg og ikkje personleg. Dette skal rettast til rådmannen og ikkje til namngjeven tilsett.

1.2 Klage
Klage frå politikarar på tilsette vert å ta opp med rådmannen, slik at vedkomande kan få imøtegå den/oppklare mistydingar, eller lære av den aktuelle situasjonen.

## 2. Av prinsipiell karakter

2.1 Avklaringar
Dersom administrasjonen finn vedtak i folkevalde organ uklare, ufullstendige eller ikkje i samsvar med gjeldande lovverk og forskrifter, føresete ein tilbakemelding om dette frå administrasjonen si side til vedkomande politisk organ så snart som mogleg.

Når grunnlaget for å reagerer kjem frå formannskapet eller kommunestyret skal slike tilbakemeldingar skje via rådmannen.

I andre tilfelle kan rådmannen, dei som representerer rådmannen, eller sakshandsamar rette seg til vedkomande politisk organ som har handsama saka.

Før, eller tidleg i omfattande utredningsarbeid, planarbeid og arbeid med uttalar, skal sakene leggast fram for dei respektive utval til drøfting.

# REGLEMENT FOR KLAGENEMNDA

## 1. VAL OG SAMANSETJING

I kommunen skal det vere ei klagenemnd som består av formannskapet.
Leiarfunksjon vert lagt til ordførar. Nestleiarfunksjon vert lagt til varaordførar.

Vala gjeld for den kommunale valperioden.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Klagenemnda skal handsame klager på enkeltvedtak etter forvaltningslova § 28 andre ledd, gjort administrativt eller av kommunale utval.
Klage på enkeltvedtak gjort av formannskapet skal gå til kommunestyret som klageinstans.
Klage på enkeltvedtak gjort av kommunestyret skal gå til Fylkesmannen i Møre og Romsdal som klageinstans. Tilsvarande gjeld for vedtak i formannskapet etter hasteparagrafen - kommunelova § 13. (Gjeld det saker etter lover forvalta av Undervisning- og forskingsdepartementet skal dei gå til Statens Utdanningskontor)

Enkeltvedtak er ei avgjerd som vert gjort under utøving av offentleg mynde og som generelt eller konkret er bestemmande for rettar og plikter til ein eller fleire bestemte personar.
Døme på kva som kan vere slike enkeltvedtak går fram av vedlegget til reglementet.

## 3. OPPGÅVER OG RETTAR

**Klagenemnda sin kompetanse:**
Klagenemnda skal prøve alle sider av det vedtaket som er påklaga, dvs. både dei rettslege sidene, sakshandsaminga og det skjønnet som er utøvd. Vidare skal klagenemnda ta omsyn til både nye opplysningar og forhold som klagaren ikkje har teke opp. Klagenemnda har elles plikt til å vurdere dei forholda som er tekne opp i klaga.

Klagenemnda kan også endre vedtaket til skade for klagaren. Dette kan gjerast når klagaren sine interesser "finnes å måtte vike for hensynet til andre privatpersoner eller offentlige interesser".
Det er vidare eit absolutt vilkår i desse tilfella at melding om at vedtaket vil bli endra til skade er sendt klagaren innan 3 månader etter at underinstansen mottok klaga.

Klagenemnda har valet mellom å stadfeste vedtaket i underinstansen, gjere nytt vedtak sjølv eller oppheve vedtaket i underinstansen og sende saka tilbake til heil eller delvis ny handsaming.
Klagenemnda sitt vedtak i klagesaka kan som hovudregel ikkje påklagast.

## 4. SAKSGANG I KLAGESAKER

Klaga skal setjast fram for det forvaltningsorganet/underinstansen (administrativt nivå el. politisk utval) som har gjort vedtaket.

**Underinstansen:**
Underinstansen klargjer fakta i saka og gjer dei undersøkingar den meiner klaga gir grunn til, varslar ev. motpartar m.m., jfr. reglane i forvaltningslova.
Underinstansen kan:

**avvise klaga,**

**gje klagaren medhald i klaga, ev. delvis medhald,**

Dersom klagaren får delvis medhald, er det høve til å klage på det nye vedtaket. Blir det så klaga på dette, skal underinstansen straks sende den vidare til klageinstansen, med mindre klagaren set fram nye opplysningar som gir god grunn for underinstansen til å foreta nærare undersøkingar og tilrettelegging av klagen.

**endre vedtaket,**

Underinstansen kan også endre vedtaket, men berre til gunst for klagaren. Dersom underinstansen endrar vedtaket sitt, er klagehandsaminga avslutta. Det nye vedtaket kan påklagast på vanleg måte.

**halde fast på vedtaket sitt**

Dersom underinstansen ikkje gjer nytt vedtak (dvs. held fast på tidlegare vedtak), skal saka sendast over til klageinstansen "så snart den er tilrettelagt".

**Klageinstansen/klagenemnda:**

Klagenemnda skal vurdere saka på grunnlag av fakta.
Klagenemnda kan:

- stadfeste vedtaket i underinstansen,
- gjere nytt vedtak sjølv, eller
- oppheve vedtaket i underinstansen og sende saka tilbake for ny handsaming der.

Jfr. elles pkt. 3 ovanfor.

Klaga kan avvisast når den ikkje er komen fram i tide, jfr. likevel forvaltningslova § 31, eller når den som klagar ikkje har klagerett.
Vedtak i klageinstansen om å avvise ei klage kan ikkje påklagast med heimel i forvaltningslova § 28.

## 5. SAKSHANDSAMING

Klagenemnda gjer vedtak på grunnlag av det som går fram av klaga, saksutgreiinga til underinstansen og ev. uttale frå underinstansen om klaga. Det blir ikkje skrive eiga saksutgreiing frå administrasjonen til klagenemnda, jfr. nedanfor om ugildskap.

Ønskjer klagenemnda imidlertid meir utgreiing i saka etter at underinstansen har hatt den, kan leiaren i klagenemnda, ordføraren, ekstern advokat eller tilsett i ei anna kommune stå føre dette arbeidet.

Ugildskap:

Reglane i forvaltningslova og kommunelova om ugildskap gjeld også for denne nemnda. Spesielt for klagenemnda er kommunelova § 40 nr. 3c som seier at:

*Tilsette og folkevalde som var med på å førebu eller handsame det vedtaket som det vert klaga på, kan ikkje ta del i saksførebuinga for eller handsaminga av saka i klagenemnda.*

Det betyr at den sakshandsamaren som skreiv saka, kan lage ny saksutgreiing til underinstansen. Til klagenemnda må ev. ny saksutgreiing utarbeidast eksternt, jfr. ovanfor. Til vanleg vert særutskrift av saka frå underinstansen sendt klagenemnda utan meir saksutgreiing. Vidare vil ein tilsett som er direkte underordna ein tilsett som er ugild, ikkje kunne delta korkje ved saksførebuinga til klagenemnda eller som valt medlem av denne.

Det betyr at ein politikar som har vore med under ordinær handsaming av saka i eit utval (1. gongs handsaming) eller ved utvalet si neste handsaming, der klagen og tidlegare sak vert lagt fram (handsaming i underinstansen) er ugild og ikkje kan ta del i klagenemnda når denne saka blir handsama.

## 6. KLAGE.

**Legalitetsklage:**
Etter § 59 i kommunelova kan tre eller fleire medlemer av kommunestyret saman bringe ei avgjerd i klagenemnda inn for departementet for å kontrollere at avgjerda er lovleg. Departementet sitt mynde til å avgjere slike saker er delegert til Fylkesmannen, jfr. departementet sitt rundskriv H 25/92 av 1.6.93.
Fristen for å krevje legalitetskontroll er ved forskrift av 13.1.93, jfr. rundskriv H-4/93, sett til 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort.

**REGLEMENT FOR VOLDA VALSTYRE**

# 1. VAL OG SAMANSETJING

I kommunen skal det vere eit valstyre, som består av formannskapet.
Leiarfunksjonen vert lagt til ordførar og nestleiarfunksjonen til varaordførar.
Vala gjeld for den kommunale valperioden.

# 2. ARBEIDSOMRÅDE

Valstyret skal førebu og gjennomføre val i kommunen, herunder m.a. arbeid med stortingsval, sametingsval, fylkestingsval og kommunestyreval, i samsvar med:

- "Lov om stortingsval, fylkestingsval og kommunestyreval (Vallova)" av 1. mars 1985 med seinare endringar.
- "Lov om Sameting og andre samiske rettsforhold" av 12. juni 1987 nr. 56.
- Reglar for val av sameting, fastsett ved kgl.res. av 8. juli 1988, 14. april og 28. juli 1989, og 8. januar 1993.

# 3. FASTE UNDERUTVAL/KOMITEAR

**Røystestyra:**
Følgjande faste underutval er oppretta:
- Røystestyre for Hornindal krins
- Røystestyre for Mork krins
- Røystestyre for Øyra krins
- Røystestyre for Austefjord krins
- Røystestyre for Folkestad krins
- Røystestyre for Dalsfjord krins

Valstyret får fullmakt til å velje eit røystestyre på minst 3 medlemer med varamedlemer for kvar av krinsane og leiar og nestleiar for styra.
Som medlemer/varamedlemer skal helst veljast personar busette i krinsen.
Kommunestyremedlemer frå krinsen skal gå inn som medlemer.
Vala gjeld for den kommunale valperioden.

**Komitear/ad-hoc-utval**
Valstyret kan opprette komitear til førebuande handsaming av saker og til å utføre særlege verv (arbeid av forbigåande art), jfr. kommunelova § 10, nr. 5.

# 4. OPPGÅVER OG RETTAR

**Avgjerdsrett**
Valstyret avgjer saker som følgje av vallova.
Mynde etter Reglane om val av sameting som samevalstyre er lagt til valstyret.
Valstyret oppnemner/utpeikar sjølv nødvendige hjelparar i arbeidet med gjennomføringa av dei ulike vala (til røysting på førehand, manntalsførebuing, ev. sekretærhjelp).

**Commented [IJ1]:** Liten r (reglane)

**Vidaredelegering**
Ovannemnde delegeringar omfattar ikkje mynde til vidaredelegering. Dersom utvalet ønskjer å delegere til andre utval eller administrasjonen, må forslag om dette sendast kommunestyret for endeleg avgjerd.

**Rådgjevande rett**
Valstyret har rådgjevande rett i alle saker det ikkje har fullmakt til å avgjere innanfor sitt ansvars- og arbeidsområde, og har også elles plikt til å uttale seg, når overordna organ bed om det.

# 5. DELEGERING TIL LEIAREN

Avgjerdsmynde i enkeltsaker eller typar av saker som er å sjå på som kurante vert delegert til leiaren.

## REGLEMENT FOR VALNEMNDA

### 1. VAL OG SAMANSETJING

Valnemnda har f.t. 10 medlemer med varamedlemer valde av og blant medlemene i kommunestyret, slik at dei største gruppene får 2 medlemer kvar og dei minste 1 medlem kvar. (Retningsgjevande: Minst 5 medlemer i gruppa gir 2 medlemer i valnemnda.)

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Vala gjeld for den kommunale valperioden.

### 2. ARBEIDSOMRÅDE/OPPGÅVE OG RETTAR

Valnemnda skal kome med tilråding til kommunestyret om val av medlemer/varamedlemer til ulike utval, nemnder, styre og råd.
Slike val skjer i starten på kvar valperiode og elles ved suppleringsval og andre val i løpet av perioden med grunnlag i den til ei kvar tid vedtekne nemndstrukturen.

Utvalet skal i sitt arbeid ta omsyn til intensjonane i likestillingslova.
Elles gjeld reglane om gjennomføring av prinsippet om kjønnsmessig balanse ved val til offentlege utval i kommunelova §§ 36, 37 og 38.

- **Delegert mynde**
  Valnemnda får delegert mynde etter Domstollova § 74 til å halde førebuande valmøte i samband med val av lagrettemedlemer, meddomarar og jordskiftemeddomarar.

- **Vidaredelegering**
  Ovannemnde delegeringar omfattar ikkje mynde til vidaredelegering. Dersom utvalet ønskjer å delegere til andre utval eller administrasjonen, må forslag om dette sendast kommunestyret for endeleg avgjerd.

- **Rådgjevande rett**
  Valnemnda har elles plikt til å uttale seg, når overordna organ bed om det.

## REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVALET

# 1. VAL OG SAMANSETJING

Administrasjonsutvalet skal ha 7 medlemer med varamedlemer:

- 5 valde av kommunestyret blant medlemene i formannskapet. Kommunestyret vel og leiar og nestleiar blant desse.
  Valet gjeld for den kommunale valperioden.
- 2 utpeika etter prinsippet om høvetalsval av og blant arbeidstakarorganisasjonane, jfr. Hovudavtalen § 13-1 b.
  Valet gjeld for 2 år om gongen.

# 2. ARBEIDSOMRÅDE

Administrasjonsutvalet skal ha som arbeidsområde saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette, jfr. kommuneloven § 25 og Hovudavtalen § 13.
Utvalet har eit hovudansvar for å ta initiativ innan dette arbeidsområdet.
Dei politisk valde medlemene i utvalet handsamar tolkingsspørsmål i høve reglementet for møtegodtgjersle, dekking av tapt arbeidsforteneste og utgifter elles for politiske verv.
Administrasjonsutvalet skal i sitt arbeid ta omsyn til intensjonane i likestillingslova.

# 3. FORHANDLINGSUTVAL FOR RÅDMANN OG FASTE UNDERUTVAL

**Forhandlingsutval for rådmann**
Forhandlingsutvalet skal ha 3 medlemer (ordførar, varaordførar og ein til frå formannskapet).
Forhandlingsutvalet fastset løn og ev andre vilkår for rådmannen i samsvar med årleg vurdering av lønsvilkår etter HTA kap 3.4.1.

**Komitear/ad hoc-utval**
Administrasjonsutvalet kan opprette komitear til førebuande handsaming av saker og til å utføre særlege verv (arbeid av forbigåande art), jfr. kommunelova § 10, nr. 5.

# 4. OPPGÅVER OG RETTAR

## 4.1 AVGJERDSRETT

Administrasjonsutvalet gjer vedtak innanfor dei rammene og etter dei retningslinene som er fastsette i lov, gjevne i medhald av lov, eller er vedtekne av kommunestyret - herunder:

- Mynde til å trekke opp personalpolitiske retningsliner og gjere vedtak om reglement som vedkjem forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.
- Endre/rullere vedtekne reglement/retningsliner med mindre slikt mynde er lagt til andre.

- Ta stode til tvistar om tolking og praktisering av avtalar, reglement og andre føresegner som gjeld arbeidstakarane sine tilsetjing- og arbeidsvilkår.
- Avgjere søknader om permisjon, bruk av eigen bil, telefongodtgjersle og søknader om høve til å ha ekstraarbeid utanom hovudstilling for stillingar, med mindre avgjerdsmynde er delegert til administrasjonen.
- Gjere vedtak om pensjonsordning for kommunalt tilsette i samsvar med kommunelova § 24 nr. 4.
- Arbeidsgjevarrepresentantane får mynde til å avgjere saker vedk. A-rundskriv frå Kommunenes Sentralforbund som krev vedtak.

### 4.2 RÅDGJEVANDE RETT

Administrasjonsutvalet har rådgjevande rett i alle saker det ikkje har fullmakt til å avgjere innanfor sitt ansvars- og arbeidsområde, og har også elles plikt til å uttale seg, når overordna organ bed om det.

## 5. KOMPETANSE OG HABILITET FOR ARBEIDSTAKARREPRESENTANTANE

Representantane for dei tilsette har same rettar og plikter som dei politisk valde representantane.

# REGLEMENT FOR KONTROLLUTVALET

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Kontrollutvalet har 7 medlemer med varamedlemer valde av kommunestyret.
Minst ein representant bør vere medlem av kommunestyret for å få gjennomgåande representasjon til kommunestyret. Representanten som vert valt til revisjonsstyret bør vere leiar av kontrollutvalet.

Utelukka frå val er:
- ordførar
- varaordførar
- medlem og varamedlem av formannskapet
- medlem og varamedlem av kommunal nemnd med avgjerdsmynde
- tilsette i kommunen, herunder også lærarar i grunnskulen.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar.
Vala gjeld for den kommunale valperioden.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det løpande tilsynet med forvaltninga i kommunen. Kontrollutvalet skal sjå til at revisjonen fungerer på ein forsvarleg måte.

## 3. OPPGÅVER OG RETTAR

Utvalet skal halde seg løpande underretta om verksemda i revisjonen og føre tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og går føre seg i samsvar med gjeldande forskrift og andre reglar.

Utvalet skal gjennom revisor sitt arbeide og eiga vurdering sjå til at forvaltninga av kommunen sine verdiar er forsvarleg sikra ved eit godt internkontroll-opplegg, gje pålegg om at tiltak må gjerast.

Utvalet skal på grunnlag av revisjonen sine rapportar og annan informasjon føre tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande reglar og vedtak.

Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen foreta ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlane med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat.

Utvalet skal sjå til at revisjonen set i verk gransking der dette er vedteke av kommunestyret.

Utvalet skal også sjølv syte for at det blir gjort undersøkingar og granskingar o.l. i samband med mistanke om avvik og misleghald.

Utvalet rapporterer til kommunestyret når det er viktig at dette blir orientert og gitt høve til å drøfte eventuelle tiltak.

Utvalet skal uttale seg i saker om årsrekneskap til kommunestyret før vedtak vert gjort. Utvalet skal ha årsmeldinga før det avgir uttale til årsrekneskapen for kommunen. Kopi av utvalet sin uttale skal formannskapet ha før dei innstiller til kommunestyret om rekneskapen.

Utvalet ser til at postar, disposisjonar og ordningar som ikkje får godkjenning vert følgt opp og brakt i orden.

## 4. MØTA I UTVALET

- Kontrollutvalet gjer vedtak i møte.
- Møta i utvalet vert haldne for opne dører.
- Utvalet skal ha møte på dei tidspunkt som utvalet eller kommunestyret har bestemt, når leiaren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det.
- Innkalling til møte skal til vanleg vere skriftleg og sendt minst 5 dagar før vedkomande møte skal haldast. Saksdokumenta skal sendast medlemer, 1. varamedlem, ordførar og revisor. B-saker skal berre sendast til faste medlemer og revisor.
- Saklista til møtet og andre dokument som ikkje er unnateke frå offentleggjering, skal vere offentlege.
- Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.
  Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til leiaren avgjerande, bortsett frå ved val.
- Utvalet kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak som står på saklista.
  Det kan også gjere vedtak i saker som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene set seg i mot det.
  Ordførar har møte- og talerett.
- Revisor, eller den han gir fullmakt, deltek i møta så sant saka ikkje gjeld dei personleg. Revisor har rett til å uttale seg og kan forlange uttalane protokollert. Forslagsrett har berre dei som er valde medlemer i utvalet.
- Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast alle som får tilsendt innkalling til møta.
- Sekretariatet for utvalet ligg hjå Vest kontroll. Sekretæren har møteplikt og talerett.

## 3. SAKSHANDSAMING

Kontrollutvalssekretariatet syter for saksutgreiing.
Utvalet kan gjere bruk av sakkyndig hjelp når det finn det nødvendig.
Utvalet kan uavhengig av reglar om teieplikt krevje nødvendige opplysningar frå revisjonen og frå andre kommunale organ, og har tilgang til revisjonen og kommunen sine saksdokument og arkiv.

Utvalet kan vidare vende seg til andre offentlege instansar og kommunen sine kontaktar av ulik art i samband med kontrollarbeidet.

Når medlemene i utvalet vender seg til personale i revisjonen skal det skje til revisor, så sant ikkje spesielle tilhøve talar for noko anna.

## 7. TEIEPLIKT - OFFENTLEGGJERING

Medlemene i utvalet og andre møtedeltakarar har plikt til å teie om teiepliktsbelagte opplysningar som vert gitt utvalet sine møte. Utvalet må syte for at rapportar og opplysningar som gir nødvendig grunnlag for sakshandsaminga i andre organ, blir gjort kjent for desse.

Utvalet vurderer sjølv om dokument som kan unntakast frå offentleggjering etter offentleglova likevel bør kunne gjerast kjende.

Rapportane frå kontrollutvalet er offentlege, med mindre utvalet gjer vedtak om noko anna.

## VEDTEKTER FOR UNGDOMSRÅDET

## 1. ARBEIDSOMRÅDE OG MÅLSETJING

1.1 Ungdomsrådet skal vere eit:
- Talerøyr for ungdomen i Volda kommune.
- Organ med avgjersdsrett i utvalde saker.
- Høyringsorgan i kommunale saker som vedkjem ungdom.

1.2 Ungdomsrådet skal freiste å fremje:
- Best mogleg levekår for ungdom
- Større påverknad i saker som vedkjem ungdom
- Auka engasjement i ungdomsgruppa

1.3 Ungdomsrådet skal ha lagt føre seg alle saker som gjeld ungdom sine oppvekstvilkår og andre saker med interesse for ungdom.

1.4 Ungdomsrådet kan på eige initiativ ta opp saker som vedkjem ungdom.

1. 5 Ungdomsrådet skal ha eige budsjett, der midlar skal gå til eigne prosjekt eller som tilskot til andre ungdomsstyrte prosjekt.

1.6. Det skal årleg haldast ein ungdomens spørjetime i kommunestyret.

## 2. SAMANSETJING OG VAL

2.1. Ungdomsrådet skal ha 12 medlemar og like mange personlege varamedlemar. Det skal vere ungdomar mellom 13 og 19 år som er busett i Volda kommune. I tillegg skal rådet ha ein politisk fadder m. vara valt mellom dei faste representantane i kommunestyret.

2.1 Ungdomar med personlege vararepresentantar skal veljast slik:

| | |
|---|---|
| - Elevrådet ved Volda ungdomsskule | 3 representantar (ein frå kvart klassetrinn) med personleg vara. |
| - Elevrådet ved Austefjord skule | 1 representant med personleg vara |
| - Elevrådet ved Folkestad skule | 1 representant med person leg vara |
| - Elevrådet ved Dalsfjord skule | 1 representant med personleg vara |
| - Elevrådet ved Hornindal skule | 1 representant med personleg vara |
| - Elevrådet ved Volda vg.skule | 2 representantar med personleg vara |
| - Elevrådet ved Ørsta vg.skule | 1 representant med personleg vara |
| - Ungdomsklubben | 1 representant med personleg vara |
| - Ungdomar som er innvalde på ope møte | 2 representantar med personleg vara |

Ein bør ha jamn kjønnsdeling mellom representantane.

2.2 Val skal foregå i september, alle representantar vert valde for 2 år.

2.3 Ungdomsrådet konstituerer seg sjølv. Leiar og nestleiar skal veljast mellom ungdomsrepresentantane.

## 3. MØTE

3.1 Ungdomsrådet skal i regelen ha faste møte kvar månad. Leiar kan i samråd med nestleiar og sekretær avlyse eit møte utifrå ei vurdering av behovet for møtet. Leiar har ansvaret for at Ungdomsrådet vert innkalla til møte.

3.2. Rådet skal kallast inn med minst 7 dagars varsel. Saman med møteinnkallinga må saksdokument sendast ut. Unntak er dokument som er viktige for handsaminga, som ikkje er klare på innkallingstidpunktet, saker til eventuelt og referatsaker.

3.3 Rådet kan gjere vedtak når minst halvparten av representantane er tilstades.

3.4. Koordinator/sekretær fører møtebok. Utskrift av protokollen vert sendt til representantane og vararepresentantane, elevråda ved skulane som har representantar i rådet samt til ungdomspanelet.

## 4. ØKONOMI

4.1 Ungdomsrådet får eigne midlar og eige ansvar/teneste under sentraladministrasjonen i kommunebudsjettet kvart år. Naudsynte administrative utgifter, opplæring, samt tilskot til eigne eksterne føremål skal dekkjast av dette budsjettet.

4.2 Ungdomsrådet sine medlemar skal ha dekt utgifter til transport til og frå ungdomsrådsmøta og andre møter/tilsteljingar som dei er valt til å møte på.

## 5. ÅRSMELDING

5.1. Ungdomsrådet utarbeidar kvart år ei melding om verksemda si. Årsmeldinga går inn som ein del av dei andre kommunale årsmeldingane der det er naturleg.

## 6. REVISJON OG GODKJENNING AV VEDTEKTER

6.1 Ungdomsrådet sine vedtekter skal godkjennast av ungdomsrådet og Utval for oppvekst og kultur før dei vert framlagde for formannskap og kommunestyret.

6.2 Ungdomsrådet skal på vårparten kvart år sjå på behovet for revisjon av vedtektene.

# REGLEMENT FOR ELDRERÅDET

## 1. VAL OG SAMANSETJING

Eldrerådet skal ha 5 medlemer med varamedlemer valde av kommunestyret, kommunestyret vel leiar og nestleiar mellom medlemene i eldrerådet.

Følgjande lag og organisasjonar har høve til å kome med forslag om val av personar:

- Volda/Dalsfjord velferdslag for eldre
- Volda pensjonistlag.
- Hornindal og Stryn pensjonistlag

Pensjonistar skal utgjere fleirtalet i rådet. Dei medlemene som ikkje er alderspensjonistar, bør hovudsak hentast frå kommunestyret, formannskapet eller styre.

## 2. ARBEIDSOMRÅDE

Eldrerådet skal vere rådgjevande organ for kommunen i alle saker som vedkjem eldre i samsvar med "Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd" av 8. november 1991. Eldrerådet kan og sjølv ta opp saker som vedkjem eldre i kommunen.

## 3. FASTE UNDERUTVAL/KOMITEAR

**Underutval**

Faste underutval kan opprettast etter ønskje frå eldrerådet. Kvart underutval bør ha minst 1 medlem frå eldrerådet.

Kommunestyret vel medlemer, varamedlemer, leiar og nestleiar i faste underutval.

**Komitear/ad-hoc-utval**

Eldrerådet kan opprette komitear til førebuande handsaming av saker og til å utføre særlege verv (arbeid av forbigåande art), jfr. kommunelova § 10, nr. 5.

## 4. OPPGÅVER OG RETTAR

Eldrerådet har rådgjevande rett i alle saker som vedkjem eldre i kommunen og skal m.a. ha følgjande saker til uttale:

- årsbudsjett
- økonomiplan
- kommuneplanar
- sektorplanar, som skal handsamast i kommunale organ med særleg interesse for eldre.
- alle tiltak/planar i helse- og omsorgsektoren
- bustadprogram
- reguleringsplanar
- samferdslesaker
- kommunikasjonsplanar
- kulturtiltak
- andre kommunale tiltak som vedkjem eldre.

Eldrerådet skal vidare uttale seg før kommunestyret skipar sekretariat, vedtek budsjett for rådet og gjev utfyllande reglar for saksførebuinga i rådet.

Eldrerådet skal levere årsmelding til kommunestyret innan 1. april kvart år.

Eldrerådet har også elles plikt til å uttale seg, når overordna organ bed om det.

## 5. MØTA I ELDRERÅDET

- Eldrerådet gjer vedtak i møte. Elles gjeld reglane i kommunelova § 30 om fjernmøte m.m.
- Møta i eldrerådet er opne, jfr. kommunelova § 31.
- Eldrerådet skal ha møte når leiaren finn det turvande, eller når minst 1/3 av medlemene krev det.
- Innkalling til møte skal til vanleg vere skriftleg og sendt minst 5 dagar før vedkomande møte skal haldast. Saksdokumenta skal sendast medlemer og varamedlemer etter nærare vedtak, samt andre med møterett. I tillegg skal saksdokumenta alltid sendast til varaordføraren.
- Eldrerådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades.
- Rådet kan sjølv ta opp saker dei meiner er viktige for eldre. Referat frå møte skal sendast det kommunale organ som skal behandle saka.
- Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal. Dersom røystetala står likt, er røysta til leiaren avgjerande, bortsett frå ved val.
- Eldrerådet kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak som er sett på saklista.
- Det kan også gjere vedtak i saker som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei møtande medlemene set seg i mot det.
- Ordførar og rådmann har møte- og talerett. Forslagsrett har berre dei som er valde medlemer i rådet.
- Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast alle som får tilsendt innkalling til møta.

## 6. SAKSHANDSAMING

Saker som eldrerådet skal uttale seg i, må vere eldrerådet/sekretariatet i hende i god tid før utval for helse- og omsorg, formannskap eller kommunestyre skal ha sakene føre. Rådmannen er ansvarleg for at sakene er forsvarleg utgreidde, jfr. kommunelova § 23 nr. 2. Eldrerådet og ev. underutval arbeider etter prinsippet om fullført sakshandsaming - dvs. at alle saker skal vere førebudde for endeleg vedtak.

## 7. TEIEPLIKT

Medlemene i eldrerådet er pålagde teieplikt, jfr. forvaltningslova § 13.

# REGLEMENT FOR RÅD FOR LIKESTILLING AV MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

## 1. FORMÅL

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen. Det kan også vere rådgjevar for statlege kontor og andre offentlege instansar på kommunalt nivå.
Rådet arbeider i samsvar med målsetjinga for det statlege ”Rådet for funksjonshemma” for ”like vilkår og full deltaking i samfunnet for menneske med funksjonshemming”.

## 2. SAMANSETJING

Rådet skal ha 5 medlemer: 2 frå kommunestyre, med 3 varamedlemer, 3 frå dei ulike funksjonshemma sine interesseorganisasjonar, med 4 varamedlemer.
Rådet kan, etter samarbeid med administrasjonen, kalle inn nødvendig ekspertise til saker rådet skal behandle.

## 3. OPPNEMNING

Det kommunale Råd for menneske med nedsett funksjonsevne blir oppnemnt av kommunestyret, som også oppnemner leiar og nestleiar. Funksjonstida til rådet følgjer den kommunale valperioden.
Medlemene frå dei funksjonshemma sine interesseorganisasjonar blir oppnemnde etter forslag frå organisasjonane. Dei skal veljast mellom dei fem hovudgrupperingane, rørslehemma, hørselshemma, synshemma, utviklingshemma og skjulte funksjonshemmingar.

## 4. ARBEIDSOPPGÅVER FOR RÅDET

- Rådet skal drøfte saker som er viktige for funksjonshemma
- Rådet bør uttale seg om aktuelle saker som er under arbeid i kommunen. Sakspapira til dei faste kommunale utvale, formannskapet og kommunestyre skal sendast leiar i rådet.
- Rådet kan sjølv ta opp saker dei meiner er viktige for funksjonshemma. Referat frå møte skal sendast det kommunale organ som skal behandle saka.
- Rådet kan drive informasjonsarbeid overfor kommunale organ, statlege kontor, organisasjonar o.a.
- Sakshandsamarane i kommunen pliktar å samarbeide med rådet om saker som er viktige for funksjonshemma i kommunen. Rådet skal sjå til at brukarane sine erfaringar blir tekne md i saksbehandlinga.
- Rådet kan ta initiativ til drøftingar med representantar for offentlege instansar/institusjonar om viktige spørsmål for funksjonshemma.
- Rådet skal levere årsmelding innan 1. april kvart år.

## 5. SEKRETARIAT OG ØKONOMI

Sekretærfunksjonen ligg til servicekontoret. Sekretæren har møte- og talerett. Kommunen dekkjer utgiftene til rådet i samsvar med vedtekne budsjett.
Medlemene av rådet får møtegodtgjersle i samsvar med det kommunale reglement for møtegodtgjersle.

## 6. MØTE

Rådet skal ha møte etter behov, men minst 4 gongar i året. Rådet kan kallast inn når minst 2 av medlemene krev det.
Sekretæren kallar inn til møte i samarbeid med leiar. Møteinnkalling med saksdokumenta skal sendast medlemene og varamedlemene minst 5 dagar før møtet.
Sekretæren fører møtebok. Utskrift av møteboka sendast medlemer, varamedlemer og kommunal administrasjon.
Rådet utarbeider årsmelding som sendast ordførar, rådmann og dei funksjonshemma sine organisasjonar. Rådet sender også årsmelding til fylkesrådet.

Endringar i reglementet kan gjerast av rådet med godkjenning av kommunestyret.

# REGNINGSLINER FOR GRENDAUTVAL I VOLDA KOMMUNE

1. Kommunestyret nemner opp grendeutval i dei krinsane/bygdene som ønskjer det etter tilråding frå bygdamøte/årsmøte og ser til at utvala har breiast mogleg samansetjing. Bygdamøte/årsmøte innstiller om kva grunnkrinsar som grendautvalet skal representere, men slik at alle grunnkrinsar er representert om mogleg. Inndelinga skal godkjennast av kommunestyret. Kvart grendautval bør ha 3 - 7 medlemer aukande med folketalet i krinsane/bygda. Det er opp til det enkelte grendautvalet om dei vil oppnemne varamedlemer. Medlemer og varamedlemer i kommunestyret kan vere medlemer i grendautvala.
2. Grendeutvala si oppgåve er å stimulere til samarbeid og utvikling i grenda, bygge ut kontakta mellom dei folkevalde organa i kommunen og lokalmiljøet i saker som har interesse for grenda, og arbeide for at flest mogleg av sakene kan løysast i fellesskap til beste for grenda.
3. Volda kommune bør:
    a. Invitere grendeutvala til høyring i saker som gjeld grenda spesielt og/eller som har konsekvensar for grenda – spesielt gjeld dette plan- og utbyggingssaker i grenda.
    b. Invitere grendeutvala til aktiv dialog om kommunal verksemd i grenda også sett i høve til det samla tenestetilbodet i området, til dømes barnehage, skule, omsorgstilbod, infrastruktur m.m.
    c. Utnemne ein kommunal kontaktperson sentralt, som grendeutvala kan kontakte i saker. Vedkomande skal også kontakte grendeutvala i saker som gjeld deira interesser, og elles bidra med opplæring, hjelp, organisering m.m. i samband med drifta av grendeutvalet.
4. Grendeutval får ei årleg støtte på:
    - 5.000 kr. i året om grendeutvalet onfattar ein grunnkrins
    - 12.000 kr. i året om grendeutvalet omfattar 2 grunnkrinsar
    - 18.000 kr. i året om 3 eller fleiregrunnkrinsar

    Vilkår for støtte er årsrapport og rekneskap.
5. Grendeutvala kan søkje kommunale utviklingsmidlar for lokale tiltak som er større enn dei som kan løysast lokalt, dette i form av konkrete prosjektsøknader med planar og budsjett. Tiltak som omfattar fleire grender blir prioritert.
6. Kommunen vil halde årleg felles samling med orientering og opplæring for grendeutvala.
7. Kommunen oppmodar grendeutvala om å vere aktivt med i beredskapen i grenda/kommunen, og i tilfelle det blir sett krisestab for hendingar i grenda kan representant for grendeutvalet kallast inn som «kjentmann», og vere ein del av kriseleiinga så lenge «aksjonen» pågår.
8. Grendeutvala står fritt til å ta opp saker sjølve og ta på seg andre gjeremål i krinsen. I viktige saker bør det kallast inn til folkemøte.
9. Frist for innsending av namnelister over medlemer i grendeutvala, prosjektsøknader, årsrapport og rekneskap er sett til 31. mai. Kommunestyret oppnemner grendeutvala på kommunestyremøtet i juni. Støtte blir utbetalt etter kommunestyrevedtaket.
10. Funksjonstida i utvala skal vere 2 år. Vala vert gjort slik at halve utvalet er på val kvart år. Utvala konstituerer seg sjølv.
11. Berre personar over 15 år er røysteføre ved årsmøte i grenda og kan veljast som medlem i grendeutvalet.

# LOKALE RETNINGSLINER FOR BARNEREPRESENTANTEN I VOLDA KOMMUNE

## 1. HEIMEL

I samsvar med § 3.3. i plan og bygningslova skal kommunestyret syte for å etablere ei særskilt ordning for å ivareta barn og unge sin interesser i planlegginga. Kommunen vidarefører ordninga med fast oppnemnt tenesteperson (:barnerepresentant), som skal ivareta barn og unge sine interesser i planarbeid.

## 2. FØREMÅL

Barnerepresentanten skal synleggjere og styrke barn og unge sine interesser i all planlegging og byggesakshandsaming etter plan- og bygningslova. Barnerepresentanten skal som følgje av det ha høve til å setje seg inn i og rett til å uttale seg i dei delane av denne planlegginga og sakshandsaminga. Føremålet er å få omsynet til barn og unge tidleg inn i planlegginga.

## 3. MÅLSETJING

Av overordna mål i kommuneplanen går det fram at ein i kommunen skal arbeide for å betre oppvekstvilkåra for barn og unge ved å leggje til rette gode og trygge oppvekstmiljø, som gjev barn og ungdom høve til sjølvutvikling og utvikling av samkjensle og identitet til heimstaden.

I samsvar med dette kan ein setje opp slike retningsliner for barnerepresentanten:

- sikre gode og trygge oppvekstmiljø gjennom tverrfagleg samarbeid og i samarbeid med lokalbefolkning, frivillege lag og organisasjonar.
- verne om ytre natur- og miljøkvalitetar, kulturminne og leikemiljøet der born bur.
- stimulere til at barn og ungdom kan delta i planlegging som vedkjem oppvekstmiljøet, t.d. ungdomsråd, ungdomen sitt kommunestyre e.l.

## 4. KVEN BØR UTPEIKAST TIL BARNEREPRESENTANT

Den som blir utpeika bør ha/skal vere:

- barnefagleg kompetanse
- eit supplement og ei fagleg styrking av utvalet for å sikre at barn og unge sine interesser blir synleggjort betre
- ein tenestemann som er engasjert i arbeid med barne- og ungdomsplanlegging,
- nærmiljøplanlegging eller anna tverrsektorielt arbeid med tilrettelegging av barn og unge sitt fysiske miljø

Følgjande bør ikkje utpeikast:

Personar som har andre oppgåver i utvalet, t.d. kommuneplanleggar.
Representanten skal ikkje vere eit politisk medlem i formannskapet eller tenesteutval for forvaltning og utvikling.

## 5. VAL/OPPNEMNING

Barnerepresentant med vara skal utpeikast av kommunestyret for 4 år.
I starten av kvar valperiode skal sak om val handsamast, slik at kommunestyret har høve til å stadfeste eller endre valet sjølv om representanten skal vere frå administrasjonen.

## 6. PLIKTAR/RETTAR

Barnerepresentanten har:

- møteplikt, talerett og rett til å kome med forslag.
- Kommunestyret/Formannskapet/Tenesteutval for forvaltning og utvikling står fritt til å avgjere om forslaget skal realitetshandsamast.
- rett til å få protokolltilførslar innført i protokollen.
- som kommunalt oppnemnt, ikkje høve til å klage på vedtak.

## 7. TID TIL FUNKSJONEN

For å utføre arbeidet som ligg til funksjonen som barnerepresentant vert vedkomande frikjøpt inntil 15-20 % av ordinær stilling.

## 8. ARBEIDSOPPGÅVER

Barnerepresentanten skal delta på møta i politiske utval som handsamar saker etter plandelen i plan- og bygningslova.
Barnerepresentanten skal ha tilsendt sakene til møta i tenesteutvala og har høve til å møte i bygningssaker som avvik frå stadfesta plan (dispensasjonssaker), der dette vil ha innverknad på barn og unge sine interesser.
Det skal utarbeidast ei sjekkliste i høve barn og unge til bruk i saksførebuinga i desse sakene i Formannskapet og tenesteutvala.
Barnerepresentanten er med i det administrative "planmøtet", dvs. skal kome inn i planprosessen på eit tidleg tidspunkt.
Barnerepresentanten skal delta på synfaringar og vere med på utgreiingsarbeid der barn og unge sine interesser er sentrale.
Barnerepresentanten har høve til å opprette ei arbeidsgruppe/eit forum, der målgruppa kan kome fram med synspunkt i aktuelle saker.

## 9. ÅRSMELDING

Det skal kvart år leggast fram rapport for kommunestyret om arbeidet til barnerepresentanten.

# ETISKE RETNINGSLINER

## § 1 Kven reglane gjeld for:

Retningslinene gjeld alle medarbeidarane i Volda kommune, dvs. både politikarane (folkevalde) i dei ulike kommunale verva og dei tilsette (arbeidstakarane) i kommunen. Verdiane som gjeld for kommunen, i lag med dei etiske retningslinene, ligg til grunn i all verksemd for å styrke innbyggarane sin tillit til kommunen.

## § 2 Prinsipp – handling og haldning

Det vert lagt stor vekt på prinsippet om heiderleg, ærleg og opa framferd i alt arbeid for Volda kommune. Alle medarbeidarane har ansvar for å etterleve dette prinsippet. Som forvaltarar av fellesmiddel i samfunnet vert det stilt spesielt høge krav til den enkelte sine etiske haldningar i arbeidet for kommunen m.a. ved å:

- Følgje lover, forskrifter og ordningar elles som gjeld for kommunen
- Ta opp tilhøve som ein meiner er feil
- Forvalte kommunen sine ressursar på ein best mogleg måte
- Å vere lojal mot kommunen sine overordna mål
- Å vise endre respekt i omtale og handling

## § 3 Framferd – Informasjon

Volda kommune stiller strenge krav til korleis medarbeidarane opptrer og handlar, slik at ingen skal kunne trekke deira heiderlege framferd i tvil.

I all sakshandsaming og verksemd skal ein leggje vekt på å få fram fullstendig, korrekt og sakleg informasjon for dei avgjerder som skal takast. Informasjon som ikkje er fortruleg skal vere open og tilgjengeleg for alle. Fortruleg informasjon må respekterast og ikkje misbrukast til personleg vinning eller til skade for andre.

Medarbeidarane skal vere klare over at dei dannar grunnlaget for den tilliten og den haldninga som innbyggjarane har til kommunen. Dei skal difor aktivt ta avstand frå og arbeide mot all uetisk forvaltningspraksis.

Alle medarbeidarane i Volda kommune har eit sjølvstendig ansvar for å utnytte arbeidstida effektivt. Medarbeidarane skal opptre lojalt i forhold til arbeidsgjevaren.

Leiarar på alle nivå har eit særleg ansvar for å tydeleggjere og skape aksept for etisk forsvarleg framferd og legge tilhøva til rette slik at dette kan etterlevast.

Mynde som blir gitt gjennom tillitsverv eller stilling skal ein bruke til føremålet. Mynde skal ikkje brukast form å oppnå personleg vinning eller for å fremme personlege interesser. Mynde skal brukast med særleg varsemd overfor dei som har små ressursar og som ikkje kan hevde sin rett.

§ 4 Økonomiske og andre fordelar – interessekonflikt

I all saksførebuing og verksemd elles skal ein leggje vekt på å ha ei fri og uavhengig stilling. Økonomiske fordelar eller andre interesser som kan virke inn på eller så tvil om at sakshandsaming og avgjerder er saklege, skal ein unngå og ein skal melde frå om dette til overordna. Lovreglane om habilitet skal praktiserast strengt.

Døme på slike moglege interessekonflikter kan vere:

- Forretningsmessige tilhøve til tidlegare arbeidsgjevarar eller arbeidskollegaer.
- Løna bistilling/ekstraarbeid som kan påverke vedkomande sitt arbeid i kommunen.
- Engasjement i interesseorganisasjon eller politisk verksemd som kan fi innverknad på den enkelte sitt arbeid i kommunen.
- Personlege økonomiske interesser som kan føre til at vedkomande medarbeidar kjem i ein konkurransesituasjon eller lojalitetskonflikt i forhold til kommunen si verksemd.
- Familiære og andre nære sosiale hopehav.

Tilsette i Volda kommune pliktar å gje arbeidsgjevar melding om bistillingar vedkomande har eller seinare påtek seg.

## § 5 Teieplikt

Samtlege medarbeidarar i Volda kommune er med heimel i forvaltningslova § 13 pålagt teieplikt.

Teieplikta gjeld også etter at vedkomande har avslutta tenesta eller arbeidet. Han/ho kan heller ikkje utnytte opplysningar, som det er teieplikt for, i eiga verksemd eller i teneste / arbeid for andre. I tillegg til reglane i forvaltningslova om teieplikt gjeld reglar i ulike særlover.

Leiarar er ansvarleg for at tilsette underteiknar skjema/fråsegn for teieplikt og lage nærare rutiner for dette innanfor sin sektor. Utvalsleiarane er ansvarlege for at dei folkevalde underteiknar skjema for teieplikt i starten av kvar valperiode.

# §6 Gåver og bruk av kommunale ressursar

### a) Personlege fordelar - gåver

Medarbeidarane i kommunen skal unngå personlege fordelar som er av ein slik art at dei kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak.

Dette gjeld likevel ikkje gåver av ubetydeleg verdi, så som reklamemateriell, blomster o.l. Gåver omfattar ikkje berre materielle gjenstandar, men også andre fordelar, t.d. i form av personlege rabattar ved kjøp av varer og tenester.

Tilbod om "gåver" for å ta eit bestemt standpunkt i ei sak skal ein avslå og rapportere via næraste overordna til rådmann/ordførar og kommunerevisjonen.

Ved tilbod om gåver o.l. som har eit slikt omfang at dei går ut over desse retningslinene, skal ein kontakte næraste overordna. Mottekne gåver skal returnerast til avsendar saman med eit brev som gjer greie for kommunen sine reglar om dette.

### b) Representasjon - reiser

Enkle former for gjestfridom og representasjon høyrer med i samarbeidsforhold og informasjonsutveksling. Graden av slik merksemd må imidlertid ikkje utviklast slik at den påverkar avgjerdsprosessen eller kan gje andre grunn til å tru det. Invitasjon til middag/lunsj arrangert av leverandørar / potensielle leverandørar skal avklarast med næraste overordna.

Reiseutgifter i tenestesamanheng skal dekkast av kommunen. Unnatak frå dette prinsippet kan berre skje etter særskilt vedtak slik:

- Reiser betalt av potensielle leverandørar i samband med innkjøp, må rapporterast til rådmannen som avklarar med politisk organ.
- Andre tenestereiser som vert betalt av andre, må avklarast med kommunalsjef.

Slike reiser skal ha ei klar fagleg forankring, og må ikkje ha karakter av rein "kundeoppfølging" eller kome i konflikt med Straffelova sine korrupsjonsreglar.

### c) Bruk av maskiner/utstyr

Bruk av kommunen sine maskiner, bilar, telefonar og anna utstyr kan berre skje i samsvar med fastsette retningsliner.

## § 7 Avvik frå retningslinene/rapportering

Avvik eller mistanke om avvik frå desse retningslinene skal rapporterast til næraste overordna, som tek saka opp med utvalsleiar, ordførar / kommunalsjef, rådmann. Oppfølging av slike saker skal rapporterast skal skje i samsvar med til kvar tid gjeldande lovverk og kommunen sine eigne retningsliner.

## § 8 Ansvar for oppfølgjing

Leiarar på alle nivå har eit særleg ansvar for å følgje opp at medarbeidarane er kjent med og held seg til dei etiske retningslinene i kommunen.

Ein kvar medarbeidar i Volda kommune skal informere og søkje råd hjå næraste overordna i saker som kan ha innverknad på den respekt og tillit kommunen har i ulike samanhengar.

NOTAT TIL FELLESNEMNDA – LIKE VEGNAMN I HORNINDAL OG VOLDA KOMMUNAR

Vi vil med dette notatet informere Fellesnemnda for Nye Volda kommune om stoda, og om vidare saksgong. Prosjektleiaren i Nye Volda ynskjer at dette notatet vert lagt fram som ei orienteringssak for Fellesnemda, slik at de er informert om prosessen vidare framover.

Administrasjonen i Hornindal og Volda kommunar har i utgongspunktet ikkje visst at vi hadde så mange vegnamn som var såpass like. Etter å ha fått ein rapport frå Kartverket Molde, har vi hatt eit felles arbeidsmøte i administrasjonen som avdekka fleire likskapar.

Konklusjonen til administrasjonen er at desse vegnamna må vi fordele, men det er vanskeleg å finne ein felles utvelgingsfaktor. Nokre vegar har klart fleire adressatar. Nokre vegar har eksistert lenge og er veletablerte. Vi har difor kome til at vi må ta ca. halvparten av jobben med omadressering kvar.

Under er lista opp vegar med «like» vegnamn i dei to kommunane:

| Volda | Hornindal | Merknad |
|---|---|---|
| Dalevegen (15) | **Dalavegen** (98) | Hornindal klart flest adressatar |
| *Grendavegen (29)* | ***Grendavegen** (59)* | *Hornindal klart flest adressatar* |
| Haugevegen (23) | Haugen (16) | Kven må omadressere? |
| Hjellbakkane (2) | **Hjellbakkevegen** (19) | Hornindal klart flest adressatar |
| *Kvivsvegen (5)* | *Kvivsvegen (10)* | *Planlagt, ingen like husnr. men ulik nr.tildeling* |
| ***Lidavegen** (38)* | *Lidavegen (22)* | *Volda klart flest adressatar* |
| Lønnevegen (49) | Lønnsvegen (18) | Kven må omadressere? |
| ***Nygardsvegen** (8)* | *Nygardsvegen (5)* | *Volda, etablert omr. gml. adr.* |
| *Ospelida (4)* | *Ospelida (6)* | *Kven må omadressere?* |
| **Raudemyrvegen** (20) | Raudemelvegen (4) | Volda klart flest adressatar |
| *Sanden (5)* | ***Sanden** (19)* | *Hornindal klart flest adressatar* |

Vegnamn i kursiv har heilt lik skrivemåte.
Vegnamn i fet skrift er namna vi føresler skal eksistere.
Tal i parantes bak vegnamn er tal adressatar langs vegparsellen.

Etter vår oppfatning må Volda skifte namn på minst 3 vegar (Dalevegen, Grendavegen, Hjellbakkane), og det same gjeld for Hornindal (Lidavegen, Nygardsvegen, Raudemelvegen).

Når det gjeld vidare saksgong, har vi eit forslag:

- Kommuneadministrasjonen kjem opp med forslag til nye vegnamn
- Nytte vegnamn som er har godkjent skrivemåte for å unngå namnesaker
- Sak til utvala i dei respektive kommunane om å legge vegnamna ut på høyring
- Etter høyringsfristen, ta stilling til evt. innkomne merknadar eller nye forslag
- Sak til utval og kommunestyre om vedtak av nye vegnamn (før sommarferien?)

15.02.2018, Anita Brenna Muldsvor, Utviklingsetaten, Hornindal kommune

# VOLDA KOMMUNE
## Rådmann

Kommunal og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep

0032 «POSTSTED»

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2016/2100 | 16058/2017 | 060 | ADM/ RUNSJU | 12.12.2017 |

**SØKNAD OM DELTAKING I PARTSSAMARBEID OM DIGITAL KOMPETANSE**

Eg syner til invitasjon til partssamarbeid om digital kompetanse i kommunane, datert 20.11.17.

Volda kommune (ca 9100 innbyggjarar) og Hornindal kommune (ca 1200) innbyggjarar skal slå seg saman og verte ein ny kommune frå 2020. Kommunen skal heite Volda.

Kommunane er godt i gang med samanslåingsprosjektet. Samordning og samanslåing av enkelte tenesteområde skjer allereie også før den nye kommunen trår i kraft. Dette gjeld mellom anna barnevern. Fellesnemnda har vedteke tre satingsområde for den nye kommunen. Dette er sysselsetting, digitalisering og kompetanseutvikling. Det vert vist til politisk sak 29/17 for nærare informasjon om desse satsingane. Partssamarbeidet er kjem i rett tid for Volda og Hornindal, og treffer midt i blinken i høve til satsingane digitalisering og kompetanseutvikling.
Fellesnemnda har i orienteringssak 23/17 bedt rådmannen i Volda/prosjektleiar for samanslåingsprosjektet sende søknad om deltaking i partssamarbeidet om digital kompetanse.

Vi har oppretta eiga stilling som prosessleiar for digitalisering. Stillinga har vore utlyst, og den som er tilsett startar 1. mars. Budsjettet til nye Volda (samanslåingsprosjektet) følgjer opp satsingane. Prioritert satsing på digitalisering er digital velferd og digital undervisning, jfr politisk sak 35/17 som følgjer vedlagt. Dette vert også følgt opp i kommunebudsjetta for Hornindal og Volda med investeringar innanfor IKT og digitalisering.

Volda kommune har investering i iPad-ar i småskulen og skal over på denne plattforma på ungdomssteget i 2018. Dette vert også sett i samanheng med utvikling av undervisning og administrative rutinar med innføring av skuleadministrativt program i 2018. Dette vert vidare sett i samanheng med utvikling av undervisninga og skuleadministrasjonen i ny felles kommune der ein kan forsere dette før samanslåinga. Hornindal har nyleg gjennomført anskaffing av ny læringsplattform, mellom anna med mål å gje føresette eit digitalt fyrsteval for kommunikasjon i heim-skule-samarbeidet.

Volda kommune er tilslutta interkommunalt samarbeid for innføring av velferdsteknologi på Sunnmøre, ALV-samarbeidet. Dette er eit utviklingssamarbeid der ein får tilgang til kunnskap og erfaringar, samt samarbeid om felles innkjøp. Samarbeidet har også fått statlege midlar frå

Postadresse: Stormyra 2 6100 Volda | postmottak@volda.kommune.no | Telefon: 90053752 | www.volda.kommune.no | Org. nr: 939 760 946 | Bankgiro: 3991.07.81727

Fylkesmannen i Møre og Romsdal til prosjektleiing. Likeins er det for Hornindal i Sogn og Fjordane.
Intensjonen er at prosessane med velferdsteknolog vert samordna med Hornindal, og at desse to samanslåingskommunane samordnar innføring av velferdsteknologi allereie før den nye kommunen kjem i drift.

I budsjettet til både Hornindal og Volda er det for 2018 innarbeidd tilslutning til det nasjonale digifondet for å dra nytte av nasjonale prosjekt for utvikling av digitalisering.

Volda er med i interkommunalt samarbeid om IKT drift og digitalisering saman med dei seks andre kommunane på Søre Sunnmøre. Dette er eit samarbeid etter § 27 i kommunelova med eige styre der all drift er samordna gjennom dette selskapet (SSIKT). Det er teke initiativ til dialog med andre Sunnmørskommunar og kommunane i Nordfjord for å drøfte ev utvida samarbeid. SSIKT har under utarbeiding digitaliseringsstrategi som ei operasjonalisering av regjeringa sin eigen strategi i Stortingsmelding nr 27 (2015 – 16) Digital agenda for Norge, samt KS sin digitaliseringsstrategi. Strategien skal handsamast i styret for SSIKT og kommunestyra etter nyttår. Det vert parallelt arbeidd med handlingplan for å prioritere digitaliseringsprosjekt gjennom dette kommunesamarbeidet.

Hornindal har samarbeidsavtale om eForvaltning (organisasjon/digitalisering/IKT) og samarbeid om IKT-drift (Nordfjordnett - §27 KL) med dei seks andre kommunane i Nordfjord. Hornindal har ein politisk vedteken digitaliseringsstrategi (2016-2020) og har porteføljar for prosjekt og tiltak for digitalisering og IKT. Hornindal har saman med dei andre Nordfjordkommunane, ei investeringsramme for digitalisering av tenesteproduksjon og tenesteleveranse på fem millionar for 2018. Det blir no jobba med prioritering av prosjekt og tiltak innfor den ramma, og samanslåinga med Volda blir teke omsyn til slik ein får den best mulig effekten av investeringar for den noverande og framtidige kommunen.

Søknad om å deltaking i partsamarbeid om digital kompetanse er teke opp med hovudtillitsvalte samanslåingsprosjektet. Det er også fokus på digitalisering gjennom eit eige demokratiprosjekt i regi av Sunnmøre regionråd, der politikarar frå Hornindal og Volda deltek i eit politisk kompetanseprogram. Det vil vere svært nyttig med eit trepartssamarbeid for bygging av felles kompetanse mellom politikarar, leiing og tillitsvalte i samband med det digitale skiftet og dei digitale satsingane som nye Volda står overfor, og som Hornindal og Volda også må drifte til den nye kommunen er etablert.

Med helsing

Rune Sjurgard
Rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*

Kopi til:
Fellesnemnda
HTV i Volda og Hornindal

# VOLDA KOMMUNE
## Rådmann

«MOTTAKERNAVN»
«KONTAKT»
«ADRESSE»
«POSTI «POSTSTED»
»

| *Arkivsak nr.* | *Løpenr.* | *Arkivkode* | *Avd/Sakshandsamar* | *Dato* |
|---|---|---|---|---|
| 2017/1490 | 14991/2017 | 144 | ADM/ JOAROD | 21.11.2017 |

**MELDING OM POLITISK VEDTAK - STRATEGISKE SATSINGAR NYE VOLDA - ENDELEG HANDSAMING**

Vi melder med dette frå at Fellesnemnd for nye Volda kommune den 16.11.2017, hadde føre ovannemnde som sak PS 29/17, der det vart gjort slikt vedtak:

***Fellesnemnda vedtek sysselsetting, digitalisering og kompetanseutvikling som strategiske satsingsområde som sentrale i kommunesamanslåingsprosjektet:***

Sakutgreiinga med vedlegg følgjer vedlagt.

Ettersom dette er eit enkeltvedtak som kan klagast på i høve forvaltningslova, legg vi ved skjema med meir opplysningar om klagefrist m.m.

Volda kommune, samfunn og rådgjeving

Joakim Rødven
sekretær
*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*


| Postadresse: | postmottak@volda.kommune.no | | www.volda.kommune.no | |
|---|---|---|---|---|
| Stormyra 2 | Telefon: | Telefaks: | Org. nr: | Bankgiro: |
| 6100 Volda | | 70058701 | 939 760 946 | 3991.07.81727 |

# SAKSDOKUMENT

| Sakshandsamar: | Rune Sjurgard | Arkivsak nr.: | 2017/1490 |
